

**From:** Smedstad, Ingrid[ingrid.smedstad@ra.no]

**Sent:** 23.02.2022 14:20:32

**To:** Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]

**Cc:** post@vlfk.no[post@vlfk.no]

**Subject:** Høyring av Dalsfjorden marine verneområde. Kulturmiljøinteresser

Vi viser til høyring av eit framlegg om vern av Dalsfjorden marine verneområde i medhald av naturmangfaldlova § 39. Verneområdet gjeld Dalsfjorden i kommunane

Askvoll, Fjaler og Sunnfjord.

Vestland fylkeskommune, som og er på høyringslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker.

Riksantikvaren viser til kulturmiljøforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar ikkje saka.

Vennleg helsing

***Ingrid Smedstad***

Seniorrådgiver

Seksjon for fredning og verneplaner

Kulturminneavdelingen

Riksantikvaren

Tlf.: +47 98202821

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)



**From:** Gunn Sandvik[Gunn.Sandvik@NGU.NO]  
**Sent:** 02.03.2022 11:11:04  
**To:** Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
**Subject:** To høringsbrev - Høring av marin vern i Dalsfjorden  
NGU, Trondheim 2.3.2022,

Statsforvalteren i Vestland har lagt ut to brev på Altinn: «Høyring av marin vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar», datert 16.2.2022, samt et høringsbrev til: «Høyring av Dalsfjorden marine verneområde – følgjebrev».

***Er dette to forskjellige høringer ?***

Med vennlig hilsen  
Gunn Sandvik  
arkivleder



Gunn Sandvik  
Økonomi og Administrasjon  
Postboks 6315 Torgarden  
7491 Trondheim  
Besøksadresse  
Leiv Eirikssons vei 39,  
7040 Trondheim  
E-post: [gunn.sandvik@ngu.no](mailto:gunn.sandvik@ngu.no) / [ngu@ngu.no](mailto:ngu@ngu.no)



Hei,

Dette er same høyring du spør om, ja. Fordi vi hadde tekniske utfordringar i utsendinga, måtte vi sende ut dokumentet på nytt.

Med vennleg helsing  
Maria Knagenhjelm

**From:** Maiken Holst[maiken.holst@museumvest.no]  
**Sent:** 08.03.2022 12:55:02  
**To:** Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Høyring av marin verneframlegget for Dalsfjorden marine verneområde. Forholdet til marine kulturminne.  
Dykkar ref.: 2019/12618

## **Vedr. Høyring av verneframlegget for Dalsfjorden marine verneområde. Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser til e-post motteke 09.02.2022

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet stiller oss framleis positive til forslaget om marine verneområde ved Dalsfjorden i Askvoll kommune, og dei effektane dette vil ha på dei marine natur- og kulturmiljø i områda. Medan dei foreslårte verneforskriftene ikkje hindrar tiltak i områda blir det fortsatt aktuelt for museet å utføre fleire registreringar i områda i forbindelse med planarbeid eller tiltak i framtida.

Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

**Maiken Holst | Bergens Sjøfartsmuseum**  
**Marinarkeolog | + 47 55549607**  
[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)

MOTTATT

Ariel Seafood as

Pb111  
6963 Dale

21 MARS 2022

Leikanger  
Statsforvaltaren i Vestland

**Uttale/kommentar til framlegg om verneplan for Dalsforden frå Nishammaren og innover.**

Ariel Seafood as har dreve med skjelldyrking i Dalsfjorden sidan 2001 med 2 konsesjonar innafor verneområdet. Komersiell skjelldyrking har sidan oppstarten midt på 80 talet vore underlagt eit omfattande kontrollregime pga faren for giftige skjell.

Vi har difor, først i regi av Fiskeridirektoratet, deretter i samarbeid med fylkeskommunen og dei siste 10 åra har Mattilsynet hatt ansvaret for ei omfattande prøvetaking.

Kvar veke har vi vore på sjøen i ca 10mnd kvart år og teke vassprøver der algesamansetting, og innhalder av E colibakteriar vert analysert.  
I tillegg har det vore same prosedyre på Dalsfjordskjell sitt anlegg utanfor vernesona.

Ein gang pr. mnd tek vi prøver av skjell som vert sendt til analyse for td.innhald av gift, tungmetaller etc.

Vassøyla i Dalsfjorden mellom 0m-10m er difor ein av dei mest overvaka og kontrollerte på Vestlandet.

Vi ser ingenting igjen av denne kunnskapen i høyringsuttalen.

Derfor vil vi gjerne kommentere nokre postulat i høyringsutkastet.

**❖ “Dalsfjorden er lite påvirka av utbygging og ureinning”**

Våre vassprøver gjennom 20år indikerer det stikk motsette. Avrenning frå landbruk ( gylling) er så stor at det kvart år i ein ca 3 vekers periode vår og haust vert påvist e-coli bakteriar i stor mengder. Dette er bakteriar som lever i og av avføring frå mennesker og dyr.

Skjell kan ikkje haustast til konsum i desse periodane. Tendensen er at avrenning/forureining aukar.

Vi har ikkje kunnskap om at det langs fjorden er kloakkreinseanlegg med biologisk reinsing. Uten biologisk reinsing går næringstoffa rett på fjorden.

Nå kan store blåskjellanlegg fungere som reinseanlegg sidan maten i eit skjell (ca 10-20g) har forbrukt ca 1kg planteplankton (vokse opp på avrenning av gylle). Skjella vert hausta mellom 2-3 år gamle.

Vi har difor gjennom 20 år reinsa fjorden for fleire 100tonn med plantemateriale som i stor grad har grodd fram på gjødsling frå land.

Dette er tilhøve som kan utnyttast til auka skjellproduksjon og som reinseanlegg for andre akvanæringer som kanskje kan etablerer seg i fjorden

Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve.

Som alle terskelfjordar på Vestlandet med stort tilsig av ferskvatn i indre del har Dalsfjorden ein netto utgåande ferskvatnstraum på overflata og ca. 50cm ned. Denne vert kompensert med inngåande tungt /salt havvatn langs botn. Pga fleire mindre tersklar innover vert det fleire basseng med varierand straumsituasjoner på forskjellige djup.

#### ❖ **Dalsfjorden er mykje reinare no enn før**

**Påstanden er ikkje dokumentert og vi har i ovanstande klart vist at det ikkje er rett.**

Vi har kontakt med svært mange lokale hobbyfiskarar og dei hevder utan unntak at det er mykje mindre fisk i Dalsfjorden no enn for 15-20 år sidan.

Rett nok er det det komersielle turistfiske som får litt av skylda, men sidan dette berre foregår med stang og snøre er det neppe mogeleg å fiske fjorden "tom" med slik reidskap.

Men for å sikre seg at det berre vert brukt lovleg sportsfiskarutstyr kan ein i samband med verneplan kanskje ha stikkontroller av denne aktiviteten.

Nedgang i tradisjonell fiskebestand er ikkje spesielt berre for Dalsfjorden. Til og med den langt større Oslofjorden er i same situasjon.

**Der er dei klare på årsaken: stadig aukande forureing frå land.**

## **Verneplan generelt.**


**Vi stiller oss i utgangspunktet positivt til verneplan for indre Dalsfjord.**

Men den må bygge på aktuell kompetanse, og eit mål om å gjenoppbygge Dalsfjorden som eit godt område for friluftsliv og hobbyfiske i tillegg til dei dokumenterte verneverdiar.


Verneplanen må heller ikkje få ei slik utforming at den hindrar utnytting av fjorden til næringsverksem, så lenge denne verksemda ikkje forureiner fjorden eller øydelegg miljøet for dei dokumenterte verneverdiane.

**Arbeidet med å stoppa/redusere tilsiget frå land må prioriterast.**

Dale 16.03.22

  
.....  
Roald Hovland  
Styreleiar

  
.....  
Jostein Sylta  
økonomileiar

  
.....  
Arnulf Elle  
driftsleiar



**Statens vegvesen**

**MOTTATT**

**31 MARS 2022**

**Leikan  
Statsforvaltaren i Vestland**

Statsforvalteren i Vestland  
Statens hus  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Torbjørn Hasund / 93004685 22/33476-3 2019/12618 28.03.2022

## Svar til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Vi viser til brev datert 17.02.2022.

Statsforvaltaren i Vestland har sendt på høyring framlegg om Dalsfjorden marine verneområde. Forslaget om marint vern i Dalsfjorden er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur.

### Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretakne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennlig transportsystem.

Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmyndighet med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss høve til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.

### Statens vegvesen si uttale i saka

Det er ikkje riksvegar ved Dalsfjorden. Vestland fylkeskommune som vegeigar vil kunne ha merknader til eventuelle verknader vernet vil ha for fylkesvegane ved fjorden. Vernet vil heller ikkje kome i konflikt med vårt sektoransvar.

Vi har difor ikkje merknader til høyringa.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

8721

87#569-db061dc7-ab7d-4e8e-8489-614430638e53

Transport vest – transportforvaltning 1  
Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Fra: Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
Sendt: 06.04.2022 09:11:42  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Tittel: VS: Høyring av Dalsfjorden marine verneområde

---

**Frå:** Solfrid Trå <[Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no](mailto:Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no)>  
**Send:** tirsdag 29. mars 2022 10:50  
**Til:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>  
**Kopi:** Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy <[Anne-Grete.Nuttingnes.Rognsoy@sunnfjord.kommune.no](mailto:Anne-Grete.Nuttingnes.Rognsoy@sunnfjord.kommune.no)>  
**Emne:** SV: Høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Hei

Syner til høyringsbrev, ref. 2019/12618, datert 17.02.2022, og møte i mars.

Sunnfjord kommune ber om utsett frist på høyringa til 1. mai 2022, for å kunne samordne innspel frå aktuelle administrative einingar og handsame saka politisk i april.

Med vennleg helsing

**Solfrid Trå**  
**Rådgjevar idrett og friluftsliv**  
Tlf: +47 976 23 098

**Sunnfjord kommune**  
Sentralbord: +47 57 72 20 00  
[www.sunnfjord.kommune.no](http://www.sunnfjord.kommune.no)

E-postar som vert ein del av vår saksbehandling eller har verdi som dokumentasjon, vil bli registrert i vårt saksbehandlingssystem og arkivert der. Treng du å sende sensitive opplysningar til oss, kan du nytte skjema her: [Elektronisk skjema for sensitive opplysningar](#)

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria [<mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no>]  
**Sendt:** onsdag 16. februar 2022 15:05  
**Emne:** Høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Hei

Vi jobbar no med utsending av høyringa for Dalsfjorden:

[Høyring av Dalsfjorden marine verneområde | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Vi kan snakkast om eventuelle møte i høyringsperioden?

Det hadde vore flott om de ville lenke til denne på kommunen sine heimesider.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon 57 64 31 37

: 93 66 42 56

Mobil: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

E-post: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

Web:



Statsforvalteren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Dato: 11.04.2022  
Vår ref: 17/03336-7  
Dykkar ref: 2019/12618

## **Fråsegn til høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar**

**POST- OG BESØKSADRESSE**  
Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** +47 73 90 46 00  
**E-POST** post@dirmin.no  
**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883  
**SWIFT** DNBANOKK  
**IBAN** NO5376940505883  
**ORG.NR.** NO 974 760 282  
**SVALBARDKONTOR**  
**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 16. februar 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekommstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

### **Om sak**

Statsforvaltaren i Vestland sender eit framlegg om Dalsfjorden marine verneområde på høyring. Forslaget om marint vern i Dalsfjorden er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.

### **Fråsegn frå DMF**

DMF ga fråsegn til varsel om oppstart av verneprosessen 12. februar 2018. Forslaget til verneforskrifta legg ikkje nye restriksjonar på ferdsel gjennom området, og endrar difor ikkje føresetnadene for uttransportering av massar frå uttak i drift som kan bli påverka av verneforslaget. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i området sidan dette. DMF har dermed ikkje merknadar til høyring av marint vern i Dalsfjorden.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Henning Sigstad  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Henning Sigstad

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestland      Njøsavegen 2      6863 LEIKANGER

Kopi til:



KYSTVERKET

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Deres ref.: 2019/12618      Vår ref. 2022/776-3      Arkiv nr.      Saksbehandler Håkon Aamodt      Dato 20.04.2022

## Uttale til marin verneframlegg for Dalsfjorden marine verneområde

Vi viser til deres oversendelse datert 16.02.2022 vedrørende overnevnte.

Det kommer frem av mottatt informasjon at det er ønske om opprettelse av et nytt marint verneområde i deler av Dalsfjorden i medhold av § 39 i Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). Kandidatområdet befinner seg i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommuner i Vestland fylke.

Det kommer frem at formålet med vern av Dalsfjorden er å ta vare på en særegen og avskjermet fjord med både representativ, sjeldent og sårbar natur. Det er en målsetting å holde verneverdiene uten større grad av ytre påvirkning. Området skal også kunne virke som referanseområde for forsking og overvåkning. Dalsfjorden innehar gode beite- og oppvekstområder for en rekke marine arter og anses derfor som økologisk viktig.


### Kystverket

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerhet og beredskap mot akutt forurensning. Kystverket arbeider for en effektiv og sikker sjøtransport gjennom å ivareta transportnæringens behov for fremkommelighet og effektive havner. Kystverket deltar i planmedvirkning og utøver myndighet etter havne- og farvannsloven.

Havne- og farvannsloven (2019) har som formål å fremme sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig drift av havn og bruk av farvann, samtidig som det skal tas hensyn til et konkurransedyktig næringsliv. Kystverket skal ivareta disse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

### Kystverkets innspill

Kystverket stiller seg positiv til vern av deler av Dalsfjorden. Innenfor foreslått verneområde er Kystverket eier og driver av navigasjonsinnretninger. Innretningene er etablert for å trygge ferdseilen på sjø, og redusere risikoen for akutt forurensning.



Kystverket gis rett til ferdsel i forbindelse med nødvendig drift og vedlikehold av navigasjonsinnretninger innenfor verneområder i verneforskriften jf. § 4 bokstav h. Dette er viktig siden vedlikehold er nødvendig for at navigasjonsinnretningene skal gi den sjøsikkerheten de er ment å gi.

Det kan oppstå behov for å endre på eksisterende navigasjonsinnretninger eller å etablere nye. Dette kan f.eks. være aktuelt for å oppnå bedre merking, merking av hindringer som ikke tidligere er merket og tilpasning til endringer i standarder for utforming av slike installasjoner. Oppdatert og god merking kan være viktig for å unngå uønskede hendelser, med de konsekvenser det kan ha for de naturverdiene som omfattes av verneforslaget.

Etablering av nødvendige navigasjonsinstallasjoner forutsetter dispensasjon etter foreslått verneforskrift § 5 bokstav a. Det er Kystverket som i dag har ansvaret for å vurdere behovet for å etablere nye navigasjonsinnretninger i farvannet, jf. havne- og farvannsloven § 10. For slike tiltak bør det ikke etableres et ekstra forvaltningsnivå, der det tillegger «Forvaltingsstyresmakta» å vurdere om en nødvendig navigasjonsinnretning kan etableres.

Forslaget til verneforskrift § 4 bokstav h bør derfor endres slik at også fjerning, nyetablering og endring av navigasjonsinnretninger er tillatt. Bestemmelsen bør videre endres slik at den gjelder både farvannsskilt og navigasjonsinnretninger. Kystverket mener at nyinstallasjoner og endringer bør kunne tillates da dette kan være med på å redusere risikoen for uhell i et slikt sårbart område. Om begrepet «navigasjonsinnretninger», Prop. 86 L (2018-2018) til § 10.

Foreslått ordlyd § 4 bokstav h: (Generelle unntak fra vernereglane) Oppføring, fjerning, drift og vedlikehold av navigasjonsinnretninger og farvannsskilt.

Kystverket har ingen ytterligere innspill til vernefremlegget.

Informasjon om farleder, sjøtrafikk, kystinstallasjoner mv. er tilgjengelig og kan lastes ned fra Kystverkets kartverktøy, [www.kystinfo.no](http://www.kystinfo.no), [www.kystdatahuset.no](http://www.kystdatahuset.no) og [www.barentswatch.no](http://www.barentswatch.no).

Med hilsen

Jan Morten Hansen  
avdelingsleder

Håkon Aamodt  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Idrett og friluftsliv



Vår ref 20/13041-4  
Dykkar ref 216d1004-eb7b-  
4820-9cce-  
c5fc1797b0c6  
Saksbehandlar Solfrid Trå  
Dato 21.04.2022

Statsforvaltaren i Vestland,  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

## **Fråsegn frå Sunnfjord kommune - høyring av Dalsfjorden marine verneområde**

Utval for samfunn, kultur og næring har i møte 20.04.2022 behandla sak 022/22 «Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde», og der vart det gjort slikt vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av Dalsfjorden marine verneområde vert vurdert i det vidare arbeidet med vern jf. saksutgreiing 08.04.2022.

Med helsing

Solfrid Trå  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*



# Sunnfjord kommune

ArkivsakID: 20/13041

JournalpostID: 22/26696

Saksbehandlar: Sofrid Trå

Dato: 08.04.2022

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/22	Utval for samfunn, kultur og næring	20.04.2022

### Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

#### Vedtak i Utval for samfunn, kultur og næring 20.04.2022:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av Dalsfjorden marine verneområde vert vurdert i det vidare arbeidet med vern jf. saksutgreiing 06.04.2022.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av Dalsfjorden marine verneområde vert vurdert i det vidare arbeidet med vern jf. saksutgreiing 08.04.2022.

---

### Samandrag

Sunnfjord kommune har innspel til høyring av Dalsfjorden marine verneområde. Størstedelen av føreslått verneområde ligg innanfor våre kommunegrenser, og vil legge føringar på nye tiltak i sjøstrandsona. Vernet påverkar i liten grad eksisterande installasjonar og bruk.

Sunnfjord kommune ser at Statsforvaltaren har teke omsyn til mykje av innspela som kom i samband med oppstartsmeldinga i 2017, men har likevel nokre innspel til forskrifta, verneområdegrenser og brukarinteresser.

Sidan det er mange verdfulle grunne område innan våre kommunegrenser, vil ein god del private eigedomar bli påverka i vår kommune. Difor er ikkje hovudregelen i Sunnfjord kommune at grensa mot land går langs eigedomsgrensa (djupnekote 2 m under sjøkartnull), det er heller unntaket.

Forskrifta er for lite presis på enkelte punkt, på kva tiltak som blir lov og kva som må ha dispensasjon, t.d. mudring i samband med båtstø. Kommunale avlaups- og vassleidningar i fjorden er ikkje omtala, og vi ber om at desse vert rekna som sjøkablar. Vi ber om at forskrifta vert tydlegare og påpeikar samtidig at det er viktig å få på plass ein forvaltningsplan i etterkant av vernevedtak. Forvaltningsplanen vil klargjere verneforskrifta, og gje tydlegare føringar for handsaming av tiltak i sjø etter andre lovverk, t.d. flytebrygger, forankring og mudring.

Sunnfjord kommune er i gang med ny arealDEL til kommuneplanen. Sidan vernet kjem før denne er ferdig, er det usikkert om enkelte næringsareal frå kommunedelplan for næring og industri 2012 (tidlegare Gauldalskommune) kan vidareførast i den nye arealdelen.

For dei aller fleste som nyttar Dalsfjorden i dag vil vernet få liten eller ingen verknad. Det marine vernet vil ikkje medføre ferdelsrestriksjonar. Normal friluftsaktivitet vil ikkje vere i strid med verneføremålet, der fritidsfiske og ferdslle med båt vil kunne fortsetje uavhengig av eit vern eller ikkje

## Bakgrunn for saka

Dalsfjorden er ein smal fjordarm i Sunnfjord omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn i Dalsfjorden, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Føreslått verneområde omfattar areal i kommunane Askvoll, Fjaler og Sunnfjord og er om lag 11,3 km<sup>2</sup> stort.

Dalsfjorden har sidan 2004 vore kandidatområde for marint vern. I 2017 fekk dåverande Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein verneplanprosess for Dalsfjorden som marint verneområde. Fylkesmannen hadde fleire møte med grunneigarar, kommune, fylkeskommune og næringsverksemder med fleire i oppstartsfasen. Tidlegare Gauldalskommune sende fråsegn i samband med oppstartsvarselet.

Det har så langt som råd vore teke omsyn til innspel til oppstartsmeldinga ved utarbeiding av det endelige verneforslaget, som inkluderer framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing og verneverdiar.

Som eit ledd i arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar, har Statsforvaltaren no sendt verneframlegget for Dalsfjorden marine verneområde ut på høyring. Høyringsfristen er 1. mai 2022.

## Saksutgreiing

Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord, med både representativ, sjeldan og sårbar natur. Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekomstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde. Dalsfjorden representerer såleis bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiene utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.

Opprettning av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tiltak som kan skade verneverdiene. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine plantar, og dyrelivet i sjø blir verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon og utsetting av organismar blir forbode.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen, og dekker eit sjøareal på om lag 11,3 km<sup>2</sup>.

Det er utarbeidd eit [framlegg til verneforskrift](#) som fortel kva som er lov og ikkje lov i området. Når vernet er vedtatt er det planar om å utarbeide ein forvaltningsplan med definerte bevaringsmål som grunnlag for å overvake tilstanden i Dalsfjorden marine verneområde. Ein forvaltningsplan vil også utdjupe verneforskrifta og gi retningslinjer for brukarinteressene.

Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av marine verneområde, og i all hovudsak vert ikkje private eigedommar påverka. Hovudregelen er at eigarar av grunn ned til strandlinja har eigedomsrett ut i sjøen til to meters djupne med middels låg vasstand (normal fjøre). Grensa mot land går difor langs djupnekote 2 m under sjøkartnull for det meste av området, unntatt der det marine verneområdet grenser til naturreservat på land og der det er særleg verdifulle grunne område. Der blir landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) inkludert.

Det vert også gjort unntak frå to-meters grensa der det er kommunal reguleringsplan i fjorden. Mot område med reguleringsplan vil grensa for det marine vernet følgje reguleringsplangrensa. Dette gjeld fire område i Sunnfjord kommune; Eidevika, Standnes, Sveen industriområde (Svedsundet) og Industriområdet Lervika (tidl. Sunnfjord Sag).

Eit vern har til hensikt å ta vare på området og unngå store inngrep som utfylling, boring eller nye, tekniske installasjonar. For enkelte aktivitetar vil marint vern innebere restriksjonar slik at naturverdiane får auka beskyttelse.

Vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar som til dømes røyrleidningar, bryggjer og kanalar til naust vil vere lov. Tiltak ut over vanleg vedlikehald vil i utgangspunktet ikkje vere lov. Det er i forskrifta § 5 teke inn ei rekke heimlar for å søkje om dispensasjon.

For dei fleste som nyttar Dalsfjorden i dag vil vernet få liten eller ingen verknad. Det marine vernet vil ikkje medføre ferdsselsrestriksjonar. Normal friluftsaktivitet vil ikkje vere i strid med verneføremålet, der fritidsfiske og ferdslle med båt vil kunne fortsetje uavhengig av eit vern eller ikkje.

Utfyllande informasjon om vernet, verneforskrifta og innspel til oppstartsmeldinga er å finne på nettsida til Statsforvaltar:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyeringar/2022/05/hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade/>

## Vurdering

I dette avsnittet vil vi drøfte framlegg til forskrift og grenser for verneområde, og vurdere konsekvensar vernet kan få.

### Geografisk avgrensing, jf. § 2 i forskrifta:

Det er føreslått tre typer grenser for verneområde;

- Hovudregel: Grense langs djupnekote 2m under sjøkartnull (= eigedomsgrense mot sjø)
- Eigedomar med verdifulle grunne område: landareal i tidevassona opp til middel høgvatn (normal flo) er inkludert. Desse er lista opp med gards- og bruksnummer i forskrifta.
- Der det er reguleringsplan, følgjer vernegrensene reguleringsplangrensa.

Kommunedirektøren meiner at vernegrensene ikkje er tydleg nok i forskrifta og høyringa. Eigedomar med verdifulle grunne område (lista opp i starten av § 2), blir presentert som unntaket i høyringa. I Sunnfjord kommune gjeld dette dei fleste eigedomane på nordsida av Dalsfjorden, og på sørsida ein del eigedomar lengst vest (jf. kart under).




Fig.1: Blå prikkar syner eigedomar lista opp under § 2 innanfor kommunegrensene til Sunnfjord.

Samla sett er ikke hovudregelen i Sunnfjord kommune at grensa mot land går langs djupnekote 2 m under sjøkartnull, det er heller unntaket.

Ulempa ved å ha ulike grenser for verneområde er:

- Risiko for at grunne område som burde vore inkludert, ikke er det.
- Kan bli utfordrande å praktisere
- Likskapsprinsippet

Grunne område i fjorden er svært viktige for den biologiske produksjonen og det marine artsmangfaldet. Vi ser at framlegg til grunne område i stor grad fell sammen med område som vart synfare ved kartlegging av marint biologisk mangfald i 2019 ([Rådgjevande biologer, rapport nr 2801](#)). Eigedomar frå Osen til Svedsundet på sørsida har også grunne område. Dette kan gjelde andre stadar som ikke er kartlagt, som kanskje også er potensielt verdfulle.

#### Planstatus Sunnfjord:

Kommunedelplan Forretning og industri 2012 er ikke omtala i høyringa, sjølv om denne vart spelt inn av tidlegare Gular kommune i oppstartsmeldinga.

Kommunedelplanen opnar for småbåthamnar og næringsverksemd på nokre lokalitetar som vil ligge innanfor verneområdet. Vurdering av vidareføring av desse blir gjort i samband med ny arealdel i kommuneplanen, og arbeidet med dette blir ikke ferdig før 2023. Om vernegrensene blir vedtatt slik dei ligg føre, vil dette legge føringar for desse områda; Bjørvika (Gbnr 187/3) , Bjørvikestranda (Gbnr 188/17) og Eidevik (Gbnr 218/5,9,11) (jf. side 13,15 og 20 [i kommunedelplan forretning og industri 2012](#)).

#### Brukinteresser - friluftsliv og reiseliv:

Det er mykje fisketurisme og lokalt fritidsfiske i Dalsfjorden. Det er kome innspel til oppstartsmeldinga om at fisketurismen er omfattande og kanskje ikke berekraftig. Av omsyn til verneformålet ber kommunedirektøren Statsforvaltaren vurdere ei kartlegging av omfang og påverknad fisketurismen kan ha.

#### Brukinteresser - fiske:

Kommunedirektøren kjenner ikke til at det vert nytta fiskereiskap som påverkar botn, og det er ingen kjente næringsaktørar som driv med reketråling og taretråling. Det vert fiska med not i det føreslegne verneområde.

#### Brukinteresser - kulturminne:

Brygga til den Trondhjemiske postveg i Svedsundet ligg i/ved verneområde. Vernet vil sannsynlegvis ikkje påverke denne, sidan det meste av denne ligg over 2 meter djupne (under sjøkartnull), og vedlikehald av brygger er unntak frå vernereglane (jf. §4j).

### Brukarteresser – tekniske installasjoner:

Vernet har liten påverknad på tekniske installasjoner som eksisterer, og mange av dei er omtala i høyringa. Vi ser ikkje at kommunale vass- og avlaupsleidningar er nemnd i forskrifta eller høyringsdokumenta.

Kommunen har avløpsleidningar i Kapstadvika og Eidevika (grøne linjer i kartet under). Kommunale vassleidningar kryssar fjorden i Svedsundet, inntil Eidevika/Osen, og over fjorden til Båtevika (blå linjer i kartet under). Det går ikkje tydleg fram av forskrifta om desse er å rekne som sjøkablar, jf. § 4 i og l. Kommunedirektøren ber om at dette vert presisert og at vedlikehald av kommunale vass- og avlaupsleidningar vert inkludert i forskriftas §4 i og l.

Fig. 2: Kartet syner kommunale avlaups- og vassleidninga i Dalsfjorden.




Fig. 2: Kartet syner kommunale avlaups- og vassleidninga i Dalsfjorden.

I tillegg saknar vi omtale av sanering i § 4 bokstav l, under tiltak som er unntak frå vernereglane.

Kommunedirektøren har ikkje vurdert konsekvensar vernet har for ei eventuell realisering av ei bru over Svedsundet.

### Brukarteresser – røyrleidningar og kablar:

Forskrifta opnar for utlegging av nye leidningar for utslepp av reinska kloakk etter gjeldande forureiningsregelverk, jf. § 5 h. Sunnfjord kommune vil greie ut nye reinsekrav til Dalsfjorden, på bakgrunn av ny kunnskap (undersøking gjort av Akvaplan NIVA AS)

### Brukarteresser – mudring, bruk og deponering av massar:

Det er bedt om ei tilbakemelding i høve dumping av glykolhaldig snø frå Bringeland. Avinor har eit midlertidig løyve frå Statsforvaltar til dette. No føregår dette ved at dei smeltar snøen på Bringeland og transporterar vatnet til kommunen sitt avløpssystem i Kapstadvika. Løyvet var gitt i påvente av å finne eit permanent stad for snøplassering. Kommunedirektøren ber Statsforvaltar sjekke varigheit og vilkår gitt i løyve til Avinor.

Vedlikehaldsmudring av kanal til båtstø og naust er lov innanfor verneområde, jf. § 4 k, medan tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, samt mudring

framfor naust og båtopptrekk må ha dispensasjon, jf. § 5 g. Kommunedirektøren meiner det er litt uklart om søknadspliktig mudring gjeld nye tiltak, og berre på eigedomar med verdifulle grunne område, samt grensegangen mot vedlikehald. Det kan med fordel presiserast betre, og er eit innspel til både forskrift og forvaltningsplan.

**Brukinteresser – akvakultur:**

Innan kommunegrensene til Sunnfjord er det korkje eksisterande eller planlagde akvakulturanlegg. Vi kjenner heller ikkje til at det vert hausta villevante skjel og vegetasjon (medrekna tang, tare og andre marine planter) i næringssamanheng.

**Forvaltningsplan:**

Kommedirektøren meiner det er viktig at det vert utarbeidd ein forvaltningsplan etter vernevedtak. Forvaltningsplanen vil klargjere verneforskrifta, og tydeleggjere føringar for handsaming av tiltak i sjø etter andre lovverk, t.d. flytebrygger, forankring og mudring. Vi syner også til innspel under dei ulike brukinteressene, der vi ber om betre presisering. Noko som også synleggjer behovet for ein forvaltningsplan.

**Forvaltningsstyremakt:**

Sunnfjord kommune meiner det kan vere fornuftig at det vert oppretta eit styre for verneområdet, der det er representasjon frå den enkelte kommune.

**Oppsummering:**

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av Dalsfjorden marine verneområde vert vurdert i det vidare arbeidet med vern.

Førde, den 08.04.2022

Ole John Østenstad  
kommunedirektør

Hilde Bjørkum  
kommunalsjef

---

**Behandling i folkevalde organ:**

**Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 20.04.2022:**

**Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg var **samrøystes vedteke**

---

**USKN-022/22 Vedtak:**

Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av Dalsfjorden marine verneområde vert vurdert i det vidare arbeidet med vern jf. saksutgreiing 06.04.2022.

**From:** Loddengaard, Turid S.[turid.loddengaard@hi.no]  
**Sent:** 22.04.2022 10:13:43  
**To:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Cc:** Postmottak[Postjournal@hi.no]; Moy, Frithjoff[frithjof.moy@hi.no]; Knutsen, Jan Atle[jan.atle.knutsen@hi.no]  
**Subject:** Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse  
Hei  
Tusen takk.  
Mvh  
Turid

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria <fmsfmck@statsforvalteren.no>  
**Sendt:** fredag 22. april 2022 10:09  
**Til:** Loddengaard, Turid S. <turid.loddengaard@hi.no>  
**Emne:** SV: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei,

Vi viser til dykker spørsmål om utsetting av høyringsfristen for Dalsfjorden kandidatområde for marint vern. Opphavleg var fristen den 22. april i år, men vi har utsett fristen til 1. mai etter spørsmål fra Sunnfjord kommune, slik at kommunen kunne handsame saka i sine politiske organ. Vi utset gjerne fristen til 3. mai, slik at Havforskningsinstituttet kan levere si uttale, slik de ønskjer.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

---

**Fra:** Loddengaard, Turid S. <[turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)>  
**Send:** fredag 22. april 2022 09:46  
**Til:** Postmottak SFVL <[sfvpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)>  
**Kopi:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>; Postmottak <[Postjournal@hi.no](mailto:Postjournal@hi.no)>  
**Emne:** Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei

Viser til telefonsamtale med Maria Knagenhjelm og brev datert 16/2/2022 (ref 2019/12618).

Vi må be om en utsettelse på fristen til 3. mai 2022.

På forhånd tusen takk.

Mvh  
Turid

Turid Stamnesfet LODDENGÅARD

Institute of Marine Research (Havforskningsinstituttet)  
Postbox 1870 Nordnes,  
5817 Bergen, Norway

[www.hi.no](http://www.hi.no)

Email: [turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)

Telephone: +47 944 10 669



**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 06.05.2022 15:01:23  
**To:** Loddengaard, Turid S.[turid.loddengaard@hi.no]  
**Subject:** Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei,

Det er i orden. God helg!

Med venleg helsing  
**Maria C. Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: fmsfmck@statsforvalteren.no  
Web: www.statsforvaltaren.no/vl

---

**Frå:** Loddengaard, Turid S. <turid.loddengaard@hi.no>  
**Send:** torsdag 5. mai 2022 12:54  
**Til:** Knagenhjelm, Maria <fmsfmck@statsforvalteren.no>  
**Emne:** SV: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei  
Beklager at dere ikke har fått svar fra oss. Vårt svar skal godkjennes i vår rådgivningskomite slik at vi får først sendt svaret til dere på mandag ettermiddag 9.5.2022.  
Håper at det er i orden.  
Mvh  
Turid

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>  
**Sendt:** fredag 22. april 2022 10:09  
**Til:** Loddengaard, Turid S. <[turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)>  
**Emne:** SV: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei,

Vi viser til dykker spørsmål om utsetting av høyringsfristen for Dalsfjorden kandidatområde for marint vern. Opphavleg var fristen den 22. april i år, men vi har utsett fristen til 1. mai etter spørsmål frå

Sunnfjord kommune, slik at kommunen kunne handsame saka i sine politiske organ. Vi utset gjerne fristen til 3. mai, slik at Havforskningsinstituttet kan levere si uttale, slik de ønskjer.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

---

**Frå:** Loddenggaard, Turid S. <[turid.loddenggaard@hi.no](mailto:turid.loddenggaard@hi.no)>

**Send:** fredag 22. april 2022 09:46

**Til:** Postmottak SFVL <[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)>

**Kopi:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>; Postmottak <[Postjournal@hi.no](mailto:Postjournal@hi.no)>

**Emne:** Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei

Viser til telefonsamtale med Maria Knagenhjelm og brev datert 16/2/2022 (ref 2019/12618).

Vi må be om en utsettelse på fristen til 3. mai 2022.

På forhånd tusen takk.

Mvh

Turid

Turid Stamnesfet LODDENGAAARD

Institute of Marine Research (Havforskningsinstituttet)

Postbox 1870 Nordnes,

5817 Bergen, Norway

[www.hi.no](http://www.hi.no)

Email: [turid.loddenggaard@hi.no](mailto:turid.loddenggaard@hi.no)

Telephone: +47 944 10 669



Fra: Ronny Mowatt[ronny.mowatt@mentor.no]  
Sendt: 21.04.2022 13:31:11  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: ardaa@online.no[ardaa@online.no];  
Tittel: Høyringssvar frå Arnulf Aasnes - ang Marint vern Dalsfjorden

---

Hei

På vegne av Arnulf Aasnes, sender ein høyringssvar ang Marint vern Dalsfjorden.

Sjå vedlegg.

Med helsing  
Ronny Mowatt

**Mentor AS**

Boks 200  
6801 Førde  
97165670  
[ronny.mowatt@mentor.no](mailto:ronny.mowatt@mentor.no)

Fylkesmannen i Sogn og fjordane

Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Vedkjem: Høyring av Dalsfjorden marine verneområde.

Eg viser til tilsend brev frå Statsforvaltaren i Vestland frå 17.02.2022 og mitt innspel om same sak frå 14.03.2018. Sjå vedlegg.

Eg har ikkje så mykje nytt å koma med no i høve til sist. Men som den gongen er eg oppteken av at der ikkje må koma så mange restriksjonar at det lammar ei vidareutvikling av vårt område, og gjer til at ingen «orkar» setja i gong med noko nytt på grunn av ei mengde av reglar og forskrifter dei må kjempa seg gjennom før dei får setja i gang med det dei har planlagt. Me må også finna det leveleg og kunna bu ved Dalsfjorden, som før.

I min barndom og ungdom og i 50 års – perioden før det var Dalsfjordområdet langt framme, også i nasjonal samanheng, med eit rikt utvikla industrimiljø som mykje var basert på lokale naturressursar. Mellom anna to teglverk med nokre titals tilsette som tok ut råvarene til produksjonen frå dei lokale leirførekomstane ved teglverka. To båtbyggeri som fekk båtebord frå lokale skogsbønder og fann nok fururøter og krokfur i spant og innved i båtane. Gruvedrift etter jernhaldige mineral i Sørtdalen både rundt hundreårsskiftet og ein periode tidlegare, og som ved to høve seinare har vor vurdert seriøst å setja i gang att. Produksjon av brenntorv på Hellevika derimot var ikkje så vellukka og langvarig. Til og med sko og ski var i startfasen basert på treverk frå lokalmiljøet, men gjekk med tida over til meir moderne material. På Gjølanger var det vasskrafta som var barisresursen for både mølle og sagbruk, men vart etter kvart grunnlaget for fiskeoppdrett (smolt) på grunn av god tilgang på ferskvatn. Tidleg utbygging av kraftverket i Dale var også viktig for seinare utvikling og ekspansjon der. Også dei to tønnefabrikkane fekk mykje av råvarene frå nærområda rundt Dalsfjorden. Pussesand vart ofte brukt sjøsand frå Fure og Vårdal. Mindre var det nok med kniv og mekanisk industri i Holmedal og på Helle, men begge trorg dei eletrisk kraft.

No i desse tider med høge straumpiasr og mange meir eller mindre fornuftige betraktningsar omkring global miljøkrise og utbygging av energi meinar eg at ein bør legga til rette for ei eller anna form for utnytteelse av vatnet i Fossdalsvassdraget.

Kva med ein hydrogenfabrikk ved kraftverket, då treng me ingen ekstra kraftlinjer og kan produsera etter kor mykje nedbør me har og henta hydrogennen direkte med båt utan ekstra belastning av därlege vegar,

Eller vil me bidra til global reduksjon av fossilt brensel elles, så kan me levera straum om dagen til Europa og så samla vatn om natta til neste dags el.produksjon. Med andre ord vera eit batteri utan tap i frå ei energi form til ei anna, og utan dyre og kontroversielle batteri.  
Alternativet no kunne likesnart vera vindmøller på Ertrefjellet og energitap i batteria.

Med helsing  
Arnulf Asnes



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Vedkjem: «Marint vern» i Dalsfjorden. Innspel til oppstart av verneprosess.

Etter å ha lese planane om over nemnde sak på nett og delteke på første del av infomasjonsmøte i Dale 6. mars har eg gjort meg ein del tankar om planane som no føreligg. Det er sikkert mykje fornuftig i det som er føreslege, men er det likevel så lurt i den store samanheng og det me innerst inne vil?

Etter å ha vore med å driva industri i området i nesten 40 år måtte me gjeva oss, mellom anna på grunn av for høgt kostnadsnivå, oppdreve av oljeindustrien. Ikkje følte eg heller at oponionen støtta oss, industri vart etter kvart meir og meir eit «fyord» Det hjelpte heller ikkje at me då hadde ein teknologi som brukte mindre ufornybare råvarer enn konkurrentane, og dette trur eg gjeld enno så mange år etter me gav oss. Etter dette var eg med å prøva å bygga eit relativt stort småkraftverk i det området som no vil verta føreslege verna, og det vart endå meir «fy!!!» Desse fallrettane var i si tid selde av oldemora mi for ca. 120 år sidan til nokre spekulantar som ikkje kom i gang med noko. Neste forsøk var nett etter siste verdskrig og det vart heller ikkje noko av, og det siste var vel gjerne like bra for då ville det ikkje ha sett ut i området med demmer, kanalar og røygater osv. slik som ein bygde den gongen. Men for 15 år sidan tok me planane oppatt og utvikla dette etter kvart til å verta det mest skånsame kraftverk som ville vorte bygt i denne søknadsomgang her i sunnfjordområdet, og det mest skånsame som eg veit om har vore planlagt i det heile. Sjølv med ein del begrensingar i utnyttlesesgrad på grunn av dei gode miljøtilpasningane, ville dette vera eit godt prosjekt, med ein økonomi over snittet av eit slikt kraftverk. Men nokre få ekstreme naturvernar greidde alt frå starten med desinformasjon å hausa opp ein oponion som sjølv ikkje NVE greidde eller våga å skjera gjennom då saka kom opp til avgjerd. Og dermed blei det med planane så langt.

Kva med framtida for å bu og byggja i Dalsfjorden etter verning? Å bygga kraftverk i framtida med slike restrekjonar som er føreslge kan ein berre gløyma. Det same gjeld industri av noko omfang. Men mange skrik etter arbeidsplassar og «alle» vil ha elbil og landstrøm til krustrafikken på sjøen, men ingen vil «knusa egget for å laga omeletten». Me vil ha bru over Svesundet, men ikkje søyler ut i sjøen, men kor skal me ta den ekstra sementen og stålet frå til bruspennet, og kven skal betala ekstrakostnadane. Nødvendig materialmenge vil auka om lag proporsjonslt med bruspennlengda i andre potens med same type «bjelke». Trur me brått ikkje lenger at ekstra energibruk vil vera dårleg for det globale miljøet, eller er det ok å lata andre forsyna oss med fossil energi om me skulle ha bruk for det? Og når det minkar på dei store overskota frå oljeindustrien korleis skal me finansiera dei ekstra miljø restrekjonane me legg på oss?

Trur me på utsleppsfri energi frå hydrogen? Om me gjer det kva slags energiform skal produsera denne energien som trengst til å produsera hydrogen? Brukar me fossil energi til

det er me like langt og knapt nok det. Det er difor utlendingane er så interesserte i vasskrafta vår og kjøper det dei får «tak i». Mitt forslag er at lat oss bygga ut vasskraft og laga hydrogen. Dette passar i ytterkanten av det føreslegne verneområde, Der kan me bygga eit kraftverk med ein hydrogenfabrikk på same tomta og brukar «kortreist» straum direkte utan undersjøiske kablar under fjorden. Er det nokon som ikkje likar ei lita kai for å henta hydrogenen ved fabrikken, kan me brukar tunnelmassane frå bygginga av kraftstasjonen til veg mot brua for uttransport av ferdig hydrogen om naturvernarnarane kan snuast til ikkje å vilja ha anna enn ein sti i området.(Brua som er eit verkeleg storinngrep i naturen, har så langt eg veit ingen enno protestert mot, og bra er det.) Alternativt kan ein dumpa tunnellmassane ein annan stad, til dømes der vegmassane frå vegen utover frå Dalsfjordbruva ligg, og så bygga kai og legga kablar under fjorden. Med det siste kan me då koma til å overgå sjølv «molboane» i toskeskap og inkonsekvens om ein tenkjer miljø.

Tyskland trur i alle fall på miljøtiltaka mot forurensing av kloden vår sidan dei bygger så mykje sol og vindkraft, mellom anna fordi dei har minimalt med muelegheiter til å bygga ut meir vasskraft. Men dei har eit stort problem, lagringskapasitet av energien frå produksjon til dei treng han i tider med mindre sol og vind. Men lagringdkapasitet det har me i alle vassmagasina i Norge, nesten 50% av total lagringskapasitet i Europa. Og me har potensiale til å bygga ut mykje meir. Det er berre spørsmål om me vil samarbeida med dei andre landa så me alle kan få eit betre miljø. I denne samanheng ville ei utbygging av overnemde kraftverk vera midt i blinken, sjølv med eventuell litt negativ verknad av eventuelle kablar på sjøbotn for uttransport av straumen. Elles er der rikeleg med linjer i området på land som ein kan knyta seg til ev. med litt ekstra kostnad. Med ei slik utbygging ville ein kunna levera all straumen om dagen når ein treng den til utjamning, og så fylla oppatt magasinet til neste topp i produksjon neste dag. Og dette kan i dette tilfellet gjerast med ei regulering av inntaksvatnet med ei lita regulering som er mindre, altså ligg innanfor dei maksimale og minimale, av dei naturlege variasjonane me har over tid no.

Det eg etterlyser er at me ser på muelegheiter for fornuftig framferd før me vernar «vilt» i aust og vest og har ein fornuftig heilsaksplan som gjev mogelegheiter for fornuftig utvikling og utnytting av dei naturresursane me har der dei er og heller vernar der det ligg mindre til rette for fornuftig lønsam utnytting. I kvar tidsepoke treng me gründerar som har visjonar og pågangsmot til inovasjon for å utnytta også naturen der det er føremålstenleg. Og det kan sikkert oftast gjerast på ein fornuftig måte, men me må ikkje laga så strenge restrekksjonar at ingen ein gong vågar å koma med tankar om framtidige næringar, og langt mindre få mogelegheiter for å gjennomføra dei. Kva med Norge si utvikling utan slike som Birkeland og Eide og det dei i si tid fekk til då dei fekk i gang det som seinare vart til Norsk Hydro? Heile dalsjordområdet var i si tid eit levande industriområde som vart samanlikna med tyske Ruhr i miniatyr. Denne tidsepoken er forbi og mykje av det som var skapt den gongen er borte og kjem ikkje att. Heldigvis har det kome til nye bedrifter og næringar i området, men me har plass og trond for fleire både store og små.

I dei siste 50 åra har det ikkje kome til meir enn knapt ein ny arbeidsplass pr. tiår av ein viss størrelse og dei fleste av desse er i meir immaterielle næringar som gjev lite nettoinntekter inn til landet, men ære vere desse også i alle fall. Den einaste eg kjem på i farten som produserar varer som gjev direkte tilskot til eksportstatistikken ligg typisk nok ved fjorden i det aktuelle verneområdet, og brukar sjøen og kai i drifta. Kan det vera fleire som kan koma til i tilsvarande bransjar? Me treng enno nokon som kan produsera varer og tenester som

kan gjeva inntekter til landet. Me kan ikkje leva alle av å «klø kvarandre på ryggen». Men slike bedrifter treng erfaringmessig ofte litt fysisk plass som kai for transport av tømmer til Tyskland.

Mitt bodskap er i alle fall at ein legg til rette for framtidig utnytting av dei resursane me har langs Dalsfjorden og ikkje vernar fjorden «i hel» for utnyttelse for framtidige generasjonar. Særleg i vestre del av det føreslegne området har me eit stort potensiale med utnytting av vassresursane i ei eller anna form. Ikkje berre lokalt, men nasjonalt og internasjonalt i eit miljøperspektiv.

Med helsing

  
Arnulf Aasnes

Fra: Oddbjørn Thune-Myklebust[OddbjornTM@bkk.no]  
Sendt: 22.04.2022 07:35:47  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: Andreas Nyhagen Hole[Andreas.Hole@bkk.no];  
Tittel: Høyring av Dalsfjorden marine verneområde

---

Hei

Viser til skriv angående høyring av framlegg om marint vern i Dalsfjorden datert 16.02.22.  
BKK Nett AS har ingen merknader til framlegget utover kommentarar gitt ved Arne Tefre, dåværende Sunnfjord Energi AS, datert 11.04.2018.  
Registrerer at det i forslag til verneforskrift er gitt unntak for oppgradering og fornying av eksisterande sjøkabler, ref §4i,l og at det i henhold til §5b vert gitt åpning for dispensjon til legging av framtidige kablar.  
BKK Nett AS vurderer det såleistil at eventuelle framtidige behov for erstatning av eksisterande luftspenn med sjøkabel er ivaretakne.

Til informasjon har BKK Nett AS p.t starta prosess for vurdering av erstatning av luftspennet Nistad-Kleppe med sjøkabel på strekninga Halsnes-Sunde.  
Tiltaket vil eventuelt vert omsøkt og forelagt i henhold til gjeldande søknadspraksis.

Med helsing

Oddbjørn Thune-Myklebust  
*Rådgiver*  
Region Nord, Plan

**BKK Nett AS** | Postboks 7050, 5020 Bergen | M: +47 97577414 | [www.bkk.no](http://www.bkk.no)

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår dato:** 22.04.2022

**Vår ref.:** 201708663-7 Oppgis ved henvendelse

**Deres ref.:** 2019/12618

## **Uttalelse på høring av marin verneframlegget for Dalsfjorden marine verneområde**

Vi viser til høring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommuner.

NVE har sett gjennom høringsforslaget for det foreslalte marine verneområde med tanke på energi- og vassdragsinteresser som eksisterende og planlagte energi- og nettanlegg, vannkraftverk, hydrologiske målestasjoner m.m.

- BKK Nett AS har områdekonsesjon i Dalsfjorden marine verneområde og eier flere kraftlinjer og sjøkabler som krysser fjorden.
- Sunnfjord Energi AS har blitt en del av BKK. Statsforvalter informerer at de har sendt høringsforslaget til Sunnfjord Energi. NVE er positive til at Statsforvalter har sendt oppstartsmeldingen til Sunnfjord Energi. Det er viktig at et riktig selskap med riktig navn er på adresselisten. Vi kan se at BKK AS er på adresselisten, men ikke BKK Nett AS. På grunn av funksjonelt skille mellom de to selskapene, kan det hende at høringsforslaget ikke vil nå fram til nettselskapet. NVE ber dermed om at BKK Nett AS blir inkludert i adresselisten.
- NVE er positive til at Statnett SF er på adresselisten. Vi er godt fornøyde med at tidligere Sunnfjord Energi, som i dag er en del av BKK, har uttalt seg ifb. oppstartsmeldingen, men vi kan ikke se at Statnett SF har uttalt seg. NVE har som regel informasjon om transmisjons- og regionalnett gjennom Kraftsystemutredningene (KSU). Så langt vi kjenner til er det ingen planer knyttet til nettanlegg i områdene. Vi forventer at Statnett SF uttaler seg om hvorvidt vern vil være i konflikt med deres eksisterende og fremtidige nettplaner. NVE oppfordrer nettselskapet til å gi uttalelse selv i tilfeller uten konflikter

I tidligere uttalelse har NVE informert om at det er kraftlinjer som krysser Dalsfjorden med luftspenn. Dette gjelder to regionalnett og to distribusjonsnett eid av BKK Nett AS. Sunnfjord Energi eide kraftlinjene på det tidspunktet oppstartsmeldingen ble sendt ut. De



har uttalt seg og informerte om at vernevedtaket ikke bør vanskeliggjøre generelt vedlikehold, inspeksjon, ombygging, drift og utbedring av feil av eksisterende og fremtidige nettkomponenter. Oppsummert ønsker Sunnfjord Energi at det foreslår verneområdet må sikre rett til drift, vedlikehold og fornying av eksisterende og fremtidig nettanlegg uten at arbeidet med dette krever søknad om dispensasjon.

NVE er positive til at det er gitt generelt unntak til drift vedlikehold og fornying av eksisterende sjøkabler og nødvendige reparasjoner ved akutt utfall, samt oppgradering og fornyelse (i §4 i, l). Verneforskriften §5 inneholder også dispensasjonshjemmel for legging av nye kabler og oppgraderinger som ikke faller under §4. Vi tolker at bestemmelsene i §4 og 5 dekker tilhørende ferdsel i verneområdet. Vi ber om å utvide bestemmelsene i §4 og 5 til å gjelde også luftlinjer. Vi ber BKK Nett å uttale seg om bestemmelsene i forskriften dekker deres behov.

NVE har ved tidligere uttalelse informert om at opprettelse av Dalsfjorden marine verneområde ikke er i konflikt med kjente vannkraftressurser. Det er flere små vannkraftverk som har utløp inn i det foreslalte verneområdet. Siden disse ikke er regulerte, vil ikke vannføringen i elvene disse er i, fravike betydelig fra det som er naturlig.

Med hilsen

Hedvig Kristoffersen  
Førstesekretær

Godkjent av Ann Myhrer Østenby  
Seksjonssjef

Godkjent i henhold til NVE sine interne rutiner.

**Mottakerliste:**  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

**Kopimottakerliste:**  
STATNETT SF  
Olje- og energidepartementet  
BKK NETT AS



Fra: Helene Marie Øgaard[[Helene.Marie.Ogaard@mattilsynet.no](mailto:Helene.Marie.Ogaard@mattilsynet.no)]

Sendt: 25.04.2022 16:07:35

Til: Postmottak SFVL[[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)]

Tittel: Dalsfjorden marine verneområde - uttale

---

## DALSFJORDEN MARINE VERNEOMRÅDE - UTTALE

Mattilsynet er ein statleg etat med forvaltingsområda planter, fisk, dyr, mat og drikkevatn.

Som høyringsinstans har Mattilsynet i oppgåve å medverke til at det blir teke omsyn til nasjonale og regionale interesser innanfor områda:

- drikkevatn
- plantehelse
- fiskehelse/fiskevelferd
- dyrehelse/dyrevelferd

Mattilsynet kan ikkje sjå at det avsette området som det er planlagt marint verneområdet for ved Dalsfjorden i Fjaler, Sunnfjord og Askvoll kommune, som vist i kart merka kjem i konflikt med eller har negativ påverknad til dei områda som vi forvaltar og har i oppgåve å medverke til at det blir teke omsyn til.

Området som verneplanen omfattar er ein Nasjonal Laksefjord som legg føringar for mellom anna etablering og drift av akvakulturanlegg.

Innanfor området ligg det 2 skjell-lokalitetar som er basert på naturleg påslag. Det vil derfor ikkje bli utsett biologisk materiale frå andre områder til desse anlegga utan løyve frå Mattilsynet.

Med helsing

Helene Øgaard

Spesialinspektør / veterinær

Mattilsynet Avdeling Sunnfjord og Sogn

Tlf 22778265

**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 26.04.2022 14:31:01  
**To:** Kjersti Sande Tveit[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no]  
**Subject:** Høyring av Dalsfjorden marine verneområde - utsett høyringsfrist  
Hei,

Takk for e-post. Vi kan stadfeste at Askvoll kommune får utsett høyringsfrista til 13. mai.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål knytt til høyringsdokumenta!

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: fmsfmck@statsforvalteren.no  
Web:

---

**Frå:** Kjersti Sande Tveit <Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no>  
**Send:** tirsdag 26. april 2022 14:25  
**Til:** Knagenhjelm, Maria <fmsfmck@statsforvalteren.no>  
**Emne:** Høyring av Dalsfjorden marine verneområde - utsett høyringsfrist

Hei!

Vi viser til brev frå dykk om høyring av Dalsfjorden marine verneområde. På grunn av stor arbeidsmengde ber vi om å få utsett høyringsfrist til 13. mai 2022. Vi tek sikte på å handsame saka i førstkommande formannskapsmøte, som er 9. mai.

Kjersti Sande Tveit  
-plan- og miljøvernleiar-

Direkte tlf.: 57 73 07 08  
Sentralbord: 57 73 07 00  
E-post: [kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no](mailto:kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no)

Fra: Loddengaard, Turid S.[turid.loddengaard@hi.no]  
Sendt: 10.05.2022 22:19:37  
Til: Knagenhjelm, Maria;Postmottak SFVL[fmsfmck@statsforvalteren.no;sfvlpost@statsforvalteren.no]  
Kopi: Postmottak[Postjournal@hi.no];Moy, Frithjof[frithjof.moy@hi.no];  
Tittel: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - Svar fra Havforskningsinstituttet.

---

Hei

Beklager seint svar fra oss. Vedlagt oversendes svar fra Havforskningsinstituttet.

Mvh

Turid

Turid Stamnesfet LODDENGAAARD

Institute of Marine Research (Havforskningsinstituttet)

Postbox 1870 Nordnes,

5817 Bergen, Norway

[www.hi.no](http://www.hi.no)

Email: [turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)

Telephone: +47 944 10 669



---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria <fmsfmck@statsforvalteren.no>

**Sendt:** fredag 6. mai 2022 15:01

**Til:** Loddengaard, Turid S. <turid.loddengaard@hi.no>

**Emne:** SV: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei,

Det er i orden. God helg!

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

---

**Fra:** Loddengaard, Turid S. <[turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)>

**Sendt:** torsdag 5. mai 2022 12:54

**Til:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>

**Emne:** SV: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei

Beklager at dere ikke har fått svar fra oss. Vårt svar skal godkjennes i vår rådgivningskomite slik at vi får først sendt svaret til dere på mandag ettermiddag 9.5.2022.

Håper at det er i orden.

Mvh

Turid

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>

**Sendt:** fredag 22. april 2022 10:09

**Til:** Loddengaard, Turid S. <[turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)>

**Emne:** SV: Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei,

Vi viser til dykker spørsmål om utsetting av høyringsfristen for Dalsfjorden kandidatområde for marint vern. Opphavleg var fristen den 22. april i år, men vi har utsett fristen til 1. mai etter spørsmål frå Sunnfjord kommune, slik at kommunen kunne handsame saka i sine politiske organ. Vi utset gjerne fristen til 3. mai, slik at Havforskningsinstituttet kan levere si uttale, slik de ønskjer.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

---

**Frå:** Loddengaard, Turid S. <[turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)>  
**Send:** fredag 22. april 2022 09:46  
**Til:** Postmottak SFVL <[sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no)>  
**Kopi:** Knagenhjelm, Maria <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>; Postmottak <[Postjournal@hi.no](mailto:Postjournal@hi.no)>  
**Emne:** Høyring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar - ber om utsettelse

Hei

Viser til telefonsamtale med Maria Knagenhjelm og brev datert 16/2/2022 (ref 2019/12618).

Vi må be om en utsettelse på fristen til 3. mai 2022.

På forhånd tusen takk.

Mvh

Turid

Turid Stamnesfet LODDENGAAARD

Institute of Marine Research (Havforskningsinstituttet)

Postbox 1870 Nordnes,

5817 Bergen, Norway

[www.hi.no](http://www.hi.no)

Email: [turid.loddengaard@hi.no](mailto:turid.loddengaard@hi.no)

Telephone: +47 944 10 669





## råd og Kunnskapsbidrag fra Havforskningsinstituttet

Statsforvaltaren i Vestland,

sfvlpost@statsforvalteren.no

Deres ref:  
2019/12618

Vår ref: 22/00606

Bergen, 10/05/2022

### Svar på høring av marint vern i Dalsfjorden i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommuner.

Viser til brev fra Statsforvaltaren i Vestland datert 16/2/2022 (ref 2019/12618).

Viser til forslag til verneforskrift for Dalsfjorden som Statsforvaltaren i Vestland har på høring. Framlegg om Dalsfjorden marine verneområde er foreslått i samsvar med naturmangfoldloven for å beskytte marine verneverdier og er ledd i arbeidet med å verne et representativt utvalg av norsk natur for kommende generasjoner.

Formålet er mellom anna å ta vare på en særegen, avskjerma fjord, med representativ, sjeldent og sårbar natur. Det pekes i grunnlagsdokumentene på områdets uvanlige kombinasjon av stor ferskvassstifsel og artsrike hardbunnsamfunn, et stort antall fiskearter og et nasjonalt verdfullt estuarområde med sjeldne arter. Det er en målsetning å beskytte mot større grad av ytre påvirkning og at området skal kunne tjene som referanseområde for forsking og overvåking.

Havforskningsinstituttet er positivt til at Dalsfjorden marine verneområde etableres og at fjorden kan tjene som et referanseområde for forsking og overvåking.

Havforskningsinstituttet er opptatt av at verneregler avpasses formålet og at verneregler gir tilstrekkelig grad av vern i henhold til formålet.

Havforskningsinstituttet vil fraråde unntak fra vernereglene som tillater jakt, fangst og fiskeri i verneområdet, spesielt med hensyn formålet å verne norsk natur for kommende generasjoner.

Vårt råd bygger på nyere kunnskap om marine verneområder og nytten av ulike verneregimer, hvor internasjonal anerkjent forskning viser at det er nødvendig å innføre strengt eller fullt vern mot menneskelige aktiviteter, inklusive fiske, for å oppnå positivt utbytte av innsatsen med å opprette et marint verneområde (se for eksempel Rogers & Aburto-Oropeza m.fl., 2020 og Grorud-Colvert m.fl. 2021).

FNs naturpanel (IPBES), basert på en gjennomgang av internasjonal forskning, peker på at fiskerier er den påvirkningen som har hatt størst innvirkning på marine habitater og marin biodiversitet de siste 50 årene, og det argumenteres for at regulering av fiskeri må integreres med marint vern, spesielt for å styrke naturens evne til å møte klimaendringer.

**Kilder:**

Grorud-Colvert et al. 2021. The MPA Guide: A framework to achieve global goals for the ocean. Science 373(6560). <https://doi.org/10.1126/science.abf0861>

Rogers & Aburto-Oropeza m.fl., 2020 Critical Habitats and Biodiversity: Inventory, Thresholds and Governance. Rapport til High Level Panel for a Sustainable Ocean Economy (HLP)

Vennlig hilsen

Geir Huse  
Forskningsdirektør

Jan Atle Knutsen  
Programleder

*Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift. Innholdet er godkjent faglig gjennom prosess for rådgivning*

**From:** Anne Kristin Lilleaasen[Anne.Kristin.Lilleaasen@sunnfjord.kommune.no]  
**Sent:** 22.05.2022 23:43:29  
**To:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Høyring-av-Dalsfjorden-marine-verneområde-frå-Bygstad-Utvikling-19.05.22-chat  
Hei Maria,

her kommer innspill til høyring etter avtale.

Mvh.  
Bygstad Utvikling  
Anne Lilleaasen

Bygstad Utvikling  
(Nærmiljøråd)  
v/leiar Anne Lilleaasen  
Kårstad 74  
6977 Bygstad

Statsforvaltaren i Vestland

Bygstad, 19.05.22

### **Innspel til høyring av Dalsfjorden marine verneområde.**

Viser stil hyggeleg telefonsamtale med Maria Knagenhjelm den 13. mai 2022 om å få sende inn høyring til føreleggen verneforskrift.

Bygstad Utvikling er eit nærmiljøråd i Bygstad som jobbar med å få til gode bo- og arbeidsområder med utvikling og aktivitetar i Bygstad-området. Vi treng levedyktige lokalsamfunn kor Sunnfjordingar kan leve gode liv.

Det er stor etterspørsel frå innbyggjarar og hytteeigarar i Bygstad om å få «tilgang» til Dalsfjorden gjennom badestrand, molo eller bryggeanlegg. Vi har ingen gode områder med tilrettelagt badestrand eller badebrygge for allmenn benyttelse.

Vi er redd for at nye føringer i verneforskriften, som vi oppfatter som stenge, kan legge begrensninger for våre planer for utvikling av mellom anna friluftsområder.

Fjorden vår er svært grunn mange plassar og landområda langs fjorden er kort sagt «ubruklig» til friluftsformål slik det ligg i dag. Det vil difor kanskje vere behov både for muddring og faste installasjonar ut i fjorden for å få til gode løysingar. Heilt nylig er det skote ut og muret opp ein brygge ut i fjorden sentralt i Bygstad. Vi ber om at det fortsatt skal vere mogelig med fleire slike tiltak.

Vi meiner at forslag til forskrift vil legge stenge føringer for utvikling av bu-områder, reise- og næringslivsaktørar i og langs fjorden vår. Vi har godkjent cruisekai på Sveen og ønskjer å utvikle det potensiale som ligg i området for den type turisme. Vidare er det naturleg å tenke seg utvikling av småskala gardsturisme med campingplass og rorbuer og mogeleg vannsportssenter ved fjorden.

Etterspørsel etter småbåtplassar er stor og kapasiteten er på nåverande tidpunkt sprengt i Bygstad. For vidare utvikling av bustadområde vil ein båtplass gjere val av stad meir attraktiv.

Sunnfjord kommune er i gang med ny arealdel til kommuneplanen. Ein ny verneplan må ikkje legge begrensninger for tidlegare Gauldalen kommune sin kommunedelplan for næring og industri frå 2012, planlagt og/eller naudsynt infrastruktur.

Legg ved innspel om planstatus frå Sunnfjord med tidlegare innspel til verneplan frå Gaular kommune før kommunesamanslåinga kor ein ber om konsekvensutgreiing ved innføring av ny verneplan.

Gaular kommune sitt innspel: «Kommunedelplan Forretning og industri 2012 er ikkje omtala i høyringa, sjølv om denne vart spelt inn av tidlegare Gaular kommune i oppstartsmeldinga.

Kommunedelplanen opnar for småbåthamnar og næringsverksemd på nokre lokalitetar som vil ligge innanfor verneområdet. Vurdering av vidareføring av desse blir gjort i samband med ny arealdel i kommuneplanen, og arbeidet med dette blir ikkje ferdig før 2023. Om vernegrensene blir vedtatt slik dei ligg føre, vil dette legge føringar for desse områda; Bjørvika (Gbnr 187/3), Bjørvikestranda (Gbnr 188/17) og Eidevik (Gbnr 218/5,9,11) (jf. side 13,15 og 20 i kommunedelplan forretning og industri 2012).

Gaular kommune hadde følgjande kommentar til oppstartmeldinga:

«Geologiske fysiske og biologiske forhold: Formannskapet ser ein samanheng mellom tilstanden i Kapstadvika og miljøtilstanden i Kvamselva som har vore og framleis er for mykje påverka av ureining frå spreidte avløp og landbruk. Gaular kommune jobbar ut i frå ein tiltaksplan for Kvamselva/ Fauskeelva for å betre denne tilstanden, som i så fall også kan verke positivt inn på Kapstadvika.

Plansituasjonen: I tillegg til kommuneplanen frå 2001, bør ein også nemne kommunedelplan forretning og industri frå 2012. Planen opnar for småbåthamnar og næringsverksemd på nokre lokalitetar som vil ligge innanfor verneområdet. I tillegg gjeld framleis reguleringsplanar for Eidevika (gbnr 118/5), Standnes (gbnr 48/4), Sveen industriområde (Svesundet) og Industriområde Lervika (tidl. Sunnfjord Sag).

Ureining: Formannskapet vil presisere at avrenning frå flyplassen på Bringeland vert samla opp på flyplassen og deretter transportert til kommunalt avløp i utvanna tilstand. I tillegg vert glykolhaldig snø frakta frå flyplassen til Dalsfjorden. Det ligg føre utsleppsløyve for flyplassen frå Statsforvaltaren og det er gjort undersøkingar av innhald og påverknad. Formannskapet meiner at det er viktig å få vurdert Dalsfjorden si sjølvreinsingsevne som recipient for ma. avløpsvatn. Fjordbotnen har fleire tersklar og ulike sjikt i vassmassane. I tillegg er straumforholda svært varierande. Det er såleis usikkert om vanlege krav til utslepp til sjø i mindre følsomme område bør gjelde over alt i fjorden. For å vite meir om dette, må det utførast betre kartlegging av fjorden.

Forvaltningsplan: Det vil vere viktig med ein forvaltningsplan som legg klare føringar for handsaming av tiltak i sjø etter plan- og bygningslova, td. flytebrygger, forankring og utfylling ut over marbakken. Gaular formannskap er uroa over konsekvensane vern kan ha for friluftsliv, samt planer og utbygging av nødvendige og viktig infrastruktur for næringslivet og friluftsliv i desse områdene. Dersom ein vel å gå vidare med desse planane må det gjerast grundig konsekvensutgreiing og det må takast hensyn til dei utviklingsplaner som kommunen har i dette området no og i framtida.»

Bygstad utvikling er positive til uttalen om at for dei aller fleste som nyttar Dalsfjorden i dag vil vernet få liten eller ingen verknad. Det marine vernet vil ikkje medføre ferdselsrestriksjonar. Normal friluftsaktivitet vil ikkje vere i strid med verneføremålet, der fritidsfiske og ferdsle med båt vil kunne fortsetje uavhengig av eit vern eller ikkje.

Vi legg ved kart som viser nosituasjonen for verneområde, figur 1 og framlegg til verneplan, figur 2. For Bustad Utvikling kan synes det kan vere vanskeleg å forstå at ny verneplan ikkje vil legge

begrensende føringar for vidare utviking i Bygstadområdet. Vi ber om at forlag til verneplan ikkje rammar utviklinga vi jobbar med å få til.

Vi ber om at Gaula kommune sitt innspel om konsekvensutgreiing for Dalsfjorden marine verneplan vert gjennomført før planen vert vedteken.

Ber elles Statsforvaltaren merke seg at spesielt område frå Eidevikja (Saltkjelen) til Sveen inkludert Kapstadvikja og område frå Osen gard til Grønhaugen samt Sunde er interessante for utvikling av bade- og friluftsområder.

Figur 1 Verneområder i Dalsfjord pr. 19.05.22



Figur 2 Forslag til ny verneplan for indre del av Dalsfjorden.




Fig.1: Blå prikkar syner eigedomar lista opp under § 2 innanfor kommunegrensene til Sunnfjord.

Takk for at vi fekk sende inn innspel til høyringa.

Beste helsing

For Bygstad Utvikling

Anne Lilleaasen

-Leiar-

**From:** Solfrid Trå[Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no]  
**Sent:** 27.05.2022 10:16:02  
**To:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Cc:** Ole John Østenstad[Ole.John.Ostenstad@sunnfjord.kommune.no]; Hilde Bjørkum[Hilde.Bjorkum@sunnfjord.kommune.no]  
**Subject:** Søknad om utsett frist på tilleggsuttale fra Sunnfjord kommune til Dalsfjorden marine verneområde

Hei Maria

Syner til samtale og sender deg ein e-post der vi syner til at kommunestyre 25.05.2022 har handsama høyringsuttalen til Dalsfjorden marine verneområde (vedlagt) . Det vart då vedteke:

1. Sunnfjord kommune ber om å få utsett høyringsfristen for uttale til Dalsfjorden marine verneområde.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med ei sak til formannskapet med ei vurdering av behov for konsekvensutgreiing av ulike tema som kan bli berørt av planen.

Vi ber om ein utsett frist på å komme med ein tilleggsuttale til høyringa frå Sunnfjord kommune, og planlegg å ha saka oppe i siste formannskapsmøte før sommaren, den 23.juni, evt. 18 august.

Vi lurer også på om de kan stille på eitt av desse møta og orientere om vernet, og svare på spørsmål.

Med vennleg helsing

**Solfrid Trå**  
**Rådgjevar idrett og friluftsliv**  
Tlf: +47 976 23 098

**Sunnfjord kommune**  
Sentralbord: +47 57 72 20 00  
[www.sunnfjord.kommune.no](http://www.sunnfjord.kommune.no)

E-postar som vert ein del av vår saksbehandling eller har verdi som dokumentasjon, vil bli registrert i vårt saksbehandlingssystem og arkivert der. Treng du å sende sensitive opplysningar til oss, kan du nytte skjema her: [Elektronisk skjema for sensitive opplysningar](#)



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
062/22	Kommunestyret	25.05.2022

### Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

#### Vedtak i Kommunestyret 25.05.2022:

1. Sunnfjord kommune ber om å få utsett høyringsfristen for uttale til Dalsfjorden marine verneområde.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med ei sak til formannskapet med ei vurdering av behov for konsekvensutgreiing av ulike tema som kan bli berørt av planen.

---

#### Bakgrunn for saka

I sak 053/22 i møtet i kommunestyret 25.05.22 fremja Mathias Råheim (H) framlegg om å sette referatsak 4 «Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde» som ordinær sak på saklista.

Over 1/3 av medlemmene røysta for forslaget, og referatsaka vart sett på saklista jf. kommunelova § 11-3 første ledd.

Førde, den 25.05.2022

Jenny Følling  
ordførar

---

#### Behandling i folkevalde organ:

#### Behandling i Kommunestyret 25.05.2022:

**Framlegg til vedtak frå H og Sp, fremja av Oddmund Klakegg (SP):**

1. Sunnfjord kommune ber om å få utsett høyringsfristen for uttale til Dalsfjorden marine verneområde.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med ei sak til formannskapet med ei vurdering av behov for konsekvensutgreiing av ulike tema som kan bli berørt av planen.

Saka vart sett på saklista i møtet, jf. kml. § 11-3 første ledd.

Verken ordføraren eller 1/3 av medlemmene sette seg imot realitetsbehandling av saka, jf. kml. § 11-3 femte ledd.

**Avrøysting:**

H og SP sitt framlegg vart **samråystes vedteke**

**KST-062/22 Vedtak:**

1. Sunnfjord kommune ber om å få utsett høyringsfristen for uttale til Dalsfjorden marine verneområde.
  2. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med ei sak til formannskapet med ei vurdering av behov for konsekvensutgreiing av ulike tema som kan bli berørt av planen.
- 

**Vedlegg i saka:**

Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.  
17/1650-10

Dykkar ref.

Arkiv  
K2-K12

Dato:  
30.05.2022

**Dalsfjorden marine verneområde - høyningsuttale.**

Vi viser til brev dat. 17.02.22 om høyring av framlegg til Dalsfjorden marine verneområde. Saka vart handsama i kommunestyret 24.05.22, sak KOM 031/22, som følgjer vedlagt.

Med helsing

Kjersti Sande Tveit  
plan- og miljøvernleiar

*Direkte tlf.: 57 73 07 08*

*Brevet er elektronisk godkjent om det ikke er signert.*



**Arkiv:** K2-K12  
**JournalpostID:** 22/4700  
**Sakshandsamar:** Tveit, Kjersti Sande  
**Dato:** 19.05.2022

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
018/22	Komit��n��ring, milj�� og teknikk	24.05.2022
031/22	Kommunestyret	24.05.2022

### Dalsfjorden marine verneomr  de - h  yringsuttale.

#### R  dmannen sitt framlegg til vedtak:

Askvoll kommune ber om at merknadene som g  r fram av saksutgreiinga vert teke omsyn til i det vidare arbeidet med vern. Ut over dette ser kommunen positivt p   framlegget til Dalsfjorden marine verneomr  de.

#### 24.05.2022 Komit  n  ring, milj   og teknikk

##### Handsaming:

R  ysting: Samr  ystes

##### PNT-018/22 Vedtak:

Tilr  ding:

Komit  en er samd i r  dmannen sitt framlegg.

Saksordf  rar: Tormod Selvik

#### 24.05.2022 Kommunestyret

##### Handsaming:

R  ysting - samr  ystes

##### KOM-031/22 Vedtak:

Askvoll kommune ber om at merknadene som g  r fram av saksutgreiinga vert teke omsyn til i det vidare arbeidet med vern. Ut over dette ser kommunen positivt p   framlegget til Dalsfjorden marine verneomr  de.

## **Kva saka gjeld:**

Statsforvaltaren i Vestland har sendt framlegg til Dalsfjorden marine verneområde ut på høyring. Kommunen har høve til å gje uttale.

## **Saksutgreiing:**

Dalsfjorden var kartlagt som eigna marint verneområde allereie i 1995 (Utredning for Direktoratet for naturforvaltning nr. 1995-3). I marin verneplan frå 2004 er Dalsfjorden eitt av 36 føreslegne kandidatområde. I november 2017 meldte Fylkesmannen i Sogn og Fjordane oppstart av verneprosess for marint verneområde i Dalsfjorden. Kommunen ga uttale i sak FOR 065/18. Statsforvaltaren i Vestland har no sendt på høyring eit framlegg til vern i medhald av naturmangfaldlova §39 (marine verneområder). Høyringsframlegget omfattar ei verneforskrift med tilhøyrande kart. Eit følgjeskriv gjer god greie for bakgrunn, prosess og innhald i verneframlegget.

Dalsfjorden er ein smal fjordarm omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Det er fleire tersklar med ulikt artsmangfald innover fjorden. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata trivst i ganske grunne område. Dalsfjorden har spesielle straumtilhøve, ein uvanleg kombinasjon av stor ferskvasstilførsel og artsrike hardbotnsamfunn, eit nasjonalt verdfullt estuarområde med sjeldsynte pusleplanteartar lengst inne, og eit stort tal fiskeartar. Dalsfjorden er eit viktig oppvekst- og beiteområde for eit mangfold av marine artar. Både Gaulavassdraget og Laukelandsfossen/Storelva er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har òg status som nasjonalt laksevassdrag. Fjorden er lite påverka av utbygging og ureining, og det er etter det ein kjänner til så langt i prosessen, ikkje knytt store økonomiske interesser til utnytting av området i dag.

Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider dei siste ca. 2,5 millionar år med både representativ, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

Kandidatområdet omfattar areal i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar og er om lag 11,3 km<sup>2</sup> stort. Området omfattar nesten heile Dalsfjorden innanfor terskelen ved Nishammaren, like innanfor Dalsfjordbrua. Utgangspunktet for avgrensinga av kandidatområdet er at grensa er trekt på djupnekote 2m langs land. Det tilsvrar grensa for privat eigedomsrett ut i sjøen. Område som allereie er verna, er ikkje teke med i området. Kandidatområdet grensar difor til Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våmarksreservat. Område med gjeldande reguleringsplan for sjøområde er heller ikkje teke med i kandidatområdet. Fleire stader er vernegrensa trekt slik at marine gruntvassområde i fjøra vert inkludert, dvs. opp til normal flo.

Grunne område i fjorden er svært viktige for den biologiske produksjonen og det marine artsmangfaldet. Her finst dei fleste artane, og i tillegg er gruntområde med tareskog og fjøresone viktige oppvekstområde for fisk. Dei grunne sandområda er tilhaldsstad for eit spesielt utval av artar som ofte finst der i store mengder, og er viktig næring for andre ledd i næringskjedene. Grunne område er viktige for å finne næring for ei rekke fugleartar, mellom anna vadefuglar på gjennomtrekk. For å ta vare på dei mest produktive delane av

fjordsystemet er det derfor viktig at mange av gruntområda er med i verneområdet. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen.

For Askvoll omfattar kandidatområdet fjorden innanfor Dalsfjordbrua og inn til kommunegrensa. Langs fastlandet er grensa lagt på 2m djup, medan det ved Vikaholmen er teke med eit mindre gruntvassområde i tillegg. Det er noko bebyggelse i Fossevika, med litt næringsverksemde (reiseliv), men ikkje fastbuande pr. i dag.

Oppretting av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane. Vegetasjon og dyreliv vert verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon og utsetting av organismar vert forbode. I verneforskrifta er det teke inn ein del generelle unntak frå vernereglane, dvs. aktivitet og inngrep som er tillatt utan å søkje om dispensasjon frå vernereglane (§4). Det er òg lista opp ei rekje (i hovudsak mindre) tiltak som kan tillatast etter søknad om dispensasjon (§5). Her inngår ma. bryggjer og fortøyningar, utviding av eksisterande tømmerkai i Kvamen og tiltak i samband med oppgradering av FV57 langs Dalsfjorden. Det er òg ei generell opning for å søkje om dispensasjon til ting som ikkje er nemnt i dei andre paragrafane, dersom dei ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt (§6). Det skal utarbeidast forvaltningsplan (§8) som gjev nærmere retningslinjer for forvaltning og skjøtsel. Ein forvaltningsplan vil dermed utdjupe verneforskrifta og gi retningslinjer for brukarinteressene.

For dei fleste som nyttar Dalsfjorden i dag vil vernet få liten eller ingen verknad. Det marine vernet vil ikkje medføre ferdelsrestriksjonar. Normal friluftsaktivitet vil ikkje være i strid med verneføremålet, og fritidsfiske og ferdslle med båt vil kunne fortsette uavhengig av eit vern eller ikkje, men ikkje hausting av skjel og vegetasjon som td. tang og tare. Jakt og fangst vil vere tillatt. Vedlikehald av eksisterande anlegg og innretningar som til dømes røyrleidningar, bryggjer og kanalar til naust vil være lov. Tiltak ut over vanleg vedlikehald vil i utgangspunktet ikkje være lov. Bru i luftspenn over Svædsundet vil ikkje komme i konflikt med verneføremålet, men brupåle i sjøen vil vere negativt iht. verneverdiane. Verneforskrifta legg ikkje opp til regulering av fisket slik det går føre seg i dag, dette er allereie regulert gjennom havressurslova og lakse- og innlandsfisklova. Om vern vil medføre konsekvensar for eventuell framtidig akvakultur, vil avhenge av konkrete vurderingar av om slik aktivitet er i tråd med verneføremålet. Generelt aukar ofte turismen til område rundt store naturvernombåde, sidan eit vern indikerer at det kan vere flotte naturopplevelingar der. Eit marint verneområde kan ha ein positiv effekt for reiselivet rundt Dalsfjorden.

### **Vurdering:**

I arealdelen av kommuneplanen, vedteken 14.10.15, er sjøområda avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag generell og ferdsel (farlei). Det er lagt omsynssone H740 over heile sjøområdet (nasjonal laksefjord). Midtfjords er det lagt inn føresegnområde fiskeområde/rekeområde (stipla linje). Det er òg lagt inn omsynssoner for skredfare og luftspenn (høgspent). Kandidatområdet grensar til reguleringsplan for Dalsfjordbrua, vedteken i 2008.

I høyringsbrevet står det at arealdelen er vedteken i 2014, og at kommunen held på med revisjon og tek sikte på å sende den på høyring i løpet av 2022. Ingen av delane er korrekt.

Kommunen har ikkje starta revisjon av arealdelen enno. Det er òg delvis mistolka innhaldet i planen – stipla linje er feilaktig oppfatta som småbåtlei.

Slik administrasjonen ser det, er intensjonane bak verneområdet og verneforskrifta god. Forslaget vil gje vern til naturverdiane, utan at det vil ha særleg innverknad på den daglege bruken av området for folk flest.

Det er likevel nokre punkt i verneforskrifta som er litt uklåre og bør presiserast.

§2 om geografisk avgrensing viser til at grensa går fram av kart, men teksten i paragrafen er strengt teke ikkje i samsvar med kartet. Det står at verneområdet omfattar konkrete gnr./bnr., men det er heile eller delar av sjøområda opp til flomålet som er omfatta. Det står at grensa langs land følgjer dybdekote 2 unntake for indre delar av Dalsfjorden. Det er veldig upresist kva ein meiner med «indre delar», forøvrig er delar av Vikaholmen i Askvoll kommune eit gruntområde som er med i verneområdet, og det kan vel ikkje oppfattast som at ligg i «indre delar». Det er heller ikkje nemnt noko om dei andre avgrensingane som er gjort. Heile paragrafen bør nok skrivast om og presiserast.

I §4 om generelle unntak frå vernereglane er det i pkt. b) nemnt fortøyning av småbåt og oppankring mot land. I pkt. g) er det nemnt ferdsel med båt og oppankring mot land. Det er uklårt kva ein legg i desse, og kva skilnaden på dei to punkta er.

I §4 pkt. i) om unntak for drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar bør ein legge til røyrleidningar.

I §4 pkt. m) om unntak for utslepp av reinska kloakk er det upresist om dette gjeld eksisterande, godkjende utslepp. I §5 pkt. h) om utlegging av nye leidningar for utslepp av reinska kloakk i samsvar med andre lover, er det uklårt kva ein meiner med «andre lover». Kva ein meiner med «ureinska kloakk» kunne gjerne vore betre definert. I Fossevika er det ma. reiselivsverksemrd i liten skala, og det finst eit mindre avløpsanlegg (slamavskiljar) i dag. Det kan i framtida vere aktuelt med fast busetnad, noko auka reiselivsverksemrd og å utvide eller anlegge nye, små utslepp. Staden er imidlertid veglaus, slik at tømming av slamavskiljarar ol. er svært utfordrande. Vi ber om at det vert vurdert om det kan opnast for slike mindre, ureinsa utslepp, eller i alle fall presiserast i verneforskrifta kva som kan opnast for.

I §5 om dispensasjon etter søknad er det i pkt. e) omtalt småbåthamner medrekna ma. flytebryggjer og fortøyningar. I pkt. k) er det omtalt bølgjedemparar i samband med småbåtanlegg. Det er uklårt kvifor desse står i ulike punkt. Bølgjedemparar er ikkje uvanleg å sjå på som tiltak nær knytt til flytebryggjer og fortøyningar. I reguleringsplanar etter plan- og bygningslova skil ein mellom småbåthamner og småbåtanlegg. Det er uklårt om det er eit tilsvarande skilje her, eller om ordbruken er tilfeldig. I høyningsbrevet står det at det i utgangspunktet ikkje er opna for større bryggjeanlegg. I reguleringsplansamanhang vil større bryggjeanlegg definerast som småbåthamn.

## **Konklusjon:**

Administrasjonen vurderer at avgrensinga av verneområdet er grei, og intensjonane bak verneområdet og verneforskrifta er god. Forslaget vil gje vern til naturverdiane, utan at det

vil ha særleg innverknad på den daglege bruken av området for folk flest. Delar av framlegget til verneforskrift bør likevel presiserast.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

**Vedlegg i saka:**

17.02.2022	Høyring av Dalsfjorden marine verneområde - følgjebrev	257734
18.02.2022	hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade-i-askvoll-fjaler- og-sunnfjord-kommunar	257756
18.02.2022	vedlegg-1-hoyringskart-dalsfjorden-marine-verneomrade	257755
18.02.2022	vedlegg-2-verneforskrift-dalsfjorden-marine-verneomrade-til- hoyring	257754
18.02.2022	vedlegg-3-innkomne-merknadar-og-motereferat_dalsfjorden	257753
20.04.2018	Marint verneområde i Dalsfjorden - oppstart av verneprosess.	170702



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

## **Tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde**

Formannskapet har i møte 23.06.2022 behandla sak 139/22 «Tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde», og der vart det gjort slikt vedtak:

1. Sunnfjord kommune meiner at det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Lervika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.
2. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareala.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringar og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.
4. For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.
5. Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt

**Du kan klage på vedtaket til Sunnfjord kommune.**

Klagefristen er 3 veker etter at du har fått melding om vedtaket. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt den dagen fristen går ut.

Klagen skal vere underteikna og vise til vedtaket. Vidare skal du grunngje kvifor du klagar og elles vise til den/dei endringane du ønsker. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om det er klag i rett tid, ber vi om at du oppgir kva tid denne meldinga kom fram.

Forvaltningslova kapittel VI § 28-32 klargjer rettar og plikter i samband med klage på einskildvedtak.

Med helsing

Solfrid Trå  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av  
Dalsfjorden marine verneområde 1635253



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
139/22	Formannskapet	23.06.2022

### Tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

#### Vedtak i Formannskapet 23.06.2022:

1. Sunnfjord kommune meiner at det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Lervika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.
2. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareala.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringer og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.
4. For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.
5. Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune meiner at det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.
2. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareala.

3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringer og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.
  4. Sunnfjord kommune ber om utsett frist til å komme med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3, og når vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanens arealdel som pågår no.
- 

## **Bakgrunn for saka**

I samband med høyring av Dalsfjorden marine verneområde, gav Sunnfjord kommune fråsegn 21.04.2022, jf. USKN-022/22 Vedtak: Sunnfjord kommune ber om at kommunen sine innspel til høyringa av Dalsfjorden marine verneområde vert vurdert i det vidare arbeidet med vern jf. saksutgreiing 08.04.2022.(vedlagt).

I kommunestyret 25.05.2022 vart det vedtatt å ta opp saka, og kommunestyret gjorde følgande vedtak:

1. Sunnfjord kommune ber om å få utsett høyringsfristen for uttale til Dalsfjorden marine verneområde.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren komme tilbake med ei sak til formannskapet med ei vurdering av behov for konsekvensutgreing av ulike tema som kan bli berørt av planen.

Sunnfjord kommune har fått utsett frist fra Statsforvaltar på å komme med tilleggsuttale til høyringa. Statsforvaltar orienterte om Dalsfjorden marine verneområde i formannskapsmøte 09.06.2022. Presentasjon frå orienteringa er lagt ved saka.

## **Saksutgreiing**

Kommunestyret ber om ei vurdering av behov for konsekvensutgreing av ulike tema som kan bli berørt av planen. Formannskapet i tidlegare Gaula kommune ba også om dette i 2018 i tillegg til at det måtte takast omsyn til dei utviklingsplanane som kommunen har i dette området no og i framtida (sjå vedlegg).

Føreslått verna areal i Dalsfjorden er for lite til at det utløyser krav etter KU-forskrifta.

Det er allereie føringar på tiltak i botnen og strandsona, på bakgrunn av kartlagde naturverdiar og andre loverk. Kommunedirektøren vil på bakgrunn av dette vurdere tema der verneforskrifta vil kunne gje strengare føringar enn det som ligg til grunn utan vern.

Syner også til tidlegare saksutgreiing og uttale, jf. USKN-022/22 Vedtak.

## **Vurdering**

Kommunedirektøren vurderer at desse tiltaka kan blir berørt i større eller mindre grad av vernet:

1. Næringsareal i Eidevik, Bjørvikstranda og Bjørvika i gjeldande [kommunedelplan forretning og industri 2012](#) opnar for småbåthamnar og næringsverksemd ved Dalsfjorden. Planen er ikkje omtala i høyringa, sjølv om denne vart spelt inn av tidlegare Gaular kommune i oppstartsmeldinga. Verneområdegrensene er lagt utanfor framtidig næringsareal i Bjørvika, men ikkje i Eidevik og Bjørvikstranda. Framtidig næringsareal avsett i kommunedelplanen ligg ikkje inne digitalt i kommunekart, og dette er nok årsaka til at desse ikkje er teke omsyn til. Det er sannsynleg at tiltak som utviding av kaianlegg og småbåthamn kjem innanfor verneområdegrensene slik dei ligg i dag. Sunnfjord kommune meiner av den grunn at vernegrensa bør leggast utanfor desse områda, på tilsvarende måte som reguleringsplanane som inkluderer sjøareal i Dalsfjorden. Om verneområdegrensene ikkje vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareaala.
2. Oppgradering av Fv. 57: Forskriftas § 5 p) opnar opp for dispensasjon til tiltak i samband med oppgradering av Fv 57 langs Dalsfjorden, og det vil ikkje komme i konflikt med naturmangfaldet å etablere ei eventuell framtidig bru over sundet med eit luftspenn over fjorden. Kommunedelplan for Fv 57 skal opp i formannskapet den 23.06.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeidet. Det ligg ikke framlegg om bru over Svesundet. Nøyaktig plassering av brua og type bru vil bli avklara i detaljreguleringsplan. Det er opplyst at det kan vere mogleg at brua kan byggast i luftspenn fordi sundet er smalt. Det skal også vere mogleg for båtar å passere under brua. Av den grunn er det uklart om det er nødvendig med brufeste i sjø eller strandsone, og om det er naudsynt med ei konsekvensutgreing av desse alternativa.
3. Næringsanlegg ved Dalsfjorden. Dette vil gjelde eventuelt framtidige næringsanlegg, t.d. kaianlegg og småbåtanlegg utanfor regulerte område eller område avsett i kommunedelplan for forretning og industri 2012. Vurdering av behov og kapasitet vart gjort i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri i 2012, og nye behov blir gjort i samband med kommuneplanens arealdel. På bakgrunn av dette ønsker kommunedirektøren utsett frist, slik at behov og kapasitet er kartlagt i ny arealdel før vi gjer endeleg innspel. Kommunedirektøren ønsker også at Statsforvaltar gjer ei konsekvensutgreiing av kva vernet kan ha å seie for realisering av nye næringsanlegg ved Dalsfjorden.
4. Tiltak på land (t.d. rorbuer, naust, bustadhus mfl.). Vernet påverkar ikkje tiltak på land, med unnatak av om dei fører med seg behov for mudring, utfylling eller liknande som kan påverke botnen. Det kan søkast dispensasjon til slike tiltak i føreslått verneforskrift, og denne type tiltak er allereie regulert av plan og bygningslova mfl. Kommunedirektøren vurderer av den grunn at dette ikkje er behov for å konsekvensutgreie.
5. Nye mindre tiltak i strandsona, t.d. brygge, mudring i samband med naust m.m. Det kan søkast dispensasjon til slike tiltak i føreslått verneforskrift, og denne type tiltak er allereie regulert av plan og bygningslova mfl. Kommunedirektøren vurderer av den grunn at dette ikkje er behov for å konsekvensutgreie.
6. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv, som badestrand, molo eller bryggeanlegg,

der det vil vera behov for mudring og faste installasjonar. Det vil kunne vere ønske om å få til dette utanfor allereie regulerte område i Bygstad sentrum, Eidevik og Standnes. Det er uklart om kva § 5 d omfattar av friluftslivstiltak, og av den grunn ønsker vi ei klargjering av dette frå Statsforvaltar.

7. Avløpsanlegg: Utlegging av nye avlaupsrør kan få løyve etter søknad. Statsforvaltar signaliserer at dei fleste slike tiltak vert gitt løyve til, men at det kan komme føringar for plassering/trasé med omsyn på naturverdiar. Sjølv utsleppsløyvet er det ureiningslova og ureiningsforskrifta som gjev føringar for. Kommunedirektøren vurderer av den grunn at dette ikkje er behov for å konsekvensutgreie.
8. Store fjordfyllingar vert det vanskeleg å få dispensasjon til. Dette betyr at utfylling i samband med veginfrastruktur kan vere vanskeleg å få til etter vern. Kommunedirektøren meiner det bør konsekvensutgreiast om det kan komme framtidige behov i høve veginfrastruktur som vert påverka av vernet, t.d. utbetring av Laukelandsvegen.

Sunnfjord kommune er som før nemnd i gang med ny arealdel i kommuneplanen, og den er planlagt vedtatt sommaren 2023. Vi vil få oversikt over innspel og arealbehov hausten 2022.

På bakgrunn av opplista behov på tema som bør konsekvensutgreiast og eventuelle nye innspel i samband med kommuneplanen sin arealdel, vil vi ha høve til å komme med tilleggsuttale i løpet av hausten 2022.

Førde, den 13.06.2022

Ole John Østenstad  
kommunedirektør

Hilde Bjørkum  
Kommunalsjef kultur og idrett

---

### **Behandling i folkevalde organ:**

#### **Behandling i Formannskapet 23.06.2022:**

**Tilleggspunkt i pkt. 1 i tilleggsuttalen frå H og SP, fremja av Anne Lilleaasen (H):**  
Industriområdet i Lervika som ligger i Gaular sin kommunedelplan for industri og næring, og som grenser ut i Dalsfjorden er med i punkt 1. (**Lervika**, Eidevika, Bjørvika og Bjørvikstranda)

**Nytt pkt. 4 i tilleggsuttalen frå H og SP, fremja av Anne Lilleaasen (H):**

For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.

**Tilleggsframlegg, fremja av Marius Dalin (MDG):**

5. Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt

**Avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 1, med H og SP sitt tillegg vart **samråystes vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 2-3 vart **samråystes vedteke**

MDG sitt tillegg vart **samråystes vedteke**

**Alternativ avrøysting:**

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt 4, fekk ingen røyster og **fall**

H og SP sitt framlegg (pkt. 4) vart **samråystes vedteke**

**FORM-139/22 Vedtak:**

1. Sunnfjord kommune meiner at det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Lervika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.
2. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareala.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringar og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.
4. For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.
5. Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt

---

**Vedlegg i saka:**

Fråsegn frå Sunnfjord kommune - høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Uttale til oppstartmelding for marint verneområde i Dalsfjorden Gaular kommunestyre 2018

Marint vern Dalsfjorden\_presentasjon Sunnfjord formannskap 9 juni 2022



Sunnfjord kommune  
Postboks 338  
6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

## Utfyllande informasjon til Sunnfjord kommune om Dalsfjorden marine verneområde

Vi viser til høringsprosessen for Dalsfjorden kandidatområde for marint vern, og til tilleggsuttale frå dykk datert 27.06.2022 der det blir etterspurt meir informasjon og utsett høringsfrist. Vi ser den store verdien av innspel frå kommunen, og utset dermed høringsfristen slik at kommunen kan handsame saka på ny. Vi set ny frist til den 10. november.

Vi viser også til den første høringsuttala som kommunen sendte den 21.04.2022. I tilleggsuttala har formannskapet vedteke fire punkt. Vi ønskjer å svare på dei i den rekjkjefølgja dei er lista i brevet:

### Tilleggsuttale frå kommunen:

1. Sunnfjord kommune meiner det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaula 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Lervika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.

### Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi har, heilt frå starten, sagt at vi ville ta omsyn til eksisterande kommunale planar. Dette har vore formidla både til kommunen og i folkemøtet i Bygstad den 14.11.2017. Vi fekk nok ikkje god nok oversikt over alle planar i oppstartsfasen, noko som har ført til at høringskartet ser ut som det gjer. Vi vil omtale næringsareala Lervika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda punktvis under:

Lervika (også omtalt som Leirvika) ligg heilt inst i Dalsfjorden ved utløpet av det verna vassdraget Gaula og Osen naturreservat. Vi viser til eit notat frå 2011 (vedlagt) utarbeidd etter møte med dåverande Fylkesmannen og Gaula kommune om naturverdiane i dette området. Det er knytt svært store naturverdiar i området ved Sunnfjord sag. Tiltak i dette området vil være i direkte konflikt med raudlista naturtype og raudlista artar, noko som heller ikkje vil vere i tråd med plan- og bygningslova (pbl). Vi ser det som vanskeleg å innskrenke det marine verneområdet i denne delen av arealet.



Eidevik ligg aust for Bygstad og er ein småbåthamn med fleire flytebryggjer. På høyringskartet hadde vi trekt vernegrensa utanom småbåthamna i Eidevika, slik småbåthamna ligg i dag. Vi ser no at vi ikkje fanga opp kommunen sitt avsette areal for framtidig utviding av småbåthamn, og tilpassar vernegrensa slik at heile det regulerte arealet blir heldt utanfor vernegrensa. Slik blir det rom for utviding av nærings- og fritidsaktiviteten i framtida. Vi vil såleis møte kommunen sitt ønskje i dette området.

Bjørvika og Bjørvikestranda ligg ikkje inne i offentleg tilgjengelege databasar som kommunekart eller fylkesatlas, og det er difor vi ikkje har fanga opp disse to næringsareala i vårt arbeid med vernegrensa. Bjørvika (også omtalt som Bjørsvika) har ein eksisterande snikkarverkstad med kai, og Gaula kommune sin [plan for industri og næring](#) frå 2012 har med areal for mogeleg småbåthamn med storleik 5,7 dekar nord for noverande infrastruktur. Planen inkluderer også eit framtidig næringsområde mot vest med ei 29-32 m brei utfylling i sjø. I nærliken er det utført [kartlegging av biologisk mangfald](#) på m.a. tette førekomstar av begerkorall og flekkvise førekomstar av korallnellik. For Bjørvikestranda er det i nemnte plan for industri og næring avsett areal til næringsareal, småbåtanlegg/hamn m.m.

Vi viser til signala våre om å ta omsyn til eksisterande kommunale planar og kan leggje vernegrensa utanfor Bjørvika og Bjørvikestranda.

Kommunedelplan for industri og næring er over 10 år. Generelt er det slik at alle område som ikkje er utbygde, og som skal videreførast i ny kommuneplan, må bli vurdert opp mot gjeldande nasjonale og regionale føringar og interesser og ny kunnskap. I tillegg må desse bli vurdert opp mot aktualitet og behov.

#### Tilleggsuttale frå kommunen:

2. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareala.

#### Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi flytter gjerne vernegrensa for Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda etter kommunen sitt ønskje. For Lervika veger store, nasjonale naturverdiar tungt i vår vurdering. Vi viser igjen til vedlagt notat frå 2011 med konsekvensvurderingar for planarbeid og naturmangfald inst i Dalsfjorden.

Vi syner til oppstartsmeldinga og høyringsdokumenta der vi har vurdert verknader og konsekvensar av vernet med ei tilsvarande grundighet og breidde som ein konsekvensutgreiing ville svart på. Vi viser også til svara våre under punkt 1 og 3.

#### Tilleggsuttale frå kommunen:

3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringar og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.

#### Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi viser til høyringsdokumenta i dette spørsmålet. Vi meiner at marint vern i Dalsfjorden vil kunne ha positive verknadar for både reiselivsnæring og lokal identitet. Erfaringar frå andre verneområde syner at vernestatus i mange tilfelle kan føre til auka inntekter for lokalsamfunnet og ein generelt auka attraktivitet og stoltheit hjå innbyggjarar.



Vi er nyleg gjort merksame på at verneforskrifta, slik den ligg føre i høyringa, vil hindre fri oppankring av større båtar enn 15 meter. Vi fekk innspel i haust om at det tidvis blir ankra opp med yachtar større enn 15 meter på ein fast plass i fjorden, noko verneforskrifta i dag ikkje opnar for. Vi vil, i vår tilråding til Miljødirektoratet, tilrå å leggje til ein ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing som tar omsyn til næringsinteressene utan at det blir skadeverknader for verneverdiane.

Vi har tilpassa vernegrensa kring småbåthamna i Eidevik, slik at den kan bli utvida jf. gjeldande kommuneplan. Ut i frå planen til Gular frå 2012 om industri og næring ser det ut til at det er avsett fleire areal til småbåthamn. Vi syner også til § 5 e der det er opna for å gje dispensasjon, dersom det ikkje strir mot verneføremålet, for m.a. flytebryggjer og fortøyinger.

Når det gjeld utvikling av friluftsområde har vi også motteke innspel på dette frå Bygstad utvikling. Vi viser til at vernegrensa nokre strekk går to meter under lågaste vassstand og andre strekk i fjøresteinane. Dei fleste tilretteleggingstiltak for friluftsliv vil i hovudsak gå føre seg på land etter plan- og bygningsloven. Forvalningsstyresmakta vil også kunne gje dispensasjon, jf. verneforskrifta § 5 d til tilretteleggingstiltak for friluftsliv. I § 5 g er det også opna for å gje dispensasjon til Tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk.

Utbetting av infrastruktur som til dømes legging av kablar for breiband, og liknande, vil kunne fortsetje. Det ligg inne ein dispensasjonsheimel for legging av naudsynte navigasjonsinstallasjonar, legging av kablar og røyrleidningar, legging av avløypsrør i samsvar med forureiningsregelverk, med meir i verneforskrifta si § 5. Årsaka til at vi må handsame dette som dispensasjonsakar er for å finne best mogeleg driftsmetode (trasé, tid på året, osb.) i eit eventuelt løyve av omsyn til naturmangfaldet. Dersom det er aktuelt med ei framtidig bru over Svesundet/Svædsundet har vi tilrådd i høyringsdokumenta at den beste metoden for å ta vare på dei verdifulle førekommstane av korallar er å planlegge brua i luftspenn. Det vil då heller ikkje kunne redusere vassutskiftinga i indre delar av fjorden, der overvakingsdata syner at vasskvaliteten ikkje er så god som målet er.

#### **Tilleggsuttale frå kommunen:**

4. For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.

#### *Statsforvaltaren sine kommentarar:*

I brevet av 27.06.2022 signaliserte kommunen at den i løpet av hausten vil vite meir om det framtidige arealbehovet gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel. Statsforvaltaren har fått i oppdrag å sende ei tilråding om vern i Dalsfjorden innan kalenderåret, og høyringsfristen var opphavleg sett i april.

#### **Tilleggsuttale frå kommunen:**

5. Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt.

#### *Statsforvaltaren sine kommentarar:*

Vi vurderer at verneverdiane blir ivaretakne også ved å ta omsyn til eksisterande kommunale planar for Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda. Det ville vore endå betre å inkludere enkelte av dei avsette områda i det marine vernet, men det er viktig i vårt arbeid at kommunen kan gje si tilslutning til



arbeidet med marint vern i Dalsfjorden. Vi gjer uansett merksam på at for Lervika/Leirvika er det nasjonale naturverdiar som, uavhengig eit marint vern eller ikkje, må bli teke vare på og beskytta frå forstyrring/nedbygging.

Dalsfjorden er ein flott representant for norske fjordar. Difor er den valt ut som eit av 36 nasjonale kandidatområde til status som marint verneområde. Det er spesielle naturtilhøve i Dalsfjorden, og som eit ledd i å ta vare på naturmangfaldet for framtidige generasjonar håpar vi at vi i samarbeid kan ta vare på dette spesielle området. Vi vil leggje vekt på dykkar innspel om å søkje å oppnå lokal forvaltning i vår tilråding vidare. Vi har gode erfaringar med lokal forvaltning av store verneområde, og håpar Dalsfjorden kan bli eitt av dei første områda nasjonalt som kan oppnå dette, når tilhøva ligg så godt til rette for det.

Vi håpar dette brevet svarar på det kommunen lurer på, og i møte ser gjerne ei tilbakemelding på det. Dersom det er ønskjeleg kan vi komme tilbake for å orientere meir.

Med helsing

Eline Orheim  
Seksjonsleiar, naturmangfald

Maria Knagenhjelm  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1           Vedlegg - notat Leirvika 2011

## **NOTAT**

### **Ny tømmerkai og utmudring ved Sunnfjord sag i Gaular kommune – førebels vurdering av konsekvensar for natur- og miljøtilhøve**

Utarbeidd med bakgrunn av e-post 07.10.2011 frå Gaular kommune v/avd.ingeniør Jens Otto Hestad, videomøte 07.10 der Anne Karin Hamre og Tore Larsen deltok frå Fylkesmannen, og vidare telefonsamtalar med mellom dåverande ordførar Jenny Følling og fylkesmiljøvernsjef Nils Erling Yndesdal i veke 40.

## **1. Historikk og bakgrunn**

Fylkesmannen fekk på videomøte 07.10 litt historikk om sagbruket, som har hatt driftsmessige utfordringar sidan 1976, med ein konkurs i 1985 og ny konkurs i år. Tilgangen på virke vart nemnt som eit problemområde, i tillegg til gammalt utstyr i bedrifta. Eksisterande kai har vore på Bjørvikstranda (som ligg nokre km ut fjorden på sørsida), men denne er no avvikla etter at det viste seg at den var ulovleg bygd av kommunen og skogeigarlaget (feil saksgang), og grunneigar er negativt innstilt.

Ønskemålet no er å lage ny kai inn til sjølve sagbruket, på same måte som vist i kartet "Kommuneplan Gaular – kommunedelplan Bygstad" (2001). Dette betyr at kaien vil ta om lag 2/3 av gruntområdet i Leirvika, som tilsvrar naturtypelokaliteten "Osen nordvest" (verdi A). Vidare må det mudrast i eit område utanfor kaien. Dette vil føre til at så godt som alt det resterande av gruntområdet i Leirvika går med, i tillegg til at avsetningane som elva har lagt opp må fjernast nær opp til Osen naturreservat. Ettersom elva vil bringe stadig nytt material ut i osen, må det mudrast med jamne mellomrom (jf kart som kommunen sendte over 07.10).

## **2. Natur- og miljøfaglege interesser**

### **a) Naturtypar og artar**

Omtale av naturtypelokaliteten i Naturbasen:

*"Omtale ut frå tur 04.08.2002. Lokaliteten omfattar strandsona på nordsida av Osen, frå grensa til naturreservatet i indre del og ut til den gamle bryggja på Kviteneset. Sagbruket med tilhøyrande anlegg øydelaa truleg viktige delar av dette gruntvassområdet da det vart bygd, i tillegg har m.a. ei boligtomt ført til at ytterlegare parti av strandsona har gått tapt. Fortsatt er det likevel parti med verdifull pusleplantevegetasjon attende her. Rundt husa er det også innslag av litt strandeng. Under vitjinga vart det funne alle dei typiske raudlisteartane for området, som stilkvasshår, dvergsivaks, skaftevjebblom og pusleblom, i tillegg til fleire andre pusleplantar. Også nokre strandengplanter veks på begge sider av boligtomta, som kattehale og fjøresaulauk. NB! Parti rett utafor et avlaupsrør frå sagbruket var heilt utan vegetasjon, og ureining frå sagbruket er nok eit trugsmål mot naturverdiane i området. Eldre omtaler av naturverdiane i Osen har truleg også omfatta denne delen av brakkvassområdet, men desse kjeldene er ikkje teke med her, da dei helst har hatt hovudvekten på indre delar. Verdien er sett til svært viktig (A) da dette er ein viktig del av det botanisk sett mest verdfulle brakkvassmiljøet på Vestlandet, med førekomst av 4 raudlista planteartar, innbefatta ein direkte truga art. Det beste for*

*naturverdiane er å la området få ligge i ro utan inngrep. Nedbygging eller dumping av avfall kan lett øydelegge verdiane, men også ureining er negativt.”*

Denne lokaliteten blei funne under naturtypekartlegginga i Gaular i 2002. Miljøfaglig Utredning har etter dette også funne eit par andre veksestader for stilkvasshår, slik at kjente førekomstar i Norge no er desse:

1. Grønøyra, Naustdal
2. Osen (reservatet), Gaular
3. Førde (industriområdet), Førde
4. Osen nordvest, Gaular
5. Førde (1 km utanfor Jølstraosen), Førde
6. Guddalselva (osen), Fjaler

Av desse er nr. 1 ein stor bestand. Nr. 3 er ein liten bestand. Nr. 5 blei funne i 2002, men ikkje påvist igjen i 2004. Nr. 6 var ein sparsam førekomst. Den aktuelle bestanden er nummer 4, som i praksis må sjåast på som ein del av nr. 2. Det er med andre ord ein stor, to små og to usikre bestandar i Norge.

#### **b) Osen naturreservat**

Ifølgje kartet frå kommunen/tiltakshavar skal det mudrast heilt opp mot kanten til Osen naturreservat. Stadig mudring i dette området må nødvendigvis påverke tilhøva inne i naturreservatet ved at djupna i ytre del vil auke. Kaianlegget vil i seg sjølv grense til det nordre hjørnet av reservatet.

Det er Fylkesmannen som er forvalningsstyremakt for Osen naturreservat. Det er eit generelt forbod mot m.a. utmudring i sjølve naturreservatet.

#### **c) Arbeidet med ein marin verneplan**

Miljøverndepartementet (MD) og Fiskeri- og kystdepartementet utgreiar for tida opplegg for ein marin verneplan. Indre del av Dalsfjorden er eitt av tre kandidatområde i Sogn og Fjordane. MD har bedt fylkesmennene om å sjå til at det ikkje blir gjennomført inngrep i desse kandidatområda før det er gjort endeleg avklaring av ein slik marin verneplan.

#### **d) Gaula som eit nasjonalt laksevassdrag med indre del av Dalsfjorden som ein nasjonal laksefjord**

Aktuelt nytt område for kai og utmudringsområde ligg i overgangen mellom sjølve Dalsfjorden og laksevassdraget Gaula. Stortinget vedtok i 2007 vassdraget Gaula som eit nasjonalt laksevassdrag. Vedtaket inneber at det ikkje blir akseptert nye tiltak i det nasjonale laksevassdraget som er til skade for villaksen. Formålet med den nasjonale laksefjorden Dalsfjorden, er å bidra til at det ikkje skjer tiltak som kan vere til skade for villaksen i det nasjonale laksevassdraget.

### **3. Planstatus**

Fylkesmannen har fleire gongar tidlegare gitt tilbakemelding til Gaular kommune om at ev bygging av kai i dette området er konfliktfylt. Kommunen har som kjent prøvd å

legge til rette for kai på annan plass tidlegare (Bjørvikstranda). Denne ligg 7,5 km køyreveg unna Sunnfjord sag.

I gjeldande arealDEL til kommuneplan (frå 2001) er det lagt ut eit framtidig byggjeområde i sjø ved Sunnfjord sag. I framlegg (august 2010) til kommunedelplan for forretning og industri, har kommunen teke ut det tidlegare planlagde industriområdet ved sjø ved Sunnfjord sag; dette med bakgrunn i ny kunnskap om naturmangfald. Fylkesmannen har i fråsegn 08.11.2010 støtta dette:

*"Vi ser det som positivt og viktig at kommunen, på bakgrunn av ny kunnskap om naturmangfaldet (naturypekartlegginga 2002), har teke ut det tidlegare planlagde industriområdet i sjø ved Sunnfjord sag, og såleis endrar kommuneplanen her. Som det går fram av konsekvensutgreiinga (Jf. DN sin naturbase) utgjer dette sjøområdet ein viktig del av det botanisk mest verdifulle brakkvassmiljøet på Vestlandet, med førekomst av fire raudlista planteartar, inkl. ein direkte truga art."*

I kommunedelplan for differensiert forvaltning av Gaulavassdraget (1996) ligg utløpsosen av vassdraget i forvaltningsklasse 2. Masseuttak (og liknande som t.d. utmudring?) blir her definert som tiltak som normalt vil vere i konflikt med vernekriteria for det verna vassdraget.

#### **4. Oppsummering**

Det er svært store naturverdiar knytt til dei områda ved Sunnfjord sag i Bygstad der tiltakshavar no har ønskje om å etablere kai og gjennomføre utmudring. Tiltaket vil vere i direkte konflikt med raudlista naturype og fleire raudlista artar. Tiltaket vil ha potensiale for konflikt med Osen naturreservat, Dalsfjorden som kandidatområde for marin verneplan, og Gaula som nasjonalt laksevassdrag og verna vassdrag (primært verna mot kraftutbygging).

Bygging av ei kai så nær utløpet av eit stort vassdrag som fører mykje masse ut i fjorden, vil vere utfordrande ved at det stadig må mudrast opp for å halde open tilkomst med båt.

Dersom tiltakshavar likevel ser seg tent med å gå vidare med planane, må arealbruk og konsekvensar avklarast gjennom ein reguleringsplan. Sentralt i eit slikt arbeid vil vere vurdering av alternativ lokalisering, nærmere utgreiing av konsekvensar, og vidare vurderingar opp mot dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova.

Kommunen har, som lokal planstyresmakt, ansvar for at saka er tilstrekkeleg utgreidd, og at vedtak byggjer på tilgjengeleg kunnskap. Kommunen kan eigengod kjenne planen dersom det ikkje kjem motsegn frå regionale instansar eller andre med motsegnsrett. Ut frå dei konfliktane som til no er kjende, i tillegg til andre potensielle konfliktar, kan Fylkesmannen ikkje utelukke at vi, gjennom bruk av motsegn, vil måtte bringe ein reguleringsplan inn til endeleg godkjenning i Miljøverndepartementet.

*Leikanger, 10.oktober 2011*

*Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernsjef*

Fra: Tom Kristian Hestad [tomhes94@gmail.com]

Sendt: 15.07.2022 12:02:04

Til: Larsen, Tore; Postmottak SFVL [fmsftla@statsforvalteren.no; sfvlpost@statsforvalteren.no]

Tittel: Verning av Dalsfjorden

---

Hei.

Eg er ein av mange grunneigarar langs dalsfjorden, og har til saman ca 400m strandsone.

Eg er difor nysgjerrig om eit vern vil medføre begrensingar for eventuelle tiltak, som ile, naust, kraftverk, bygging innanfor 100m grensa, eller andre tiltak ein vil kunne bli berørt av.

Eg synset og at det er litt rart at grunneigarar mot sjølve fjorden faktisk ikkje er innformert om planane rundt ei verning.

MVH: Tom Kristian H. Kårstad

**From:** Larsen, Tore[fmsftla@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 01.08.2022 14:43:44  
**To:** Tom Kristian Hestad Kårstad[tomhes94@gmail.com]  
**Cc:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Verning av Dalsfjorden

Hallo!

Eg har sjekka framlegg til vernekart og gått inn i detaljane der, og ser at det ikkje er grunner som er føreslått verna på din eigedom med unntak av bnokre meter heilt mot vest i den austlegaste strandteigen. Det betyr at vernegrensa i hovudsak vil ta til på toometerskoten.

På dei vedlagde karta er toometerskoten antyda med raud strek. Men merk at for store delar av Dalsfjorden er den nøyaktige toometerskoten ikkje tilgjengeleg, slik at den på karta berre er omtrentleg inntekna ut frå vurderingar basert på nærmeste tilgjengelege djupnekote og flyfoto. Uansett er det den reelle djupna på to meter i terrenget som gjeld, og den er etter det eg forstår definert som «to meter under sjøkartnull».

Med helsing  
Tore Larsen

---

**Fra:** Tom Kristian Hestad Kårstad <tomhes94@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 1. august 2022 11:38  
**Til:** Larsen, Tore <fmsftla@statsforvalteren.no>  
**Emne:** Re: Verning av Dalsfjorden

Hei.

Eg har bruk nr 232/5 i sunnfjord kommune (4647)  
For min del og for mange andre langs Dalsfjorden blir det stort sett brådjupt, med unntak av viker. Det vil sei at dei fleste tiltak eg gjer i sjøkanten vil berøre vernsona.

man. 1. aug. 2022 kl. 11:31 skrev Larsen, Tore <[fmsftla@statsforvalteren.no](mailto:fmsftla@statsforvalteren.no)>:

Haloo, og beklager seint svar. Eg kom tilbake på jobb etter ferien i dag.

Eg har ikkje vore spesielt involvert i sjølve verneprosessen, men har som biolog vore på synfaring og vurdert m.a. grensene for eit eventuelt vern. Generelt gjeld at grensa for verneområdet er lagt slik at den følgjer toometers-djupnekoten, dvs. at den ligg inntil eigedomsgrensa ut frå land. Unntak er likevel gjort for større, langgrunne område, fordi desse er spesielt viktige yngle-, oppvekst- og produksjonsområde for mange artar, og dermed har spesielt høg verdi når det gjeld å ta vare på arts mangfaldet. Dersom du sender meg gards- og bruksnummeret på eigedomen, kan eg sende deg eit kart som viser korleis grensene er lagt akkurat der, og om det er inkludert grunntområde i avgrensinga.

Slik grensa for eit eventuelt verneområde er lagt i Dalsfjorden vil nok vernet i liten grad påverke planer og tiltak på land, med mindre dei kan få verknader inn i verneområdet.

Men eg ser at fleire av dei tiltaka du nemner kan kome i ei gråsone slik sett, så eg sender denne meldinga i kopi til Maria Knagenhjelm. Ho er saksbehandlar for verneprosessen i Dalsfjorden og kan nok svare deg betre på dette. Ho skal vere tilbake på jobb no i denne veka.

Eg veit at det blei halde informasjonsmøte lokalt om vern av Dalsfjorden da Statsforvaltaren fekk i oppdrag å sette i gang arbeidet for nokre år sidan, men eg kjenner ikkje detaljane rundt dette.

Med helsing  
**Tore Larsen**  
Miljøvernnavdelinga



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 26  
Mobil: 90 84 69 42  
E-post: [fmsftla@statsforvalteren.no](mailto:fmsftla@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

---

**Fra:** Tom Kristian Hestad <[tomhes94@gmail.com](mailto:tomhes94@gmail.com)>

**Sendt:** fredag 15. juli 2022 12:02

**Til:** Larsen, Tore <[fmsftla@statsforvalteren.no](mailto:fmsftla@statsforvalteren.no)>; Postmottak SFVL  
<[sfvlpst@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpst@statsforvalteren.no)>

**Emne:** Verning av Dalsfjorden


Hei.

Eg er ein av mange grunneigarar langs dalsfjorden, og har til saman ca 400m strandsone.

Eg er difor nysgjerrig om eit vern vil medføre begrensingar for eventuelle tiltak, som ile, naust, kraftverk, bygging innanfor 100m grensa, eller andre tiltak ein vil kunne bli berørt av.

Eg synset og at det er litt rart at grunneigarar mot sjølve fjorden faktisk ikkje er innformert om planane rundt ei verning.

MVH: Tom Kristian H. Kårstad



**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]

**Sent:** 01.08.2022 15:13:15

**To:** Tom Kristian Hestad Kårstad[tomhes94@gmail.com]

**Cc:** Larsen, Tore[fmsftla@statsforvalteren.no]

**Subject:** Høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Hei,

Takk for di førespurnad om meir informasjon om verneprosessen for Dalsfjorden. Eg viser til det min kollega Tore Larsen har svart ut, og om du ønskjer ein prat på telefonen kan du berre ringe meg i morgon i kontortida.

Vedlagt ligg brevet vi sendte ut då saka vart lagt ut på høyring i februar i år. Eg fann ikkje ditt namn på mottakarlista, men fann andre med etternamn Hestad og Kårstad. Vi har ønskja å spreie kunnskap om prosessen så langt vi kan, og hatt annonser i lokalavisane, på heimesidene og involvert kommunen, lag og organisasjonar, prøvd å fange opp alle grunneigarar, med fleire.

Her er nettsidene våre om marint vern [Marint vern | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Om Dalsfjorden generelt: [Dalsfjorden kandidatområde for marint vern | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Om høyringa spesielt: [Høyring av Dalsfjorden marine verneområde | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Kommunen har fått utsett frist til å uttale seg, og om du ønskjer å komme med innspel vil vi gjerne opne for det!

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon    57 64 31 37  
:            93 66 42 56

Mobil:      fmsfmck@statsforvalteren.no  
E-post:     www.statsforvaltaren.no/vl  
Web:

**From:** Connie Hovland[Connie.Hovland@fjaler.kommune.no]

**Sent:** 12.08.2022 10:50:13

**To:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]

**Subject:** VS: Høyring av marint vern for Dalsfjorden

Hei igjen.

Om det er slik at det skal gjennomførast ein del nye konsekvensutgreiingar og at det blir ny høyring så er det kanskje like greitt at vi ventar med uttale til den nye høyringa? Eller skulle vi uansett sendt inn ein uttale no?

Med helsing

**Connie Hovland**

Kommunalsjef teknisk

Tlf: 57 73 80 47 / Mobil: 916 82 017

E-post: [coh@fjaler.kommune.no](mailto:coh@fjaler.kommune.no)

Heimeside: [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

---

**Fra:** Connie Hovland

**Sendt:** torsdag 11. august 2022 17:38

**Til:** 'Knagenhjelm, Maria' <fmsfmck@statsforvalteren.no>

**Emne:** SV: Høyring av marint vern for Dalsfjorden

Hei

Grunna stor saksmengd har vi forsømt oss når det gjeld høyringsuttale til marint vern av Dalsfjorden.

Fjaler kommune jobbar med kommuneplanen sin arealdel og det er ein del områder som må avklarast i høve den. Ser og av Sunnfjord sin uttale at dei har bedt om utsatt frist til etter nye konsekvensutgreiingar og til nærmare avklaringar i pågående arealdel.

Er det framleis mogeleg å få utsatt frist til å gje uttale i saka? Høyringuttalen må politisk handsamast og neste møte i formannskapet er 1 september og kommunestyret 22 september. Kan Fjaler få utsatt frist til 23 september?

Med helsing

**Connie Hovland**

Kommunalsjef teknisk

Tlf: 57 73 80 47 / Mobil: 916 82 017

E-post: [coh@fjaler.kommune.no](mailto:coh@fjaler.kommune.no)

Heimeside: [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria [<mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no>]

**Sendt:** tirsdag 1. mars 2022 15:25

**Til:** Connie Hovland <[Connie.Hovland@fjaler.kommune.no](mailto:Connie.Hovland@fjaler.kommune.no)>

[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no](mailto:Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no)>

**Emne:** Høyring av marint vern for Dalsfjorden

Hei!

Eg fekk tips frå Johannes Folkestad at de kanskje har høyringssaka av Dalsfjorden marine verneområde i kommunane Askvoll og Fjaler. Om de har spørsmål, er det berre å ta kontakt.

Her er oppslaget vi laga til i samband med høyringen:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/2022/04/hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade/>

Det hadde vore supert om de i Fjaler og Askvoll kunne ha delt oppslaget eller info om høyringa på dykker heimeside.

Vi skal ha eit Teams-møte med administrasjonen i Sunnfjord kommune på torsdag for å svare på spørsmål og drøfte om det er ønskje om eit ope kveldsmøte om det marine vernet.

Om de har trong for lengre tid enn høyringsfristen 22. april for å få ei god drøfting i politiske utval, kan vi tilpasse dette.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 37

Mobil: 93 66 42 56

E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 22.08.2022 15:42:20  
**To:** Connie Hovland[Connie.Hovland@fjaler.kommune.no]  
**Subject:** Høyring av marint vern for Dalsfjorden  
Hei,

Beklagar seint svar, eg var ikkje på jobb førre veke grunna sjuke barn. Fjaler får utvida fristen til 23. september, slik de ønskjer. Vi er alltid interessert i å høyre kva kommunane meiner i vernesaker, og legg til rette for det. Sunnfjord kommune ønskjer utfyllande svar på nokre punkt, men vi kjem ikkje til å leggje ikkje opp til konsekvensutgreiingar. Vi sender gjerne kopi av svarbrevet til Sunnfjord til dykk når det er klart.

Med venleg helsing  
**Maria C. Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon : 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: fmsfmck@statsforvalteren.no  
Web:

---

**Frå:** Connie Hovland <Connie.Hovland@fjaler.kommune.no>

**Send:** fredag 12. august 2022 10:50

**Til:** Knagenhjelm, Maria <fmsfmck@statsforvalteren.no>

**Emne:** VS: Høyring av marint vern for Dalsfjorden

Hei igjen.

Om det er slik at det skal gjennomførast ein del nye konsekvensutgreiingar og at det blir ny høyring så er det kanskje like greitt at vi ventar med uttale til den nye høyringa? Eller skulle vi uansett sendt inn ein uttale no?

Med helsing

**Connie Hovland**  
Kommunalsjef teknisk  
Tlf: 57 73 80 47 / Mobil: 916 82 017  
E-post: [coh@fjaler.kommune.no](mailto:coh@fjaler.kommune.no)  
Heimeside: [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

---

**Fra:** Connie Hovland  
**Sendt:** torsdag 11. august 2022 17:38  
**Til:** 'Knagenhjelm, Maria' <[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)>  
**Emne:** SV: Høyring av marint vern for Dalsfjorden

Hei

Grunna stor saksmengd har vi forsømt oss når det gjeld høyringsuttale til marint vern av Dalsfjorden. Fjaler kommune jobbar med kommuneplanen sin arealdel og det er ein del områder som må avklarast i høve den. Ser og av Sunnfjord sin uttale at dei har bedt om utsatt frist til etter nye konsekvensutgreiingar og til nærmare avklaringar i pågåande arealdel.

Er det framleis mogeleg å få utsatt frist til å gje uttale i saka? Høyringuttalen må politisk handsamast og neste møte i formannskapet er 1 september og kommunestyret 22 september. Kan Fjaler få utsatt frist til 23 september?

Med helsing

**Connie Hovland**  
Kommunalsjef teknisk  
Tlf: 57 73 80 47 / Mobil: 916 82 017  
E-post: [coh@fjaler.kommune.no](mailto:coh@fjaler.kommune.no)  
Heimeside: [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)



FJALER KOMMUNE

-eit ope samfunn

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria [<mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no>]  
**Sendt:** tirsdag 1. mars 2022 15:25  
**Til:** Connie Hovland <[Connie.Hovland@fjaler.kommune.no](mailto:Connie.Hovland@fjaler.kommune.no)>; Kjersti Sande Tveit <[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no](mailto:Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no)>  
**Emne:** Høyring av marint vern for Dalsfjorden

Hei!

Eg fekk tips frå Johannes Folkestad at de kanskje har høyringssaka av Dalsfjorden marine verneområde i kommunane Askvoll og Fjaler. Om de har spørsmål, er det berre å ta kontakt.

Her er oppslaget vi laga til i samband med høyringa:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyeringar/2022/04/hoyering-av-dalsfjorden-marine-verneomrade/>

Det hadde vore supert om de i Fjaler og Askvoll kunne ha delt oppslaget eller info om høyringa på dykkar heimeside.

Vi skal ha eit Teams-møte med administrasjonen i Sunnfjord kommune på torsdag for å svare på spørsmål og drøfte om det er ønske om eit ope kveldsmøte om det marine vernet.

Om de har trøng for lengre tid enn høyringsfristen 22. april for å få ei god drøfting i politiske utval, kan vi tilpasse dette.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon 57 64 31 37

: 93 66 42 56

Mobil: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

E-post: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

Web:

**From:** Retsch Norge AS[anders.pihl@retschno.no]  
**Sent:** 15.08.2022 13:21:42  
**To:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Cc:**  
kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no[kjersti.sande.tveit@askvoll.kommune.no]  
**Subject:** Verneplan Dalsfjord  
Hei, viser til telefonsamtale i dag.

Jeg eier Fosseviken, en nedlagt veiløs husmannsplass innenfor bruia i Dalsfjorden.

Det er lagt ned et betydelig arbeid på denne plassen, med formål turisme/event.

Vi har i dag bl.a samarbeid med Villa Åmot  
<https://www.letsgetlost.no/villa-amot-en-hotellperle-i-hjertet-av-fjordnorge/>

og Fjordguiding.

Fjordguiding legger opp turer for Yachter som besøker de Norske fjorder i sommer halvåret.

Vi har i år hatt 5 besøk, hvor gjester kommer i land og det serveres middag/guidet tur til Fossealen.

Dette segmentet er noe vi ønsker å satse på, som bidrar til lokal aktivitet samt videreutvikling av husmannsplassen Fosseviken.

Disse yachter trenger oppankring, og vi er redd verning av Dalsforden kan ha betydning for dette.

Ringer deg i morgen.

**Med vennlig hilsen**  
**Anders Pihl.**

**Telefon: 91 32 84 57**







**FJALER  
KOMMUNE**

Kommunedirektøren

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
17/1806-12/COH/22/9456

**Dykkar ref.**

Arkiv  
K2-K12

**Dato:**  
23.09.2022

**Høyring - Dalsfjorden marine verneområde**

Viser til høyring av Dalsfjorden marine verneområde og avtalt utsett høyringsfrist til 23 september 2022. Kommunestyre handsama saka i møte 22.09.22, sak K 47/22. Vedlagt vedtak i sak K 47/22 og oppdatert uttale iht vedtak i saka.

Kommunestyret - 047/22:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret vedtek saksutgreiinga som Fjaler kommune sin høyringsuttale til framlegg om marint verneområde for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgreiinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

- Tillegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3:

Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at recipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

- Tillegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiene om vernegrensene vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreiie korleis vernet vil påverke framtidige næringsarealet.

Med helsing

Connie Hovland  
*kommunalsjef teknisk*

Direkte tlf: 57738047

**Kopi til:**

«

**Vedlegg:**

Marint verneområde Dalsfjorden - uttale frå Fjaler kommune - oppdatert iht kommunestyrevedtak i sak K 47/22	287077
Marint verneområde Dalsfjorden - uttale frå Fjaler kommune	286003



## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
067/22	Formannskapet	22.09.2022
017/22	Komit� for teknisk, milj� og n�ring	22.09.2022
047/22	Kommunestyret	22.09.2022

### Marint verneomr de Dalsfjorden - uttale fr  Fjaler kommune

#### Kommunedirekt ren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek saksutgreiinga som Fjaler kommune sin h yringsuttale til framlegg om marint verneomr de for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgreiinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

#### Vedlegg i saka:

17.02.2022	H�yring - Dalsfjorden marine verneomr�de	272006
18.02.2022	hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade-i-askvoll-fjaler- og-sunnfjord-kommunar	272030
18.02.2022	vedlegg-1-hoyringskart-dalsfjorden-marine-verneomrade	272029
18.02.2022	vedlegg-2-verneforskrift-dalsfjorden-marine-verneomrade- til-hororing	272031
18.02.2022	vedlegg-3-innkomne-merknadar-og- motereferat_dalsfjorden	272032

#### 22.09.2022 Formannskapet

#### Handsaming:

Kommunalsjef Connie Hovland var med under handsaming og svara p  sp rsm l fr  formannskapet.

#### Tilleggsframlegg v/ Mark Taylor MDG:

- Tilleggsframlegg til avsnittet om reinska kloakk p  side 3:

Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske unders kelser mars 2021» der det g r fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at  kologisk tilstand er

moderat til dårleg på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

- Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.

- Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Fv. 57 på side 6:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert flytta ut av Grylevikja slik som vist i figur 4.

#### **Røysting:**

Det vart føreteke punktvis røysting over MDG sitt tilleggsframlegg.

1. Tilleggsframlegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3: vart vedteke mot 1 røyst (Leif Jarle Espedal, AP)
2. Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5: vart vedteke mot 1 røyst (Leif Jarle Espedal, AP)
3. Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Fv. 57 på side 6: fekk 2 røyster og fall (Mark Taylor, MDG og Joakim Janninge, SV)

Deretter vart komunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg 1 og 2 frå MDG samråystes vedteke som formannskapet sitt framlegg til kommunestyret.

#### **FOR-067/22 Vedtak i:**

##### **Formannskapet sitt framlegg til kommunestyret:**

Kommunestyret vedtek saksutgreiinga som Fjaler kommune sin høyringsuttale til framlegg om marint verneområde for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgreiinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

- Tillegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3:

Viser til «Akvoplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

- Tillegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.

## **22.09.2022 Komité for teknisk, miljø og næring**

### **Handsaming:**

Komiteén støttar formannskapet sitt framlegg til kommunestyret

### **KTMN-017/22 Vedtak i:**

Komiteén støttar formannskapet sitt framlegg til kommunestyret

## **22.09.2022 Kommunestyret**

### **Handsaming:**

**Endringsframlegg frå AP v/ Leif Jarle Espedal:**

- *Tilleggsframlegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3 blir teke ut*

*Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårlig på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør leggje rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.*

- *Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:*

*Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen.*

*Setninga under blir tatt ut*

*Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.*

### **Røysting:**

Tilleggsframlegget frå AP fekk 4 røyster og fall (Leif Jarle Espedal, Kjersti Engvik Nygaard, Geir Loneland og Øyvind Lindelid)

Deretter vart formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke

### **KOM-047/22 Vedtak i:**

Kommunestyret vedtek saksutgreiinga som Fjaler kommune sin høyringsuttale til framlegg om marint verneområde for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgreiinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

- *Tillegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3:*

*Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårlig på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør leggje rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.*

- *Tillegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:*

*Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.*

### **Saksutgreiing:**

Statsforvaltaren i Vestland har sendt framlegg til Dalsfjorden marine verneområde, i medhald av naturmangfaldlova § 39, på høyring. Fjaler kommune har fått utsett frist til 23

september for å kunne handsame saka politisk i kommunestyret 22 september.

I 2017 vart det varsle oppstart av arbeid med å vurdere to områder som marine verneområder, Stad og Dalsfjorden, etter §42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltningslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.

Oppstartsmeldinga markerte starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret verneframlegg, med framlegg til verneforskrift med verneregler, avgrensing, og verneverdiar for dei to områda.

Arbeidet med marint vern er forankra gjennom fleire stortingsmeldingar og handsaming i Stortinget.

Varsel om verneplanarbeid for marine miljø kom først gjennom stortingsmelding nr 68 (1980- 81)

«Vern av norsk natur», og i «Utredning DN nr. 1995» var Stad og Dalsfjorden med i ei liste over eigna marine verneområde. Eit breitt samansett nasjonalt, rådgivande utval kom i 2004 med si endelege

tilråding om område som skulle oppfylle nasjonale mål om vern av undersjøisk natur.

Høyringsframlegget omfattar ei verneforskrift med tilhøyrande kart. Det er utarbeidd eit høyringsdokument som utgreiar bakgrunn, prosess og innhald i verneframlegget. Utdrag fra verneføremål og verneverdiar er skildra nedanfor og høyringsdokumenta i sin heilheit ligg vedlagt.

Omtale av prosjektet og høyringsdokumenta er og tilgjengelege på Statsforvaltaren si heimemside:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/dalsfjorden-kandidatomrade-for-marint-vern2/>

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/2022/05/hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade/>

#### Verneføremål

*Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider dei siste ca. 2,5 millionar år med både representativ, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.*

*Opprettning av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tiltak som kan skade verneverdiane. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine plantar, og dyrelivet i sjø blir verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon og utsetting av organismar blir forbode.*

*Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.*

#### *Verneverdiar*

*Dalsfjorden er ein smal fjordarm i Sunnfjord omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier. Det er stor tilførsel av ferskvatn i Dalsfjorden, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Kandidatområdet omfattar areal i kommunane Askvoll, Fjaler og Sunnfjord og er om lag 11,3 km<sup>2</sup> stort.*

*Gjennom mange istider har breane utforma Dalsfjorden. På botn av dei fleste fjordar finn ein tersklar som breane har lagt att. I Dalsfjorden er det fleire slike tersklar med ulikt artsmangfold innover fjorden. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata trivst i ganske grunne område her i kandidatområdet. Fjorden har det djupaste partiet på drygt 400 meter i ytre del utanfor grensa for kandidatområdet.*

*Ein sentral del av verneføremålet er dei spesielle naturtilhøva med stor ferskvasspåverknad, og vi finn det naturleg å leggje grensa ved terskelen i området ved Nishammaren slik at dei markerte ferskvassstilførslane frå Laukelandsfossen (Storelvi) og Fosseidalselvi kjem med i verneområdet.*

*Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 m, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fosseidalselva renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det tronge Svædsundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m. Osen er allereie verna som naturreservat grunna den viktige funksjonen området har for våtmarksfugl, for undervassenger og plantesamfunn.*

*Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svædsundet (også kalt Svesundet eller Svedsundet) er sølebotn. Svædsundet har ein rik, fastsitjande hardbotnfauna langs fjordveggane. Både anemoner og korallar trivst godt i det straumrike sundet. Fleire stader i Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekommstar av begerkorall på 5-15 m djupn.*

*Både Gaulavassdraget og Laukelandsfossen/Storelvi er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har også status som nasjonalt laksevassdrag. Kandidatområdet for marint vern grenser til dei to eksisterande naturreservata Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våtmarksreservat. Delvis innanfor og delvis utanfor våtmarksreservatet ligg eit svært viktig blautbotnsområde i strandsona (NIVA 2017).*

*Dalsfjorden er lite påverka av utbygging og ureining, og det er etter det vi kjenner til så langt i prosessen, ikkje knytt store økonomiske interesser til utnytting av området i dag. Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekommstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde.*

#### **Vurdering:**

Fjaler kommune gav følgjande uttale til oppstart av verneplanarbeidet i 2017:

#### **FOR-033/18 Vedtak i:**

*Fjaler kommune tek varsel om oppstart av verneplan for Dalsfjorden til vitande. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til pågående prosjekt og planarbeid i området i det vidare arbeidet. Viser til saksutgreiinga for nærmare innspel til oppstart verneplanarbeidet.*

Heile uttalen/saksutgreiinga kan lesast her:

<https://innsyn.onacos.no/fialer/wfdocument.ashx?journalpostid=2018004647&dokid=184315&versjon=1&variant=A&>

Pågåande prosjekt som det vert vist til i tidlegare uttale er næringsområde i Kvamen og planarbeid for utbetring av fylkesveg 57.

#### Framlegg til verneforskrift omfattar

- Føremål med verneområde
- Geografisk avgrensing
- Vernereglar
- Generelle unntak frå vernereglane
- Spesifiserte dispensasjonsreglar
- Generelle dispensasjonsreglar
- Skjøtsel
- Forvaltningsplan og forvalningsstyresmakt

I §4 under generelle unntak er det i pkt m) opna for *Utslepp av reinska kloakk etter gjeldande regelverk i samsvar med andre lover og forskrifter*.

Dette punktet er nok uklart og bør spesifisertast nærmere. Gjeld dette punktet kun for eksisterande utslepp? Kva ligg i begrepet «reinska kloakk»? Det kan og vere andre utslepp enn kloakk som krev løyve så det må definerast nærmare kva som er meint og kva utslepp og løysingar som kan godkjennast. Tilsvarande spesifisering bør gjerast for §5 der det er opna for dispensasjon til nye leidningar for utslepp av reinska kloakk.

Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at recipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen.


Statsforvaltaren bør leggje rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

Det går fram av høyringsdokumentet at eksisterande akvakulturlokaltetar (2 blåskjellokalitetar) innan for verneområde i Fjaler ikkje vil få resitrikjonar av vernet. Ei eventuell utviding eller fornyiing vil krevje dispensasjon.


Fjaler kommune jobbar med kommuneplanen sin arealdel og den har vore utlagt til 3 gong høyring. Verneprosessen bør kordinerast med planprosessen og ta omsyn til framlegg til ny arealdel. Det er speiselt næringområdet i Kvamen og utbetring av fylkesveg 57 det må takast omsyn til.

#### *Næringsområde i Kvamen*


For næringsområdet i Kvamen er det i framlegg til ny arealdel lagt inn eit utvida næringsareal på begge sider av regulert næringsareal/tømmerkai. Fjaler kommune kan ikkje sjå at det er teke tilstrekkeleg omsyn til dette og at verneforslaget er i konflikt med både eksisterande og framtidig næringsareal i Kvamen.



Figur 1: Kartutsnitt av framlegg til vernegrense for Kvamen



Figur 2. Kartutsnitt framlegg til ny arealdel 3 gong høyring. Lilla område er framlegg til framtidig næringsareal på begge sider av gjeldande reguleringsplan for området.



*Figur 3: Kartutsnitt framlegg til nye arealdel og framlegg til vernegrense (blå linje/skravur)*

Verneframlegget er i strid med gjeldande reguleringsplan der fyllingsfot og deler av hamneområde ligg innanfor framlegg til vernegrense. Verneframlegget er og i strid med framlegg til utviding av næringsområde på begge sider av gjeldande reguleringsplan. Det er ikkje mogeleg å utvide næringsarealet i Kvamen utan fylling i sjø. Verneframlegget opnar for at den kan gjevast dispensasjon til utviding av eksisterande tømmerkai i Kvamen. Verneframlegget er og i strid med gjeldande arealdel der det i tillegg til gjeldande reguleringsplan er lagt inn eit større område til småbåthamn. Dette har ein i framlegg til ny arealdel gått vekk frå og området er no prioritert som eit framtidig utvidingsareal av eksisterande næringsområde. Statsforvaltaren har pr no ikkje gitt endeleg uttale til framlegg til arealdel, men har i prosessen ikkje gitt konkret uttale til utviding av næringsarealet i Kvamen.

Fjaler kommunen ber Statsforvaltaren ta omsyn til det pågående arbeidet med arealdelen og at vernegrensa vert justert til plangrense for gjeldande reguleringsplan og framtidig næringsareal. Det er ikkje tilstrekkeleg at det i verneforskirfta vert opna for at det kan gjevast dispensasjon til utviding av tømmerkaia utan at det er spesifisert nærmare. Vernegrensa må tilpassast og ta omsyn til fyllingsfot i sjø for både eksisterande og framtidig næringsareal.

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsarealet.

#### *Fylkesveg 57*

Det er vedteken reguleringsplan for traseen Strandanes – Nistadlia. Den er i utgangspunktet ikkje i konflikt med verneframlegget. Arbeidet med prosjektering av denne strekningen pågår og det er planlagt oppstart for delstrekningen frå Nistadlia til Holmelid innan kort tid.


I samband med prosjektering og grunnundersøkingar i området ser ein at det spesielt for Gryvlevikja vil vere utfordrande å gjennomføre reguleringsplanen slik den er vedteken. Det er gjennomført nokre grunnundersøkingar på land i Gryvlevikja som viser at det er dårlege fjell og massar i området. Vegen er her planlagt flytta opp i terrenget og inn i skråinga med elvekryssing og vidare i ein mindre tunnel mot Holmelid. Området er ikkje ferdig prosjektert, men førebelse vurderingar tilseier at det kan bli utfordrande å gjennomføre planen slik den er vedteken. Det vil truleg uansett bli behov for gjennomføring av grunnunderøkingar i sjø og alternativ til planlagt løysing vil vere fylling i sjø med justering og heving av dagens vegtrase i området. Utfordringar med planlagt løysing er:

- Dårleg fjell og massar i området
- Utfordrande elvekryssing i bratt terregn med dårlege massar
- Lite samfunnsøkonomisk med kort tunnel i bratt terregn/skråning med dårleg fjell og massar
- Lange vegstengingar då ein truleg ikkje kan ha trafikk på eksisterande vegtrase samstundes som ein har pågående anleggsarbeid i skråningen ovanfor

Den mest samfunnsøkonomiske løysinga vil vere å sjå på ei alternativ løysing i dette området utan tunnel. Den vidare prosjektering vil vise kva løysing som er best, men det eigentleg ikkje andre alternativ til tunnel enn fylling i sjø.

Vidare pågår det reguleringsplanarbeid for Strekningen Sætenes – Strandanes. Her er det i hovudsak planlagt tunnell. Det er eit stort masseoverskot i prosjektet totalt for strekningen Sætenes – Strandanes – Nistadlia og pr no ingen gode nærliggande deponi som kan ta imot desse overskotsmassane. Å kunne nytte overskotsmassane direkte i prosjektet til vegbygging ved ei eventuell fylling i sjø i Gryvlevikja vil vere ei svært god samfunnsøkonomisk løysing.

Verneforskrifta opnar for at det kan gjevast dispensasjon for tiltak i samband med oppgradering av Fv 57 langs Dalsfjorden. Det er ikkje spesifisert i kva omfang og type tiltak det gjeld. Fjaler kommune meinar at det er greitt med eit punkt som opnar for dispensasjon til tiltak i samband med utbetring av fylkesvegen, men vil tru at dette vil gjeld for tiltak med mindre omfang. For området i Gryvlevikja kan det bli behov for omfattande titlak som vi vurderer det kan vere vanskeleg å få dispensasjon til. Fjaler kommune ber difor om at det vert teke omsyn til dette i det vidare planarbeidet ved at vernegrensa vert justert som på kartutsnitt i figur 4 under. Alternativt må verneplan koordinerast med vidare prosjektering og reguleringsendring for denne delstrekningen slik at vernegrensa kan tilpassast nødvedig sjøareal i Gryvlevikja for framtidig utbetring av fylkesveg 57.



*Figur 4: Framlegg til justering av vernegrensa markert med raud linje*

*Samla vurdering*

Vern av Dalsfjorden vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av ulike aktivitetar i og nær verneområdet. Framlegg til vern vil samstundes gje eit godt vern av naturverdiane, utan at det i vesentleg grad vil påverke den dagelege bruken av området folk flest. Fjaler kommune er oppteken av at vernet ikkje må leggje restriksjonar på pågåande prosjekt og planarbeid. Det gjeld spesielt eksisterande tømmerkai og utviding av næringsareal i Kvamen og utbetring av fylkesveg 57.

Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til innspela i saka og ser fram til vidare god dialog med Statsforvaltaren om pågående prosjekt, planarbeid og verneplanarbeidet.



## Saksframlegg

Saksnr.	utval	Møtedato
067/22	Formannskapet	22.09.2022
017/22	Komit� for teknisk, milj� og n�ring	22.09.2022
047/22	Kommunestyret	22.09.2022

### Marint verneomr de Dalsfjorden - uttale fr  Fjaler kommune

#### Kommunedirekt ren sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek saksutgriinga som Fjaler kommune sin h yringsuttale til framlegg om marint verneomr de for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgriinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

#### Vedlegg i saka:

17.02.2022	H�yring - Dalsfjorden marine verneomr�de	272006
18.02.2022	h�yring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade-i-askvoll-fjaler-og-sunnfjord-kommunar	272030
18.02.2022	vedlegg-1-hyringskart-dalsfjorden-marine-verneomrade	272029
18.02.2022	vedlegg-2-verneforskrift-dalsfjorden-marine-verneomrade-til-h�yring	272031
18.02.2022	vedlegg-3-innkomne-merknadar-og-motereferat_dalsfjorden	272032

#### 22.09.2022 Formannskapet

#### Handsaming:

Kommunalsjef Connie Hovland var med under handsaming og svara p  sp rsm l fr  formannskapet.

#### Tilleggsframlegg v/ Mark Taylor MDG:

- Tilleggsframlegg til avsnittet om reinska kloakk p  side 3:

Viser til «Akvoplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske unders kelser mars 2021» der det g r fram at recipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til d rleg p  fjordbotnen. Statsforvaltaren b r legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sj  ut over gjeldande forureiningsregelverk.

- Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.

- Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Fv. 57 på side 6:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert flytta ut av Grylevikja slik som vist i figur 4.

**Røysting:**

Det vart føreteke punktvis røysting over MDG sitt tilleggsframlegg.

1. Tilleggsframlegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3: vart vedteke mot 1 røyst (Leif Jarle Espedal, AP)
2. Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5: vart vedteke mot 1 røyst (Leif Jarle Espedal, AP)
3. Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Fv. 57 på side 6: fekk 2 røyster og fall (Mark Taylor, MDG og Joakim Janninge, SV)

Deretter vart kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg 1 og 2 frå MDG samråystes vedteke som formannskapet sitt framlegg til kommunestyret.

**FOR-067/22 Vedtak i:**

**Formannskapet sitt framlegg til kommunestyret:**

Kommunestyret vedtek saksutgreiinga som Fjaler kommune sin høyningsuttale til framlegg om marint verneområde for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgreiinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

- Tillegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3:

Viser til «Akvoplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.

- Tillegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:

Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.

**22.09.2022 Komité for teknisk, miljø og næring**

**Handsaming:**

Komiteén støttar formannskapet sitt framlegg til kommunestyret

**KTMN-017/22 Vedtak i:**

Komiteén støttar formannskapet sitt framlegg til kommunestyret

**22.09.2022 Kommunestyret****Handsaming:****Endringsframlegg frå AP v/ Leif Jarle Espedal:**

- *Tilleggsframlegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3 blir teke ut*

*Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.*

- *Tilleggsframlegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:*

*Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen.*

**Setninga under blir tatt ut**

*Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.*

**Røysting:**

Tilleggsframlegget frå AP fekk 4 røyster og fall (Leif Jarle Espedal, Kjersti Engvik Nygaard, Geir Loneland og Øyvind Lindelid)

Deretter vart formannskapet sitt framlegg samråystes vedteke

**KOM-047/22 Vedtak i:**

Kommunestyret vedtek saksutgreiinga som Fjaler kommune sin høyningsuttale til framlegg om marint verneområde for Dalsfjorden. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til merknadane i saksutgreiinga i det vidare arbeidet med vern av Dalsfjorden.

- *Tillegg til avsnittet om reinska kloakk på side 3:*

*Viser til «Akvaplan-niva Rapport 2021 62687.01 Resipientkapasitet i Dalsfjorden, Sunnfjord kommune. Marinbiologiske undersøkelser mars 2021» der det går fram at resipientkapasiteten for organisk materiale er fullt utnytta, med klare teikn til overbelasting slik at økologisk tilstand er moderat til dårleg på fjordbotnen. Statsforvaltaren bør legge rapporten til grunn for vurdering av strengare krav til utslepp til sjø ut over gjeldande forureiningsregelverk.*

- *Tillegg til siste avsnittet om Næringsområde i Kvamen på side 5:*

*Fjaler kommune ber Statsforvaltaren vurdere konsekvensane for verneverdiane om vernegrensa vert justert til plangrense for framtidig næringsareal for å ta omsyn til fyllingsfot i sjø i Kvamen.*

*Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med den framtidige kommuneplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke framtidige næringsareala.*

**Saksutgreiing:**

Statsforvaltaren i Vestland har sendt framlegg til Dalsfjorden marine verneområde, i medhald av naturmangfaldlova § 39, på høyring. Fjaler kommune har fått utsett frist til 23 september for å kunne handsame saka politisk i kommunestyret 22 september.

I 2017 vart det varsla oppstart av arbeid med å vurdere to områder som marine

verneområder, Stad og Dalsfjorden, etter §42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltningslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.

Oppstartsmeldinga markerte starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret verneframlegg, med framlegg til verneforskrift med verneregler, avgrensing, og verneverdiar for dei to områda.

Arbeidet med marint vern er forankra gjennom fleire stortingsmeldingar og handsaming i Stortinget.

Varsel om verneplanarbeid for marine miljø kom først gjennom stortingsmelding nr 68 (1980- 81)

«Vern av norsk natur», og i «Utredning DN nr. 1995» var Stad og Dalsfjorden med i ei liste over eigna marine verneområde. Eit breitt samansett nasjonalt, rådgivande utval kom i 2004 med si endelige tilråding om område som skulle oppfylle nasjonale mål om vern av undersjøisk natur.

Høyringsframlegget omfattar ei verneforskrift med tilhøyrande kart. Det er utarbeidd eit høyringsdokument som utgreiar bakgrunn, prosess og innhald i verneframlegget. Utdrag frå verneføremål og verneverdiar er skildra nedanfor og høyringsdokumenta i sin heilheit ligg vedlagt.

Omtale av prosjektet og høyringsdokumenta er og tilgjengelege på Statsforvaltaren si heimemsida:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/marint-vern/dalsfjorden-kandidatomrade-for-marint-vern2/>

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyringar/2022/05/hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade/>

### *Verneføremål*

*Føremålet med Dalsfjorden marine verneområde er å ta vare på ein særeigen, avskjerma fjord forma av innlandsisen sine utgravingar gjennom fleire istider dei siste ca. 2,5 millionar år med både representativ, sjeldan og sårbar natur, og som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitenskapleg verdi biologisk og geologisk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiene utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking.*

*Opprettig av eit marint verneområde inneber at det vert forbod mot tiltak som kan skade verneverdiene. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine plantar, og dyrelivet i sjø blir verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon og utsetting av organismar blir forbode.*

*Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.*

### *Verneverdiar*

*Dalsfjorden er ein smal fjordarm i Sunnfjord omkransa av fossefall og bratte, skogkledde lier.*

*Det er stor tilførsel av ferskvatn i Dalsfjorden, og det har danna seg spesielle naturmiljø under vatn. Kandidatområdet omfattar areal i kommunane Askvoll, Fjaler og Sunnfjord og er om lag 11,3 km<sup>2</sup> stort.*

*Gjennom mange istider har breane utforma Dalsfjorden. På botn av dei fleste fjordar finn ein tersklar som breane har lagt att. I Dalsfjorden er det fleire slike tersklar med ulikt artsmangfold innover fjorden. Artar som ein vanlegvis finn djupare under overflata trivst i ganske grunne område her i kandidatområdet. Fjorden har det djupaste partiet på drygt 400 meter i ytre del utanfor grensa for kandidatområdet.*

*Ein sentral del av verneføremålet er dei spesielle naturtilhøva med stor ferskvasspåverknad, og vi finn det naturleg å leggje grensa ved terskelen i området ved Nishammaren slik at dei markerte ferskvasstilførslane frå Laukelandsfossen (Storelvi) og Fosseidalselvi kjem med i verneområdet.*

*Fjordbassenget innanfor terskelen ved Nishammar har ei største djupne på 172 m, og både Storelva med Laukelandsfossen og Fosseidalselva renn ut i fjorden her. Lenger inn fjorden er det ein terskel ved Halsnes, og bassenget innanfor har ei største djupne på 97 m. Det trønge Svædsundet ved Bygstad fører inn til den inste pollen ved Osen, som har ei djupn på 30 m. Osen er allereie verna som naturreservat grunna den viktige funksjonen området har for våtmarksfugl, for undervassenger og plantesamfunn.*

*Botnen i den indre pollen består av fin sand medan det utanfor Svædsundet (også kalt Svesundet eller Svedsundet) er sølebotn. Svædsundet har ein rik, fastsitjande hardbotnfauna langs fjordveggane. Både anemoner og korallar trivst godt i det straumrike sundet. Fleire stader i Dalsfjorden er det funne store mengder med grunne førekommstar av begerkorall på 5-15 m djupn.*

*Både Gaulavassdraget og Laukelandsfossen/Storelvi er verna mot kraftutbygging. Elva Gaula har også status som nasjonalt laksevassdrag. Kandidatområdet for marint vern grenser til dei to eksisterande naturreservata Holmelidholmen sjøfuglreservat og Osen våtmarksreservat. Delvis innanfor og delvis utanfor våtmarksreservatet ligg eit svært viktig blautbotnsområde i strandsona (NIVA 2017).*

*Dalsfjorden er lite påverka av utbygging og ureining, og det er etter det vi kjenner til så langt i prosessen, ikkje knytt store økonomiske interesser til utnytting av området i dag. Fjorden er smal, og med fleire spesielle biologiske førekommstar som korallar, sjeldne brakkvassplantar og rike straumområde.*

**Vurdering:**

Fjaler kommune gav følgjande uttale til oppstart av verneplanarbeidet i 2017:

**FOR-033/18 Vedtak i:**

*Fjaler kommune tek varsel om oppstart av verneplan for Dalsfjorden til vitande. Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til pågåande prosjekt og planarbeid i området i det vidare arbeidet. Viser til saksutgreiinga for nærmare innspel til oppstart verneplanarbeidet.*

Heile uttalen/saksutgreiinga kan lesast her:

<https://innsyn.onacos.no/fjaler/wfdocument.ashx?journalpostid=2018004647&dokid=184315&versjon=1&variant=A&>

Pågående prosjekt som det vert vist til i tidlegare uttale er næringsområde i Kvamen og planarbeid for utbetring av fylkesveg 57.

#### Framlegg til verneforskrift omfattar

- Føremål med verneområde
- Geografisk avgrensing
- Vernereglar
- Generelle unntak frå vernereglane
- Spesifiserte dispensasjonsreglar
- Generelle dispensasjonsreglar
- Skjøtsel
- Forvaltningsplan og forvaltningsstyresmakt

I §4 under generelle unntak er det i pkt m) opna for *Utslepp av reinska kloakk etter gjeldande regelverk i samsvar med andre lover og forskrifter*.


Dette punktet er nok uklart og bør spesifisertast nærmere. Gjeld dette punktet kun for eksisterande utslepp? Kva ligg i begrepet «reinska kloakk»? Det kan og vere andre utslepp enn kloakk som krev løyve så det må definerast nærmare kva som er meint og kva utslepp og løysingar som kan godkjennast. Tilsvarande spesifisering bør gjerast for §5 der det er opna for dispensasjon til nye leidningar for utslepp av reinska kloakk.

Det går fram av høyringsdokumentet at eksisterande akvakulturlokaltetar (2 blåskjellokalitetar) innan for verneområde i Fjaler ikkje vil få resitrikjonar av vernet. Ei eventuell utviding eller fornyiing vil krevje dispensasjon.


Fjaler kommune jobbar med kommuneplanen sin arealdel og den har vore utlagt til 3 gong høyring. Verneprosessen bør kordinerast med planprosessen og ta omsyn til framlegg til ny arealdel. Det er speiselt næringområde i Kvamen og utbetring av fylkesveg 57 det må takast omsyn til.

#### *Næringsområde i Kvamen*


For næringsområde i Kvamen er det i framlegg til ny arealdel lagt inn eit utvida næringsareal på begge sider av regulert næringsareal/tømmerkai. Fjaler kommune kan ikkje sjå at det er teke tilstrekkeleg omsyn til dette og at verneforslaget er i konflikt med både eksisterande og framtidig næringsareal i Kvamen.



Figur 1: Kartutsnitt av framlegg til vernegrense for Kvamen



Figur 2. Kartutsnitt framlegg til ny arealdel 3 gong høyring. Lilla område er framlegg til framtidig næringsareal på begge sider av gjeldande reguleringsplan for området.



*Figur 3: Kartutsnitt framlegg til nye arealdel og framlegg til vernegrense (blå linje/skravur)*

Verneframlegget er i strid med gjeldande reguleringsplan der fyllingsfot og deler av hamneområde ligg innanfor framlegg til vernegrense. Verneframlegget er og i strid med framlegg til utviding av næringsområde på begge sider av gjeldande reguleringsplan. Det er ikke mogeleg å utvide næringsarealet i Kvamen utan fylling i sjø. Verneframlegget opnar for at den kan gjevast dispensasjon til utviding av eksisterande tømmerkai i Kvamen.

Verneframlegget er og i strid med gjeldande arealdel der det i tillegg til gjeldande reguleringsplan er lagt inn eit større område til småbåthamn. Dette har ein i framlegg til ny arealdel gått vekk frå og området er no prioritert som eit framtidig utvidingsareal av eksisterande næringsområde. Statsforvaltaren har pr no ikkje gitt endeleg uttale til framlegg til arealdel, men har i prosessen ikkje gitt konkret uttale til utviding av næringsarealet i Kvamen.

Fjaler kommunen ber Statsforvaltaren ta omsyn til det pågående arbeidet med arealdelen og at vernegrensa vert justert til plangrense for gjeldande reguleringsplan og framtidig næringsareal. Det er ikke tilstrekkeleg at det i verneforskrifta vert opna for at det kan gjevast dispensasjon til utviding av tømmerkaia utan at det er spesifisert nærmare. Vernegrensa må tilpassast og ta omsyn til fyllingsfot i sjø for både eksisteraframtidig næringsareal.

#### *Fylkesveg 57*

Det er vedteken reguleringsplan for traseen Strandanes – Nistadlia. Den er i utgangspunktet ikkje i konflikt med verneframlegget. Arbeidet med prosjektering av denne strekningen pågår og det er planlagt oppstart for delstrekningen frå Nistadlia til Holmelid innan kort tid.

I samband med prosjektering og grunnundersøkingar i området ser ein at det spesielt for Gryvlevikja vil vere utfordrande å gjennomføre reguleringsplanen slik den er vedteken. Det er gjennomført nokre grunnundersøkingar på land i Gryvlevikja som viser at det er dårlege fjell og massar i området. Vegen er her planlagt flytta opp i terrenget og inn i skråinga med elvekryssing og vidare i ein mindre tunnel mot Holmelid. Området er ikkje ferdig prosjektert, men førebelse vurderingar tilseier at det kan bli utfordrande å gjennomføre planen slik den er vedteken. Det vil truleg uansett bli behov for gjennomføring av grunnunderøkingar i sjø og


alternativ til planlagt løysing vil vere fylling i sjø med justering og heving av dagens vegtrase i området. Utfordringar med planlagt løysing er:

- Dårleg fjell og massar i området
- Utfordrande elvekryssing i bratt terreng med därlege massar
- Lite samfunnsøkonomisk med kort tunnel i bratt terreng/skråning med därleg fjell og massar
- Lange vegstengingar då ein truleg ikkje kan ha trafikk på eksisterande vegtrase samstundes som ein har pågående anleggsarbeid i skråningen ovanfor

Den mest samfunnsøkonomiske løysinga vil vere å sjå på ei alternativ løysing i dette området utan tunnel. Den vidare prosjektering vil vise kva løysing som er best, men det eigentleg ikkje andre alternativ til tunnel enn fylling i sjø.

Vidare pågår det reguleringsplanarbeid for Strekningen Sætenes – Strandanes. Her er det i hovudsak planlagt tunnell. Det er eit stort masseoverskot i prosjektet totalt for strekningen Sætenes – Strandanes – Nistadlia og pr no ingen gode nærliggande deponi som kan ta imot desse overskotsmassane. Å kunne nytte overskotsmassane direkte i prosjektet til vegbygging ved ei eventuell fylling i sjø i Gryvlevikja vil vere ei svært god samfunnsøkonomisk løysing.

Verneforskrifta opnar for at det kan gjevast dispensasjon for tiltak i samband med oppgradering av Fv 57 langs Dalsfjorden. Det er ikkje spesifisert i kva omfang og type tiltak det gjeld. Fjaler kommune meinar at det er greitt med eit punkt som opnar for dispensasjon til tiltak i samband med utbetring av fylkesvegen, men vil tru at dette vil gjeld for tiltak med mindre omfang. For området i Gryvlevikja kan det bli behov for omfattande titlak som vi vurderer det kan vere vanskeleg å få dispensasjon til. Fjaler kommune ber difor om at det vert teke omsyn til dette i det vidare planarbeidet ved at vernegrensa vert justert som på kartutsnitt i figur 4 under. Alternativt må verneplan koordinerast med vidare prosjektering og reguleringsendring for denne delstrekningen slik at vernegrensa kan tilpassast nødvedig sjøareal i Gryvlevikja for framtidig utbetring av fylkesveg 57.



Figur 4: Framlegg til justering av vernegrensa markert med raud linje

#### Samla vurdering

Vern av Dalsfjorden vil medføre restriksjonar på bruk og tilrettelegging av ulike aktivitetar i og nær verneområdet. Framlegg til vern vil samstundes gje eit godt vern av naturverdiane, utan at det i vesentleg grad vil påverke den dagelege bruken av området folk flest. Fjaler kommune er oppteken av at vernet ikkje må leggje restriksjonar på pågående prosjekt og planarbeid. Det gjeld spesielt eksisterande tømmerkai og utviding av næringsareal i Kvamen

og utbetring av fylkesveg 57.

Fjaler kommune ber om at det vert teke omsyn til innspela i saka og ser fram til vidare god dialog med Statsforvaltaren om pågående prosjekt, planarbeid og verneplanarbeidet.

Fra: Frode Hjelmeland[frode@hjelmeland.info]  
Sendt: 05.11.2022 18:31:35  
Til: Knagenhjelm, Maria;Postmottak  
SFVL[fmsfmck@statsforvalteren.no;sfvlpst@statsforvalteren.no]  
Kopi: Frode Hjelmeland[frode@hjelmeland.info];  
Tittel: Merknad til marint vern i Dalsfjorden

---

Til Statsforvalteren i Vestland  
v/ seniorrådgjevar Maria C. Knagenhjelm

Merknad til marint vern i Dalsfjorden, GBNR. 187/ 7 og 8, Skjeret.

Eg ser positivt på at fjorden vert verna mot inngrep som kan skade fjorden.

Dagens kai mot nor/vest tar i mot lastebåter med inntil 120 meter lengde og bredde inntil 19 meter. Båtene forflyttes langsmed den 21 meter lange kai fronten under lossing. Forankring gjøres mot kai front og mot utstikkende odde/skjer øst for kai front (vist på vedlagt bilde). Ankerpunkt plassert på odde/skjer er vist på vedlagt bilde. Lastebåtene forankrer i tillegg med anker til sjøbunn i front og bak på båten. Forankring mot sjøbunn vil være maks 80 meter fra nor/vestlig kai kant mot vest og maks 80 meter fra nor/østlig kai kant mot øst.

Dagens flytebrygge for 13 båtplasser vart ferdigmeldt sommeren 2021, og ligger sør/vest for kai front. Vedlagt bilde viser plassering. Fra kaifront stikker flytebryggen 12,5 meter mot sør/vest.

I forslag til forskrift om vern av Dalsfjorden, § 3, pkt c. stårt det at området er verna mot oppankring. Når vi losser fraktebåter er det nødvendig med ankring med anker mot sjøbunn og etablert flytebrygge anlegg for 13 båtplasser med tilleggs forankring mot sjøbunn.

Vi ber om at verne grensa for vår aktivitet på Skjeret trekkes ut forbi vår aktivitet. Vi ber også om å bli behandlet likt med småbåthavnen i Eidevik som fikk flyttet verne grensen utenfor småbåthavnen.

Forskriftene må ikke være til hinder for å kunne etablere varmepumpe med sjøledning som kilde for varme fangst (hente varme frå sjøledning).

Eg ber om bekreftelse på at denne e-post merknad er mottatt av Statsforvalteren i Vestland.

Med vennlig helsing  
Frode Hjelmeland

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria [mailto:[fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)]

**Sendt:** onsdag 2. november 2022 13.35

**Til:** [frode@hjelmeland.info](mailto:frode@hjelmeland.info)

**Emne:** Høyring av marint vern i Dalsfjorden

Hei,

Visar til melding frå deg til meg, i går 1. november 2022, der du skriv:

*Hei. Vennligst ring meg når du er ledig. Blir det mulig for grunneiere langs Dalsfjorden å bli invitert til høring vedrørende mulig vern? Eier av gnr. 187/7 og 8. Mvh Frode Hjelmeland, Bygstadvegen 437, 6977 Bygstad. Epost [frode@hjelmeland.info](mailto:frode@hjelmeland.info)*

Takk for din førespurnad! Eg prøvar å svare skriftleg.

Dette marine vernet vil ikkje berøre din eigedom. Vernegrensa vil gå to meter under sjøkartnull langs Dalsfjorden, med mindre ein har sin eigedom opplista i den føreslegne verneforskrifta.

Her er nettsida vår og informasjonen vi har lagt ut fortløpende om verneprosessen i Dalsfjorden: [Dalsfjorden kandidatområde for marint vern | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Vi la ut høyringa for Dalsfjorden til offentleg ettersyn den 16. februar 2022 og inviterte til innspel i nettoppslag, brev og annonseringer. Opphavleg høyringsfrist var 22. april, men vi utvida fristen til 1. mai. Her er nettsaka om høyringa: [Høyring av Dalsfjorden marine verneområde | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Vi har kunngjort høringsfrister i aviser, og har hatt ulike opne møte ved oppstart. Direkte berørte grunneigarar har fått brev i tillegg, mens øvrige innbyggjarar har blitt invitert via annonser, dialog med kommunen og generell spreiling av informasjon om høyringa. Vi kan sjølv sagt ikkje garantere at alle får med seg kunngjøringer i avis og på våre heimesider, og dersom du ønskjer å komme med innspel no, så kan vi gje deg utvida frist til 10. november (siste frist for Sunnfjord kommune). Vi er godt i gang med tilrådinga vår til Miljødirektoratet, men sidan den enno ikkje er sendt vil vi gjerne høyre di meining!

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 37

Mobil: 93 66 42 56

E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)



Virusfri.[www.avast.com](http://www.avast.com)









**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 01.03.2022 15:25:19  
**To:** coh@fjaler.kommune.no[coh@fjaler.kommune.no];  
Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommun  
e.no]  
**Subject:** Høyring av marint vern for Dalsfjorden  
Hei!

Eg fekk tips frå Johannes Folkestad at de kanskje har høyringssaka av Dalsfjorden marine verneområde i kommunane Askvoll og Fjaler. Om de har spørsmål, er det berre å ta kontakt.

Her er oppslaget vi laga til i samband med høyringa:

[https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyeringar/2022/04/hoyring-av-dalsfjorden-  
marine-verneomrade/](https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/hoyeringar/2022/04/hoyring-av-dalsfjorden-marine-verneomrade/)

Det hadde vore supert om de i Fjaler og Askvoll kunne ha delt oppslaget eller info om høyringa på dykker heimeside.

Vi skal ha eit Teams-møte med administrasjonen i Sunnfjord kommune på torsdag for å svare på spørsmål og drøfte om det er ønske om eit ope kveldsmøte om det marine vernet.

Om de har trong for lengre tid enn høyringsfristen 22. april for å få ei god drøfting i politiske utval, kan vi tilpasse dette.

Med venleg helsing

**Maria C. Knagenhjelm**

seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 37

Mobil: 93 66 42 56

E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)

Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 07.11.2022 13:34:42  
**To:** Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no[Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no]  
**Cc:** Orheim, Eline[fmsfeor@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Folkemøte i Sunnfjord

Hei,

Visar til telefonsamtalar fredag den 4. november 2022 der du, på vegner av ordførar i Sunnfjord kommune, hadde eit sterkt ønskje om å avhalde folkemøte om marint vern for Dalsfjorden. Vi forstod at eit folkemøte er viktig no for kommunen i forkant av Sunnfjord si handsaming av endeleg høyringsinnspel til prosessen for etablering av Dalsfjorden som marint verneområde.

Vi ber Sunnfjord kommune kome med framlegg til stad for folkemøte, eit par alternative datoar, møtelokale, eventuell servering, korleis informasjon om møtet skal kome flest mogeleg i hende, m.m. Vi vil gje beskjed til Miljødirektoratet om at vi ikkje kan levere på oppdraget om marint vern for Dalsfjord innan fristen som er sett oss, som er i løpet av kalenderåret 2022.

Vi foreslår å vente til januar med å halde eit folkemøte, kanskje ila veke 3 eller 4? Då vil kommunen få tid til å kome lengre med kommuneplanarbeidet. Vi vil prøve å invitere aktuelle sakshandsamarar for Dalsfjorden-saka i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord til eit lite Teams-møte før jul for ein liten fot-i-bakken-status-møte for det marine vernet. Vi ser fordelar med jamlege status-møte viss prosessar dreg ut i tid.

Vi snakkast,  
Med venleg helsing  
**Maria C. Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: fmsfmck@statsforvalteren.no  
Web: www.statsforvaltaren.no/vl

**From:** Solfrid Trå[Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no]

**Sent:** 11.11.2022 09:42:10

**To:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]

**Cc:** Orheim, Eline[fmsfeor@statsforvalteren.no]; Hilde Bjørkum[Hilde.Bjorkum@sunnfjord.kommune.no]

**Subject:** Folkemøte i Sunnfjord

Hei

Syner til e-postar og telefonsamtalar denne veka om folkemøte, og stadfestar med dette tid og stad for folkemøte om marint vern for Dalsfjorden.

Dato: 11. januar 2023

Stad: Bygstad samfunnshus

Informasjon om folkemøte: Statsforvaltar lagar invitasjon, som Sunnfjord kommune kan legge ut på side nettsider og sosiale media, og sende til aktuelle organisasjonar.

Statsforvaltar tek ansvar for å annonsere folkemøte i lokalavisa Firda.

Servering: Statsforvaltar tek ansvar for servering

Vi ber av den grunn om at fristen for endeleg høyringsinnspel vert utsett til 1.februar 2023.

Med vennleg helsing

**Solfrid Trå**

**Rådgjevar idrett og friluftsliv**

Tlf: +47 976 23 098

**Sunnfjord kommune**

Sentralbord: +47 57 72 20 00

[www.sunnfjord.kommune.no](http://www.sunnfjord.kommune.no)

E-postar som vert ein del av vår saksbehandling eller har verdi som dokumentasjon, vil bli registrert i vårt saksbehandlingssystem og arkivert der. Treng du å sende sensitive opplysningar til oss, kan du nytte skjema her: [Elektronisk skjema for sensitive opplysningar](#)

---

**Fra:** Knagenhjelm, Maria [mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no]

**Sendt:** mandag 7. november 2022 13:35

**Til:** Solfrid Trå <Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no>

**Kopi:** Orheim, Eline <fmsfeor@statsforvalteren.no>

**Emne:** Folkemøte i Sunnfjord

Hei,

Visar til telefonsamtalar fredag den 4. november 2022 der du, på vegner av ordførar i Sunnfjord kommune, hadde eit sterkt ønskje om å avhalde folkemøte om marint vern for Dalsfjorden. Vi forstod at eit folkemøte er viktig no for kommunen i forkant av Sunnfjord si handsaming av endeleg høyringsinnspel til prosessen for etablering av Dalsfjorden som

marint verneområde.

Vi ber Sunnfjord kommune kome med framlegg til stad for folkemøte, eit par alternative datoar, møtelokale, eventuell servering, korleis informasjon om møtet skal kome flest mogeleg i hende, m.m. Vi vil gje beskjed til Miljødirektoratet om at vi ikkje kan levere på oppdraget om marint vern for Dalsfjord innan fristen som er sett oss, som er i løpet av kalenderåret 2022.

Vi foreslår å vente til januar med å halde eit folkemøte, kanskje ila veke 3 eller 4? Då vil kommunen få tid til å kome lengre med kommuneplanarbeidet. Vi vil prøve å invitere aktuelle sakshandsamarar for Dalsfjorden-saka i Askvoll, Fjaler og Sunnfjord til eit lite Teams-møte før jul for ein liten fot-i-bakken-status-møte for det marine vernet. Vi ser fordelar med jamlege status-møte viss prosessar dreg ut i tid.

Vi snakkast,  
Med venleg helsing  
**Maria C. Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



## Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: [fmsfmck@statsforvalteren.no](mailto:fmsfmck@statsforvalteren.no)  
Web: [www.statsforvaltaren.no/vl](http://www.statsforvaltaren.no/vl)

**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 15.11.2022 14:31:49  
**To:** Connie Hovland[Connie.Hovland@fjaler.kommune.no]; Kjersti Sande Tveit[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no]  
**Cc:** Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no[Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no]; Orheim, Eline[fmsfeor@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Folkemøte i Bygstad den 11. januar om marint vern i Dalsfjorden

Hei,

Sunnfjord kommune ønsker at vi arrangerer eit folkemøte i samband med verneprosessen for Dalsfjorden. Vi har landa på den 11. januar kl. 19 i Bygstad samfunnshus, og vil med dette invitere både Fjaler og Askvoll til arrangementet. Vi skal lage ein invitasjon og sende etter kvart, om de vil spreie informasjonen til relevante mottakarar, men vi vil gjerne melde dykk allereie no om tid og stad.

Vi utvider høyringsfristen til 1. februar, slik at deltakarar på folkemøtet kan komme med innspel. Ordførar i Sunnfjord ønsker velkommen til møtet, og det vil bli god tid til spørsmål og innspel etter vår orientering. Det var eit liknande folkemøte i oppstartfasen av verneprosessen.

Med venleg helsing  
**Maria C. Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: fmsfmck@statsforvalteren.no  
Web: www.statsforvaltaren.no/vl

**From:** Knagenhjelm, Maria[fmsfmck@statsforvalteren.no]  
**Sent:** 15.11.2022 14:31:49  
**To:** Connie Hovland[Connie.Hovland@fjaler.kommune.no]; Kjersti Sande Tveit[Kjersti.Sande.Tveit@Askvoll.kommune.no]  
**Cc:** Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no[Solfrid.Tra@sunnfjord.kommune.no]; Orheim, Eline[fmsfeor@statsforvalteren.no]  
**Subject:** Folkemøte i Bygstad den 11. januar om marint vern i Dalsfjorden

Hei,

Sunnfjord kommune ønsker at vi arrangerer eit folkemøte i samband med verneprosessen for Dalsfjorden. Vi har landa på den 11. januar kl. 19 i Bygstad samfunnshus, og vil med dette invitere både Fjaler og Askvoll til arrangementet. Vi skal lage ein invitasjon og sende etter kvart, om de vil spreie informasjonen til relevante mottakarar, men vi vil gjerne melde dykk allereie no om tid og stad.

Vi utvider høyringsfristen til 1. februar, slik at deltakarar på folkemøtet kan komme med innspel. Ordførar i Sunnfjord ønsker velkommen til møtet, og det vil bli god tid til spørsmål og innspel etter vår orientering. Det var eit liknande folkemøte i oppstartsfasen av verneprosessen.

Med venleg helsing  
**Maria C. Knagenhjelm**  
seniorrådgjevar



**Statsforvaltaren i Vestland**

Telefon: 57 64 31 37  
Mobil: 93 66 42 56  
E-post: fmsfmck@statsforvalteren.no  
Web: www.statsforvaltaren.no/vl



PEI  
PEI  
PEI  
60  
62  
NS.  
JORDN  
DALE  
847  
EAD

Fra: Ingar[ingar@transportfag-sfj.no]  
Sendt: 23.01.2023 13:26:55  
Til: Postmottak SFVL[sfvlpot@statsforvalteren.no]  
Tittel: Svar på høyring av Dalsfjorden marine verneområde

---

Hei. Her er eit høyringssvar om vern av Dalsfjorden

Helsing



Ingar Nistad  
Opplæringskonsulent  
**Mobil** 41327008  
**E-post** Ingar@transportfag-sfj.no

# Svar på høyring om Dalsfjorden marine verneområde.

Takkar for eit hyggeleg folkemøte i Bygstad Samfunnshus den 11. januar 2023. På vegne av bebuarar på Sveen i Bygstad skriv vi eit felles høyringssvar.

Dalsfjorden er ein fjord med mange kvalitetar, som dei som bur langs fjorden har nytta seg av i generasjonar. Man har hausta mange flotte delikatesser til middagsbordet, og fjorden har vært brukt som transportmiddel, frakteveg, og til turisme i småskala. For dei som bur langs med fjorden er dette viktige kvalitetar som er nødvendige for at folk skal kunne leve og at det skal være attraktivt å bu. Og med dette må ein også ha moglegheit for å ha brygge, kaianlegg, og moloar med fortøyingsiler som toler vind ogvêrforhold. Dette ser ein på som ein konflikt med dykkar verneforslag då dette kjem i konflikt med vern av vassøyle og sjøbotnen.

Innafor verneområdet er det industri som kaianlegg for utskiping av tømmer, sending/mottak av varer, og cruiseturisme. Krav til kaianlegg, bygging, og opprusting er derfor viktig at ein får halde fram med utan at eit vern skal komme i konflikt med dette.

Vi veit lite om framtida, men det ein ser i dag er at ein har utfordring med for lite elektrisitet. Eit marint vern av fjorden kan i dette tilfelle være eit hinder for nødvendig utbygging og oppgradering av kraftverk langs med og i fjorden.

Som naboar til fjorden ser ein på vernet av fjorden som negativt og unødvendig. Dette lagar meir, og unødvendige føresegner, og er unødvendig i ein fjord som ein kan sjå at den er blitt god tatt i vare til no. Derfor tilrår vi at eit marint vern av Dalsfjorden ikkje trer i kraft, då dette vil skape ei ulempe for innbyggjarar, og næring langs fjorden.

Med vennleg helsing:

Ingar Nistad, (Gnr. 219 Bnr. 4)

Margunn Skudal Nistad, og Bjørn Nistad (Gnr. 219 Bnr. 4)

Tone Sævik Øvrebø, og John Øvrebø (Gnr. 219 Bnr. 1)

20. januar 2023



«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»


## Referat frå drøftingsmøte om vegløysing ved Gryvlevika langs Dalsfjorden - Fjaler kommune - SFFK - SFVL

Dato: 23.01.2023

Stad: Teams

Til stades: Connie Hovland, Fjaler kommune, Nina Elise Hjartholm, Fjaler kommune, Bjørn Andre Storøy, Vestland fylkeskommune, Svein-Henning Råheim, Vestland fylkeskommune, Silje Elvatun Sikveland, Statsforvaltaren i Vestland, Gunn Tove Nyheim, Statsforvaltaren i Vestland, Tore Larsen, Statsforvaltaren i Vestland, Maria Knagenhjelm, Statsforvaltaren i Vestland (referent)

Møtet kom i stand etter dialog med Fjaler kommune på folkemøtet i Bygstad den 11. januar 2023. Fjaler kommune sendte innspel til høyringa i ver neprosessen for Dalsfjorden med ønske om å redusere det marine verneområde slik at arealet sør for den rauda linja fell utanfor vernegrensa (sjå figur 1) og tok initiativ til eit møte med Statsforvaltaren (SFVL) og Fylkeskommunen.



Figur 1 Kartutsnitt frå Fjaler kommune sitt høyringsinnspel til ver neprosessen for Dalsfjorden marine verneområde.



Gjeldande reguleringsplan (markert grått og grønt i figur 1) er ikkje i konflikt med verdiane i det marine kandidatområdet, og SFVL har lagt denne til grunn for vernegrensa som ligg på høyring. Vernearealet som ligg på høyring er skravert lilla i figuren.

Bakrunnen for Fjaler sitt høyningsinnspeil er at gjeldande reguleringsplan, jf. fylkeskommunen, truleg ikkje kan nyttast fordi fjellet er lausare og av ein annan kvalitet enn lagt til grunn for planlagt trasé. Dette vart oppdaga for seint i prosessen, og etter at reguleringsplanarbeidet var ferdig. Det blir truleg også eit masseoverskot frå vegprosjektet FV 57, og kommunen skriv at det pr. no ikkje er gode nærliggjande deponi som kan ta i mot overskotsmassane. Fordi det er behov for å både utvide og heve vegen vil dette kunne føre til store skjeringar og potensielt to vegtrasear. Kommunen er uroa for påverknaden dette vil kunne ha på landskapsbiletet frå fjorden. Det vil også kunne føre til nedbygging av innmark og redusert verdi av gardstunet på Kviene. Det var opplyst under møtet at det ikkje bur nokon på Kviene no, og garden er, pr. i dag, i forfall. For å unngå å ta innmark og lage høge skjeringar ønskjer kommunen at fjorden potensielt kan nyttast til å massedeponi. I møtet sa likevel kommunen at deira framlegg om å flytte vernegrensa såpass langt ut frå land i denne delen av kandidatområdet er i overkant av det reelle behovet, men at det er for å sikre seg tilstrekkeleg romsleg areal.

Om ein nyttar masse til å heve vegen og slake ut svingane vil kurvaturen bli god og det blir lågare skjeringar. Med utfylling i sjø blir kurvaturen riktig for planlegging etter fartsgrensa på 80 km/t. Det er ikkje klart kor mykje det eventuelt blir behov for å fylle ut dersom ein landar på den løysinga. Fylkeskommunen vil lage ei ny reguleringsplan der 80 km/t vert lagt til grunn for utforming av vegen. Då medfører dette krav til ein kurvatur som gjer svingane slake nok for denne høge fartsgrensa. Kurvaturen er årsak til ønsket om utfylling i sjø.

I møtet signaliserte Statsforvaltaren at det er problematisk å bruke fjorden som deponi for overskotsmasser. Det er fleire regelverk som slår inn, m.a. forureiningslov og plan- og bygningslov. I alle saker som omhandlar natur skal også §§ 8-12 i naturmangfaldslova bli greidd ut. Fordi verneprosessen for Dalsfjorden er i gang slår også § 44 i naturmangfaldslova inn, og tiltaket vil representera ei betydeleg påverknad på verneverdiane i Dalsfjorden. Dalsfjorden er, av eit nasjonalt utval, valt ut fordi fjorden har spesiell verdi som ferskvasspåverka marint økosystem, som oppvekstareal for ei rekke marine artar, og fordi det er relativt lite påverka av nedbygging. På [nettssidene](#) til Statsforvaltaren står det meir om bakrunnen for, og føremålet med, vernet. Ny kunnskap viser også at grunne areal i fjordane har høg verdi som karbonlager, og nedbygging av disse vil kunne medføre utslepp av klimagassar. Omrøyring av sediment og påfylling av masse vil også medføre tilslamming av sårbare artar på botn. Statsforvaltaren meiner at av all nærliggjande natur i planområdet er det Dalsfjorden som heilt klårt har størst verdi.

Frå starten av verneprosessen har SF fått innspel frå kommunane om å ha opning for dispensasjon for tiltak i samband med oppgradering av FV 57. Det ligg difor inne som dispensasjonsheimel i utkastet til verneforskrift. Terskelen er lågare for å gje dispensasjon dersom det er snakk om store, samfunnsnyttige tiltak, men i så fall legg forvalningsstyretema til grunn at andre alternative løysingar er vurderte og utelukka. Det er difor viktig å undersøke alle andre alternativ enn utfylling av masse i fjorden. I dette området er grunnare areal enn to meter under sjøkartnull inkludert i verneområdet, så vernegrensa som ligg på høyring no går ved normal flo i Gryvlevika. Fordi massar er ein ressurs er det viktig å kunne sjå potensiale av å nytte overskotsmassar i staden for å leggje disse i eit deponi i fjorden.

Både kommunen og fylkeskommunen informerte om at det ikkje er gjort grunnundersøkingar i fjorden, og ein veit såleis ikkje no om det t.d. er fast fjell eller kvikkleire. Det er eit halvt års ventetid



for å gjere slike undersøkingar med borerigg, så dette er i utgangspunktet planlagt til sommaren. Ein borer seg ned i sjøbotnen med eit 4 tommars bor for å sjekke motstand, og kan eventuelt ta ut kjerneprøver. Etter analyse vil ein ha meir kunnskap om botnforholda og kan basere reguleringsplanen på det.

Statsforvaltaren har sett endeleg frist på høyringa for Dalsfjorden til 1. februar 2023 etter å ha hatt saka på høyring i om lag eitt år (første høyringsfrist var 22. april 2022). Sjølv om høyringa har blitt utsett fleire gonger understrekar SFVL at det er viktigare å høyre alle og få god dialog og involvering. Det er likevel på sjette året i verneprosessen, og SFVL har fått utsett oppdraget frå Miljødirektoratet med å levere ei tilråding, men det blir forventa at vi gjer dette ila våren -23. SF vil i så fall omtale dette aktuelle området langs fjorden og i Gryvlevika i tilrådinga. Det vil vere naturleg å vise til at verneforskrifta opnar for tiltak etter dispensasjon, og vi vil leggje naturmangfaldslova §§ 8-12 til grunn i vurderingane.

Oppsummering på slutten av møtet:

- Når det er meldt oppstart av ein verneprosess må alle tiltak og aktivitetar i kandidatområdet bli vurdert som om området er allereie verna, men under andre regelverk, som t.d. plan- og bygningslova og forureiningslova.
- Statsforvaltaren signaliserte at vi kan tilrå flytting av vernegrensa frå dagens framlegg ved normal flo til 2 meter under sjøkartnull i Gryvlevika. Det er få grunne område på sørsida av Dalsfjorden, men om ein ny reguleringsplan kan heve vegen og leggje opp til ei mur langs fjorden utan å dumpe masse i det marine miljøet kan det vere ei potensielt god løysing for alle partar.
- SFVL foreslo også å kunne planlegge vegen ut i frå ei fartsgrense på 60 km/t, som SFVL tolkar vil kunne medføre mindre inngrep og krav til slak kurvatur, slik at det vil kunne redusere belastinga på naturmangfald, verneverdiar, redusere masseoverskot, minske inngrep på innmark og lågare skjeringar.
- Vi tar eit nytt møte når fylkeskommunen får laga skisser på kurvatur og potensielle trasear, mellom anna med ein mur inst i Gryvlevika for å heve vegen, nytte masse og unngå påverknad på det marine miljøet. Fjaler kommune kallar inn.
- Kommunen og Fylkeskommunen jobbar vidare med undersøkingar kring grunnforhold for å få eit best mogeleg kunnskapsgrunnlag for planlegging av tiltaket vidare. Prøveboring av botn i Gryvlevika vurderer vi som viktig for å kome vidare i saka, og det har neppe nemneverdig betydning for verneverdiane om det blir gjort varsamt.

Med helsing

Tore Larsen  
seniorrådgjevar

Maria Knagenhjelm  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Mottakerliste:**

Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/23	Formannskapet	26.01.2023

### Fråsegn/tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

#### Vedtak i Formannskapet 26.01.2023:

1. Sunnfjord kommune ber om at det vert tatt omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen.
2. Sunnfjord kommune ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltaren samarbeide om og ta omsyn til framtidig vedtak i Kommunedelplan for FV 57 (Båtevik - Storehaugen).
4. Sunnfjord kommune støttar forslaget om ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av større båtar enn 15 meter, som tar omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.
5. Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvaltningsplan etter vernevedtak. Sunnfjord kommune vil påpeike viktigheten av at det i forvaltninga blir lagt vesentleg vekt på at vernet ikkje skal legge avgrensingar på framtidsretta nærings- og bustadutvikling i verneområdet. Kommunen sine vurderingar må tilleggast stor vekt i forvaltninga av verneområde. Det er viktig at Sunnfjord kommune får delta aktivt heilt frå starten av i utarbeiding av forvaltningsplanen.
6. Sunnfjord kommune tilrår at det vert oppretta eit verneområdestyre, med politiske representantar frå kvar av kommunane.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Sunnfjord kommune ber om at det vert tatt omsyn til næringsareala som ligg i kommunen sitt forslag til Kommuneplan - arealdelen, og at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Kommunedirektøren tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.
2. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar samarbeide om og ta omsyn til framtidig vedtak i Kommunedelplan for FV 57 (Båtevik - Storehaugen).
3. Sunnfjord kommune støttar forslaget om ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av større båtar enn 15 meter, som tar omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.
4. Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvaltningsplan etter vernevedtak
5. Sunnfjord kommune tilrår at det vert oppretta eit verneområdestyre, med politiske representantar frå kvar av kommunane.

## **Samandrag**

På bakgrunn av svar frå Statsforvaltar til tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune, og kunnskap om framtidige arealbehov gjennom prosessen med ny arealplan, tilrår kommunedirektøren at det vert teke følgande omsyn og justeringar i høve verneforslag:

- Verneområdegrensene bør justerast og leggast utanfor næringsareala i Eidevika og Bjørvika. Kommunedirektøren tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikestranda.
- Verneforslaget bør ta omsyn til framtidig vedtak i Kommunedelplan for FV 57(Båtevik - Storehaugen) .
- Sunnfjord kommune støttar forslaget om ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av større båtar enn 15 meter, som tar omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.
- Omsyn til reiseliv, friluftsliv og infrastruktur er ivaretake med føreslårte justeringar og dispensasjonsmogleigheter etter kommunedirektøren sitt syn.
- Kommunedirektøren oppmodar til å starte arbeidet med forvaltningsplan så snart som råd etter vernevedtak, og tilrår at det vert etablert eit verneområdestyre med politiske representantar frå kvar av kommunane.

## **Bakgrunn for saka**

Verneframlegg for Dalsfjorden marine verneområde vart sendt ut på høyring med høyringsfrist 1.mai 2022. Sunnfjord kommune sende fråsegn 21.04.2022, jf. USKN- 022/22. I etterkant vart saka tatt opp att i kommunestyret, der konsekvensar av vernet skulle vurderast betre. Statsforvaltar orienterte om Dalsfjorden marine verneområde i formannskapsmøte 09.06.2022.

Formannskapet gjorde følgande vedtak 23.06.22 (jf. FOR-139/22):

1. Sunnfjord kommune meiner at det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Leirvika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.
2. Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringsareala.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringar og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.
4. For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.
5. Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt.

Statsforvaltar sende svar og utfyllande informasjon til tilleggsuttalen 24.oktober 2022, og gav ny innspelsfrist til 10. november 2022. Sunnfjord kommune hadde ønske om eitt folkemøte før innspelsfrist. Statsforvaltar imøtekomm dette, og folkemøte vart gjennomført 11. januar 2023. Innspelsfristen vart forlenga til 1. februar 2023.

Svar frå Statsforvaltar ligg ved saka, samt tidlegare uttale frå Sunnfjord kommune.

## Saksutgreiing

Formannskapet ba om at det vart tatt omsyn til næringsareala sette av i kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ba også om utfyllande svar/konsekvensutgreiing på tema lista opp i vedtakspunkt over. Statsforvaltar har gitt svar og utfyllande informasjon til tilleggsuttalen.

Kommunedirektøren vil på bakgrunn av dette vurdere svara frå Statsforvaltar opp mot status på framtidige arealbehov, jf. prosessen med kommuneplanen sin arealdel. Prosessen med ny arealdel til kommuneplan er kome godt i gang. Høyring av planprogram er gjennomført, og kommunen fekk mykje innspel. Innspela og tidlegare kommuneplanar er sila etter ulike kriteria, og det er gjennomført KU og ROS på utvalde areal. Ut frå dette har administrasjonen utarbeida eitt planforslag som no ligg ute på høyring. Vurderingane frå administrasjonen i denne saka er gjort på bakgrunn av status i arealplanarbeidet slik planforslaget ser ut pr. i dag.

For best mogleg oversikt, vil Kommunedirektøren gjengi tilleggsuttale, statsforvaltar sin kommentar og sin vurdering punktvis under, og i den rekkjefølga dei vart tatt opp og svara ut.

Syner også til tidlegare saksutgreiing og uttale, jf. USKN-022/22 og FOR-139/22.

## Vurdering

### 1. Omsyn til framtidige næringsareal

#### Tilleggsuttale frå formannskapet 23.06.22 :

Sunnfjord kommune meiner det bør takast omsyn til næringsareala som ligg inne i gjeldande kommunedelplan for forretning og industri Gaular 2012, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei tre næringsareala som grensar ut i Dalsfjorden (Leirvika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda) i denne planen.

#### Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi har, heilt frå starten, sagt at vi ville ta omsyn til eksisterande kommunale planar. Dette har vore formidla både til kommunen og i folkemøtet i Bygstad den 14.11.2017. Vi fekk nok ikkje god nok oversikt over alle planar i oppstartsfasen, noko som har ført til at høyringskartet ser ut som det gjer. Vi vil omtale næringsareala Leirvika, Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda punktvis under:

Lervika (også omtalt som Leirvika) ligg heilt inst i Dalsfjorden ved utløpet av det verna vassdraget Gaula og Osen naturreservat. Vi viser til eit notat frå 2011 (vedlagt) utarbeidd etter møte med dåverande Fylkesmannen og Gaular kommune om naturverdiane i dette området. Det er knytt svært store naturverdiar i området ved Sunnfjord sag. Tiltak i dette området vil være i direkte konflikt med raudlista naturtype og raudlista artar, noko som heller ikkje vil vere i tråd med plan- og bygningslova (PBL). Vi ser det som vanskeleg å innskrenke det marine verneområdet i denne delen av arealet.

Eidevik ligg aust for Bygstad og er ein småbåthamn med fleire flytebryggjer. På høyringskartet hadde vi trekt vernegrensa utanom småbåthamna i Eidevika, slik småbåthamna ligg i dag. Vi ser no at vi ikkje fanga opp kommunen sitt avsette areal for framtidig utviding av småbåthamn, og tilpassar vernegrensa slik at heile det regulerte arealet blir heldt utanfor vernegrensa. Slik blir det rom for utviding av nærings- og fritidsaktivitetene i framtida. Vi vil såleis møte kommunen sitt ønskje i dette området.

Bjørvika og Bjørvikestranda ligg ikkje inne i offentleg tilgjengelege databasar som kommunekart eller fylkesatlas, og det er difor vi ikkje har fanga opp disse to næringsareala i vårt arbeid med vernegrensa. Bjørvika (også omtalt som Bjørsvika) har ein eksisterande snikkarverkstad med kai, og Gaular kommune sin plan for industri og næring frå 2012 har med areal for mogeleg småbåthamn med storleik 5,7 dekar nord for noverande infrastruktur. Planen inkluderer også eit framtidig næringsområde mot vest med ei 29-32 m brei utfylling i sjø. I nærlieken er det utført kartlegging av biologisk mangfald på m.a. tette førekommstar av

begerkorall og flekkvise førekommstar av korallnellik. For Bjørvikestranda er det i nemnte plan for industri og næring avsett areal til næringsareal, småbåtanlegg/hamn m.m.

Vi viser til signaler våre om å ta omsyn til eksisterande kommunale planar og kan legge vernegrensa utanfor Bjørvika og Bjørvikestranda. Kommunedelplan for industri og næring er over 10 år. Generelt er det slik at alle område som ikke er utbygd, og som skal videreførest i ny kommuneplan, må bli vurdert opp mot gjeldende nasjonale og regionale føringer og interesser og ny kunnskap. I tillegg må desse bli vurdert opp mot aktualitet og behov.

Kommunedirektøren si vurdering:

Leirvika: Utviding av område ved Leirvika var tatt ut av kommunedelplan for forretning og industri Gaula 2012, på grunn av naturverdiane i området. Planforslaget til arealdelen har heller ikke med utviding av dette området. Kommunedirektøren tilrår at vernegrensene ikke vert endra her.

Eidevik: Planforslaget til arealdelen syner at det er aktuelt å videreføre utviding av småbåthamna i Eidevik (sjå fig. 1 under). Vi ber av den grunn Statsforvaltar tilpasser vernegrensa slik at heile det avsette arealet blir helde utanfor vernegrensa.




Fig. 1: Planforslag Eidevik

Bjørvikestranda: Kaianlegg er allereie etablert, men ikke i bruk. Arealføremål i fjorden var sett av til farled for kaia og småbåthamn på austsida av elva i kommunedelplan for forretning og industri Gaula 2012. Næringsarealet på vestsida av elva var sett av til ei eventuell ny tømmerkai. Tømmerkaia er etablert lengre ut i Dalsfjorden og arealføremål til næring og farled er ikke med i planforslaget som ligg ute til høyring no (sjå fig.2 under). Småbåthamna er heller ikke med i planforslaget. Kommunedirektøren tilrår at vernegrensene ikke vert endra her.



Fig. 2: Planforslag Bjørvikestranda

Bjørvika: Område er i bruk til næring, og allereie utvida (med utfylling i sjø) i delar av området som var sett av i kommunedelplan for forretning og industri Gauldalen 2012. Planforslaget vil vidareføre delar av område, men innskrenke det litt (sjå fig. 3 under). I nærleiken er det utført kartlegging av biologisk mangfold på m.a. tette forekomstar av begerkorall og flekkvise forekomstar av korallnellik. Av dei grunnar tilrar Kommunedirektøren at vernegrensene vert justert etter nye plangrenser.




Fig. 3: Planforslag Bjørvika

Oppsummert tilrar Kommunedirektøren at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringssareaala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden, jf planforslag til kommuneplanen sin arealdel. Kommunedirektøren tilrar ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikestranda.

## 2. Konsekvensar dersom næringssareaala ikkje vert teke omsyn til

### Tilleggsuttale frå formannskapet 23.06.22:

Om ikkje vernegrensene vert flytta i samsvar med kommunedelplanen, ber vi Statsforvaltar konsekvensutgreie korleis vernet vil påverke desse næringssareaala.

### Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi flytter gjerne vernegrensa for Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda etter kommunen sitt ønskje. For Leirvika veger store, nasjonale naturverdiar tungt i vår vurdering. Vi viser igjen til

vedlagt notat frå 2011 med konsekvensvurderingar for planarbeid og naturmangfald inst i Dalsfjorden. Vi syner til oppstartsmeldinga og høyringsdokumenta der vi har vurdert verknader og konsekvensar av vernet med ei tilsvarende grundigkeit og breidde som ein konsekvensutgreiing ville svart på. Vi viser også til svara våre under punkt 1 og 3.

Kommunedirektøren si vurdering:

Syner til vurderingar under punkt 1. Oppsummert tilrår kommunedirektøren at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden, jf planforslag til kommuneplanen sin arealdel. Kommunedirektøren tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikestranda.

**3. Konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringer, nye friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur**

Tilleggsuttale frå formannskapet 23.06.22:

Sunnfjord kommune ber Statsforvaltar klargjere konsekvensar vernet vil få for reiselivsnæringer og andre næringar i tilknyting til Dalsfjorden, herunder kaianlegg og småbåthamner, samt utvikling av friluftslivsområde og utbetring av infrastruktur.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi viser til høyringsdokumenta i dette spørsmålet. Vi meiner at marint vern i Dalsfjorden vil kunne ha positive verknadar for både reiselivsnæring og lokal identitet.

Erfaringar frå andre verneområde syner at vernestatus i mange tilfelle kan føre til auka inntekter for lokalsamfunnet og ein generelt auka attraktivitet og stoltheit hjå innbyggjarar. Vi er nyleg gjort merksame på at verneforskrifta, slik den ligg føre i høyringa, vil hindre fri oppankring av større båtar enn 15 meter. Vi fekk innspel i haust om at det tidvis blir angra opp med yachtar større enn 15 meter på ein fast plass i fjorden, noko verneforskrifta i dag ikkje opnar for. Vi vil, i vår tilråding til Miljødirektoratet, tilrå å leggje til ein ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing som tar omsyn til næringsinteressene utan at det blir skadeverknader for verneverdiane.

Vi har tilpassa vernegrensa kring småbåthamna i Eidevik, slik at den kan bli utvida jf. gjeldande kommuneplan. Ut i frå planen til Gaulafrå 2012 om industri og næring ser det ut til at det er avsett fleire areal til småbåthamn. Vi syner også til § 5 e der det er opna for å gje dispensasjon, dersom det ikkje strir mot verneføremålet, for m.a. flytebryggjer og fortøyningar.

Når det gjeld utvikling av friluftsområde har vi også motteke innspel på dette frå Bygstad utvikling. Vi viser til at vernegrensa nokre strekk går to meter under lågaste vasstand og andre strekk i fjoresteinane. Dei fleste tilretteleggingstiltak for friluftsliv vil i hovudsak gå føre seg på land etter plan- og bygningsloven. Forvaltningsstyretemakta vil også kunne gje dispensasjon, jf. verneforskrifta § 5 d til tilretteleggingstiltak for friluftsliv. I § 5 g er det også opna for å gje dispensasjon til tiltak i grunne område for å betre tilkomst med båt, som mudring framfor naust og båtopptrekk.

Utbetring av infrastruktur som til dømes legging av kablar for breiband, og liknande, vil kunne fortsetje. Det ligg inne ein dispensasjonsheimel for legging av naudsynte navigasjonsinstallasjonar, legging av kablar og røyrleidningar, legging av avløpsrøyr i samsvar med forureiningsregelverk, med meir i verneforskrifta si § 5. Årsaka til at vi må handsame dette som dispensasjonsakar er for å finne best mogeleg driftsmetode (trasé, tid på året, osb.) i eit eventuelt løyve av omsyn til naturmangfaldet. Dersom det er aktuelt med ei framtidig bru over Svesundet/Svædsundet har vi tilrådd i høyringsdokumenta at den beste metoden for å ta vare på dei verdifulle førekostane av korallar er å planlegge brua i luftspenn. Det vil då heller ikkje kunne redusere vassutskiftinga i indre delar av fjorden, der overvakingsdata syner at vasskvaliteten ikkje er så god som målet er.

Kommunedirektøren si vurdering:

Reiseliv: Det har ikkje kome nye innspel om ønske om etablering av reiselivsnæringer i og ved føreslått verneområde i samband med høyringsprosessen for kommuneplanen sin arealdel. Kommunedirektøren meiner at tilpassinga med verneområdegrensa kring

småbåthamna i Eidevika, ny dispensasjonsheimel for ankring av større båtar og dispensasjonsregelen for flytebrygger og fortøyinger gjev moglegheiter for å utvikle reiselivstilbodet sjølv om Dalsfjorden blir verna. Etablering av reiselivsnæring på land, vert ikkje påverka negativt av vernet. Statsforvaltar er opptatt av å få innspel på kor ein ønsker å etablere faste installasjonar for oppankring av båtar over 15 meter, slik at konflikten med vernet blir minst mogleg.

**Friluftsliv:** Omsyn til friluftslivstiltak er etter Kommunedirektøren sin vurdering ivareteke med dispensasjonsmoglegheiter gjennom §§ 5 d og 5g. I tillegg er vernegrensene tilpassa for Bygstad sentrum, Eidevika, og ved friluftslivsområde i Standnesvika.

**Infrastruktur:** Oppstart av Kommedelplan for FV 57 (Båtevik - Storehaugen) sitt planprogram er lagt ut på høyring. Det er alternativ A-konseptet, med krysning av Svædsundet, som kjem best ut med dei kriteria som er nytta i silinga. Sundet er smalt og det er ein fordel for vasskvalitet og naturmangfald at bruva går i luftspenn. Av omsyn til verna hus (kulturminne) og føreslått linjeføring over sundet, må bruva gå i bue. Det er pr. i dag usikkert om det er teknisk mogleg å kombinere luftspenn og bue (ref. samtale med prosjektleiar i VLFK Janne Grønli). Vurdering av ulike omsyn, kva som er teknisk mogleg å få til, samt kva vegalternativ som blir tilrådd, blir gjennomført i samband med kommuneplansaka. Kommunedirektøren tilrår at Statsforvaltar er med å vurdera dei ulike omsyna og alternativa i kommedelplanen.

#### **4. Utsett frist og status på KPA**

##### Tilleggsuttale frå formannskapet 23.06.22:

For å sikre involvering, ber Sunnfjord kommune om utsett frist for å kome med tilleggsuttale etter at kommunen har fått svar på konsekvensar vernet vil få for tema lista opp i punkt 3. Det er også behov for å avvente til vi veit meir om framtidige arealbehov gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel som pågår no.

##### Statsforvaltaren sine kommentarar:

I brevet av 27.06.2022 signaliserte kommunen at den i løpet av hausten vil vite meir om det framtidige arealbehovet gjennom prosessen med kommuneplanen sin arealdel. Statsforvaltaren har fått i oppdrag å sende ei tilråding om vern i Dalsfjorden innan kalenderåret, og høyringsfristen var opphavleg sett i april.

I etterkant av svarbrevet frå Statsforvaltar, vart det avtalt folkemøte 11.januar 2023, og ny innspelsfrist 1. februar 2023.

##### Kommunedirektøren si vurdering:

Statsforvaltar var positive til at det vart arrangert folkemøte og tilpassa ny innspelsfrist til dette. Dei er også opptatt av at det er viktig å sikre god forankring og involvering, og at det er tid til å få til dette. Sunnfjord kommune har også fått utarbeida planforslag for kommuneplanen sin arealdel som no ligg ute på høyring, og veit såleis meir om status og behov for næringsareal m.m. ved Dalsfjorden.

Det kom fram på folkemøte at det er behov for informasjon i høve vernet, at innbyggjarar er bekymra for at vernet hindrar utvikling, fører til lang sakhandsamingstid og skapar usikkerheit om kor søknader skal sendast. Det er av den grunn viktig at det vert utarbeida ein forvaltningsplan så fort som råd, og at ein sikrar god involvering i samband med denne. Forvaltningsplanen gir meir forutsigbarheit, og klargjer kva tiltak som kan gjerast utan søknad og kva tiltak som treng dispensasjon frå verneforskrifta. Det er i tillegg viktig at kommune og Statsforvaltar lagar gode rutinar for sakhandsaming, slik at innbyggjarar berre treng å søke ein plass. Statsforvaltar meiner at eitt lokalt styre for verneområde bør etablerast, og at dette gjer det mogleg å få midlar til tiltak som både ivaretar vernet og utviklar område, spesielt innan reiseliv.

Kommunedirektøren vil på bakgrunn av dette, oppmode om at forvaltningsplanen kjem på plass så snart som råd etter vernevedtak, og tilrå at det vert etablert eit verneområdestyre med politiske representantar frå kvar av kommunane.

## **5. Vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt**

Tilleggsuttale frå formannskapet 23.06.22:

Sunnfjord kommune ber og om vurdering av konsekvensane for verneverdiane av dei avgrensingane som vi trekk opp i høyringssvaret vårt.

Statsforvaltaren sine kommentarar:

Vi vurderer at verneverdiane blir ivaretekne også ved å ta omsyn til eksisterande kommunale planar for Eidevik, Bjørvika og Bjørvikestranda. Det ville vore endå betre å inkludere enkelte av dei avsette områda i det marine vernet, men det er viktig i vårt arbeid at kommunen kan gje si tilslutning til arbeidet med marint vern i Dalsfjorden. Vi gjer uansett merksam på at for Lervika/Leirvika er det nasjonale naturverdiar som, uavhengig eit marint vern eller ikkje, må bli teke vare på og beskytta frå forstyrring/nedbygging.

Kommunedirektøren si vurdering:

Syner til vurderingar under punkt 1. Oppsummert tilrår kommunedirektøren at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden, jf planforslag til kommuneplanen sin arealdel. Kommunedirektøren tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikestranda.

Førde, den 12.01.2023

Terje Heggheim  
kommunedirektør

Hilde Bjørkum  
kommunalsjef

---

Behandling i folkevalde organ:

**Behandling i Formannskapet 26.01.2023:**

**Endringsframlegg (V og Ap), fremja av Gunn Merete Paulsen (V):**

Endring i kommunedirektøren sitt punkt 1 (delt opp og presisert)

1. Sunnfjord kommune ber om at det vert tatt omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen.
2. Sunnfjord kommune ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.

**Framlegg (Sp), fremja av Ole Johnny Stubhaug (Sp):**

**Nytt pkt 1:** Sunnfjord kommune har mange verneområde og bandlagde areal, og er kritiske til ytterlegare bandlegging av areal gjennom innføring av marint vern av Dalsfjorden, utan at føresegner for arealbruk er avklart først.

**Nytt pkt 2:** Dersom Statsforvaltaren likevel innstiller på marint vern i Dalsfjorden, så krev Sunnfjord kommune at marint verneområde i Sunnfjord kommune vert redusert og vernegrensa tek omsyn til alle næringsareala og andre område som ligg i kommunen sitt forslag til Kommuneplan - arealdelen, og ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei areala som ligg inne i framlegg til ny plan

**Nytt punkt:** Vi ber vidare om at ein tek omsyn til at Dalsfjorden mange stader er brådjup, og vernegrensa må avspegle dette.

**Endring pkt 5:** Sunnfjord kommune krev at det må oppretta eit verneområdestyre, med politiske representantar frå kvar av kommunane.

**Endringsframlegg, punkt 4 (V og Ap), fremja av Gunn Merete Paulsen (V):**

Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvalningsplan etter vernevedtak. Sunnfjord kommune vil påpeike viktigheten av at det i forvaltinga blir lagt vesentleg vekt på at vernet ikkje skal legge avgrensingar på framtidssretta nærings- og bustadutvikling i verneområdet. Kommunen sine vurderingar må tilleggast stor vekt i forvaltinga av verneområde. Det er viktig at Sunnfjord kommune får delta aktivt heilt frå starten av i utarbeiding av forvalningsplanen.

**Avrøysting:**

Sp sitt framlegg, pkt. 1-2, **fall** med 3 mot 8 røyster

V og Ap sitt framlegg, pkt. 1-2, vart **samrøystes vedteke**

Kommunedirektøren sitt framlegg, pkt. 2-3, vart **samrøystes vedteke**

V og Ap sitt framlegg, pkt 4, **vart vedteke** med 9 mot 2 røyster (MDG, SV)

**Alternativ avrøysting om punkt 5:**

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 8 røyster (Ap, V, H, MDG, SV) og **vart vedteke**

SP sitt framlegg fekk 3 røyster (SP) og **fall**

**Avrøysting:**

SP sitt framlegg om nytt punkt **fall** med 5 (Sp, H) mot 6 røyster

**FORM-014/23 Vedtak:**

1. Sunnfjord kommune ber om at det vert tatt omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen.
2. Sunnfjord kommune ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltaren samarbeide om og ta omsyn til framtidig vedtak i Kommunedelplan for FV 57 (Båtevik - Storehaugen).
4. Sunnfjord kommune støttar forslaget om ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av større båtar enn 15 meter, som tar omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.
5. Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvalningsplan etter vernevedtak. Sunnfjord kommune vil påpeike viktigheten av at det i forvaltinga blir lagt vesentleg vekt på at vernet ikkje skal legge avgrensingar på framtidssretta nærings- og bustadutvikling i verneområdet. Kommunen sine vurderingar må tilleggast stor vekt i forvaltinga av verneområde. Det er viktig at Sunnfjord kommune får delta aktivt heilt frå starten av i utarbeiding av forvalningsplanen.
6. Sunnfjord kommune tilrår at det vert oppretta eit verneområdestyre, med politiske representantar frå kvar av kommunane.

**Vedlegg i saka:**

Utfyllande informasjon til Sunnfjord kommune om Dalsfjorden marine verneområde

Notat Leirvika frå fylkesmiljøvernsjef 2011

Tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Fråsegn til høyring av Dalsfjorden marine verneområde



Statsforvaltaren i Vestland,  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

## Fråsegn/tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

Formannskapet har i møte 26.01.2023 behandla sak 014/23 «Fråsegn/tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde», og der vart det gjort slikt vedtak:

1. Sunnfjord kommune ber om at det vert tatt omsyn til kommunen sitt forslag til arealdel i kommuneplanen.
2. Sunnfjord kommune ber om at verneområdegrensene vert lagt utanfor dei to næringsareala i Eidevika og Bjørvika som grensar ut i Dalsfjorden. Sunnfjord kommune tilrår ikkje at verneområdegrensa vert endra for Leirvika og Bjørvikstranda.
3. Sunnfjord kommune ber Statsforvaltaren samarbeide om og ta omsyn til framtidig vedtak i Kommunedelplan for FV 57 (Båtevik - Storehaugen).
4. Sunnfjord kommune støttar forslaget om ny dispensasjonsheimel i verneforskrifta for å finne ei løysing med forankring av større båtar enn 15 meter, som tar omsyn til både næringsinteressene og verneinteressene.
5. Sunnfjord kommune ber om at det vert prioritert å utarbeide ein forvaltningsplan etter vernevedtak. Sunnfjord kommune vil påpeike viktigheten av at det i forvaltninga blir lagt vesentleg vekt på at vernet ikkje skal legge avgrensingar på framtidsretta nærings- og bustadutvikling i verneområdet. Kommunen sine vurderingar må tilleggast stor vekt i forvaltninga av verneområde. Det er viktig at Sunnfjord kommune får delta aktivt heilt frå starten av i utarbeiding av forvaltningsplanen.
6. Sunnfjord kommune tilrår at det vert oppretta eit verneområdestyre, med politiske representantar frå kvar av kommunane.

Med helsing

Sofrid Trå  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### Vedlegg:

Fråsegn/tilleggsuttale frå Sunnfjord kommune til høyring av Dalsfjorden marine verneområde

1711405



## Møtereferat

### Folkemøte – marint vern Dalsfjorden

Møtedato:	11.01.2023	Møtestad:	Bygstad samfunnshus
-----------	------------	-----------	---------------------

Møtt	Ikkje møtt
Eline Orheim (Statsforvaltar) Maria Knagenhjelm (Statsforvaltar)  Jenny Følling (ordførar) Terje Heggheim (kommunedirektør) Julie Daling (plan) Anne-Grete N. Rognsøy (idrett og friluftsliv) Sofrid Trå (idrett og friluftsliv)  Connie Hovlad + 2 til frå Fjaler kommune 1 tilsett frå Askvoll  Om lag 40 personar møtte opp.	

Møteleiar:	Eline Orheim/Jenny Følling	Møtereferent:	Sofrid Trå
------------	----------------------------	---------------	------------

#### Status

I samband med ny høyringsfrist for forslag om marint vern av Dalsfjorden var det ønske om eitt folkemøte i Bygstad.

Det kom om lag 40 personar inkludert politikarar og kommuneadministrasjon/Statsforvaltar til møte. Representantar frå kommuneadministrasjonen i Fjaler (3) /Askvoll (1) var også tilstade.



## Innspel i møte

- Ola Martin Kvalheim: Fryktar vern hindrar utvikling, og fører til lang sakshandsamingstid. Eksempel, fiber gjennom Dalsfjorden forseinka, grunna funn av verdfulle artar.  
Svar frå Statsforvaltar: Vernet er ikkje gjeldande endå, slik at vern er ikkje grunnen til forseinking i denne saka. Ved vern vil Statsforvalter gir dispensasjon til kablar og fiber, men det kan komme vilkår om tidspunkt for gjennomføring og trase. Statsforvaltar sjekkar om saka er hjå dei. Oddmund melder at fibersaka er handsama i formannskapet, og hjå Statsforvaltar.
- Bjørvikstranda, grunneigar: Enivest får ikkje bruke stolpane til Telenor, slik at dei kunne har kryssa fjorden på eitt kortare strekk med fiber.
- Jenny Følling: Sunnfjord kommunar har mykje verna område. Kor mykje vern skal ein kommune tote? Det fører med seg restriksjonar, forlenga søknadsprosessar. Får vernet økonomiske verkemiddel? Kva blir prosessen med nye arealplanar og tiltak, kva utvikling kan vi få til ut over det som allereie er planlagt.  
Svar frå Statsforvaltar:
  - Finansiering: Forvaltningsplan vert dekka av Statsforvaltar
  - Fordel med lokalt styre: Midlar å hente til lokale tiltak.
  - Kommunen har gjennom prosessen fått eitt betre kunnskapsgrunnlag om naturverdiane.
  - Søknad: Allereie krav om søknad gjennom ulike lovverk, t.d.. PBL.  
Kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar avgjer utfallet, både i verneforskita og etter andre lovverk.
  - KULA er ikkje eitt vern.
- Flytebrygger:
  - Innanfor vernegrensa, kan få dispensasjon dersom det ikkje påverkar botnen.
  - 2 m – store delar har brådjupe, slik at dei vert liggande innanfor vernegrensa.  
Flytebrygge må søkast på. Forvaltningsplan er eitt viktig styringsverktøy, der det er føringar for kva som må handsamast adm. og kva som må opp i styre. Søker ein plass, kommunen og statsforvaltar samarbeider.
- Forvaltningsplan: Kva friheit får kommunen?  
Svar frå Statsforvaltar: Forvaltningsplanen blir definert av forskrifta. Forutsigbarheit, og kor grundig saka må handsamast.
- Oddmund Klakegg: Bandlegging gjennom vern, bergensar bruk av naturressursgrunnlaget.

- Jonny Kårstad: Bruken av Dalsfjorden har fram til no vore på ein god og fornuftig måte. Ønsker å kunne bruke Dalsfjorden vidare. Turistskip, på over 25 meter, korleis kan desse ankre opp?  
Svar frå Statsforvaltar: Vil legge tiltrette for at det kan kome turistbåtar over 15 meter Forskifta skal tilpassast dette, og kor det er mest aktuelt. Ønsker innspel til faste plassar med bøyer (fastmerke) og liknande.
  - Anne Lilleåsen/ Bygstad utvikling: Oppatt av attraktivitet og næringsutvikling. Legge til rette for levande bygder.
  - Johannes Bjørvik: Lite om tiltak på land.  
Svar frå Statsforvaltar: Årsaka er at tiltak på landstrand ikkje er innanfor verneområde.
  - Forhold mellom forvaltningsplan og forskrift: Blir det forskjellar geografisk? Blir dette presistert i forvaltingsplanen?  
Svar frå Statsforvaltar: Kan differensiere på område, t.d.. avløps rør. Køyreregler for handsaming. Same søknad, to instansar må vurdere den.
  - Terje Heggheim: Informasjonsbehov. Viktig med ein god forvaltningsplan.
  - Connie Hovland, Fjaler: Viktig med samkøyring av søknad mellom instansane.
  - Jonny Kårstad: bekymring rundet byråkratiet. Vil det vera mogleg å legge til rette for å gå i land frå turistbåtar.  
Svar frå Statsforvaltar: Blir ikkje problem å gå i land. Vern og midlar mogleggjer betre tilrettelegging for besökande. Reiselivsnæringa kan dra fordelar med vern, det er opp til reiselivsnæringa lokalt å utnytte dette.
  - Gunnar Osland, geopark: Ønske om at inste del (Storehestplatået og omegn) skal innlemmast i parken. Ønsker å bruke Dalsfjorden til guida turar med veteranskip, er det problem med dette i høve utslepp av Co2?  
Svar frå Statsforvaltar: Blir ikkje restriksjonar i høve Co2 utslepp i verneforskrifta.
  - Statsforvaltar skal føreslå forvaltningsmynde, opp til direktoratet å vedta dette.
- Oppsummering:
- Forvaltningsplan; god involvering viktig
  - Søknader: Viktig at offentlege etatar samkøyrer, slik at ein søknad held.
  - Informasjon og dialog: Folkemøte er viktig og at det vert informert godt i den vidare prosessen.

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

---

**Dato** 01.02.2023  
**Vår referanse** 2022/18673-7  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Janne Grønli  
**E-post** Janne.Gronli@vlfk.no  
**Telefon** 48024186

## **Fråsegn - Marint vern i Dalsfjorden - Askvoll, Fjaler og Sunnfjord kommunar**

Vi viser til høyring av eit framlegg om Dalsfjorden marine verneområde i medhald av naturmangfaldlova § 39.

### **Bakgrunn**

Forslaget om marint vern i Dalsfjorden er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for komande generasjonar.

### **Uttale**

Vestland fylkeskomme har eit langsiktig arbeid gåande for å utbetre vegstandard på strekninga Dale – Storehaugen. Strekninga er ei av fleire strategisk viktige vegar for blant anna næringslivet og pendlarar.

Vi viser blant anna til gjeldande reguleringsplanar for Nistadlia – Strandanes og Strandanes – Setenes. Vi viser og til pågående arbeid med kommunedelplan for strekninga Båtevika – Storehaugen i Sunnfjord kommune.

Dersom planen medfører hindringar knytt til fylling for vegtrase og bygging av bru, er vi negative til dette. Vi legg til grunn at vi vert informert dersom det oppstår interessekonflikt i arbeidet.

Med helsing

**Ann Kristin Nes**  
leiar  
INV - Forvaltning Vestland

**Janne Grønli**  
overingeniør  
INV - Forvaltning Vestland

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Kopi til:

Gunnhild Sande



KYSTVERKET

Statsforvalteren i Vestland  
Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref  
2022/776-4

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Turid Susort Jansen

Dato  
23.06.2023

## Tilbakemelding om sjøtransport og ankring i Dalsfjorden - Vestland fylke

Kystverket vil med dette komme med tilleggsinformasjon til vår uttale, datert 20.4.2022, til Dalsfjorden marine verneområde. Vi viser i den sammenheng til teamsmøte 21.juni 2023, der tema blant annet var kartfestning av eksisterende ankringsområder i Dalsfjorden.

Kystverket ser frem til god dialog og ønsker å bidra til kunnskapsgrunnlaget. Vi vil nedenfor informere mer spesifikt om skipstrafikken i Dalsfjorden og bruk av ankringsområdene.

### Ankringsområder

Ankring er en naturlig del av ferdelsen på sjøen, og i utgangspunktet kan et fartøy ankre (fortøyes) der det blir vurdert som forsvarlig. Det er kaptein på fartøyet som velger sin plass å ankre ut fra informasjon om vind, vær, dybder og bunnbeskaffenhet, og ankringssymboler i sjøkartene.

Det er flere typer ankringsområder. *Ankringsområder i sin alminnelighet* vises oftest i sjøkart med ett ankersymbol. Dette signaliserer at forholdene (dybde, sediment) er egnet til oppankring av mindre fartøy. Kartverket har i dag registrert ca. 4500 ankersymbol i sjøkart langs norskekysten. *Ankringsområder for sjøtransporten* er områder som er brukes av nyttetrafikken, og da særlig lospliktige trafikk (fartøy over 70 meters lengde).

Ankringsområder for sjøtransporten vises i sjøkart med flere typer symbol alt etter bruk. Vi viser til *Symboler og forkortelser* i norske sjøkart side 48-49, link:


[file:///C:/Users/3400/Downloads/Symboler%20og%20forkortelser%20i%20norske%20sj%C3%B8kart%20\(3\).pdf](file:///C:/Users/3400/Downloads/Symboler%20og%20forkortelser%20i%20norske%20sj%C3%B8kart%20(3).pdf)

Kystverket har per i dag 111 *ankringsområder for sjøtransporten*, disse områdene ble kartfestet for over 20 år siden. Kystverket har satt i gang ett arbeid med å kvalitetssikre disse områdene og kartlegge andre områder som faktisk blir brukt til ankring av nyttetrafikken i dag. Flere av dagens ankringsområder kan ikke lengre nytes til ankring på grunn av sjøkabler og ledninger. Nyttetrafikken trenger sjøbunnområder som er egnet til ankring av større fartøy, dvs. dybde under 100 meter, sediment som kan holde anker og sjøbunn uten kabler og ledninger.


Ankringsområdene er viktige for sjøsikkerheten. Fartøy trenger områder der de kan søke shelter (ly for vær og vind), venteområder (for værvindu, ventetid for avtalt anløp ol.). Ankring kan også være aktuelt for fartøy som f.eks. venter på kaiplass, eller i forbindelse med manøvrering inn til kai.

Uten ankringsområder må fartøy ligge på *dynamisk posisjonering* (DP), som er en metode for å holde fartøyet i samme posisjon uten bruk av anker, men ved hjelp av fartøyets egne propeller. Dette vil medføre større utslipp til omgivelsene enn ved ankring. For fartøy som ikke har DP vil bruk av anker være eneste mulighet til å holde fartøyet i ro.


Kystverket har ved kvalitetssikring av viktige ankringsområder inkludert to arealer i Dalsfjorden, Fossevik og Røvika. Med økende maritim turistvirksomhet og cruisetrafikk er det viktig å ha tilgang på gode ankringsområder. Både Fossevik og Røvika er godt egnede steder for dette særlig knyttet til turistattraksjonen Laukelandsfossen. Det har ikke vært mye av denne trafikken i fjorden, men det forventes en økning. Annen trafikk vil også kunne ha behov for gode ankringsområder og disse to vurderes som de beste egnede for større fartøy i Dalsfjorden. Kystverket vil derfor sterkt anmode om at det ikke legges inn forbud mot ankring for disse to områdene.



Fossevik:




Røvika:



Vi vil også påpeke at fartøy kan ha behov for å ankre også ellers i fjorden og at ankringsforbud innebærer en uheldig begrensning som må veies opp mot nytten dette har for ivaretakelse av naturmangfoldet.


Det er Kartverkets sjødivisjon som har ansvar for sjøkartene. Når Kystverket har kvalitetssikret bruken av ankringsområdene vil vi melde dette inn til Kartverket. Kartverket tar en farlig vurdering om hva og hvordan dette skal symboliseres i sjøkartene.




### Nyttetrafikk i Dalsfjorden

Statistikk fra kystdatahuset.no viser AIS-sporing av fartøy for en satt tidsperiode. (AIS står for automatisk identifikasjonssystem). Illustrasjonene nedenfor viser trafikk over ei passeringsslinje, her er passeringsslinjen (rød strek) satt ved broen over Dalsfjorden.

Fartøy med AIS (over 24 meters lengde) i tidsperioden 2019-2022:



Passering etter lengdegruppe:




Dalsfjorden er moderat trafikkert av fartøy over 24 meter, med lengste lengde på fartøy på 119 meter. Dalsfjordbrua har en seilingshøyde på 34 meter, og begrenser skipstrafikken i forhold til størrelsen på fartøyene.

Seilingsmønster til de største fartøyene:



## Passering etter lengdegruppe:



## Oppsummering

Kystverket ønsker fortrinnsvis å beholde både Fossevik og Røvika som ankringsområdene, da begge er godt egnet for ankring. Det forventes en økende trafikk i Dalsfjorden, særlig knyttet til turistattraksjonen Laukelandsfossen. Annen trafikk vil også kunne ha behov for gode ankringsområder og disse to vurderes som de beste egnede for større fartøy i Dalsfjorden.

Ankringsområder for sjøtransporten som er avmerket i sjøkart fungerer som en form for «markedsføring» overfor sjøfarende, og det er rimelig å anta at gode og avmerkede ankringsområder vil redusere omfanget av mer tilfeldig ankring, og at dette derfor kan ha en positiv effekt for marint bunnmiljø i Dalsfjorden.

Kystverket vil derfor sterkt anmode om at det ikke legges inn forbud mot ankring for disse to områdene.

Med hilsen

Jan Morten Hansen  
avdelingsleder

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Maria Knagenhjelm



KYSTVERKET

Statsforvalteren i Vestland  
Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Vår ref  
2022/776-4

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Turid Susort Jansen

Dato  
23.06.2023

## Tilbakemelding om sjøtransport og ankring i Dalsfjorden - Vestland fylke

Kystverket vil med dette komme med tilleggsinformasjon til vår uttale, datert 20.4.2022, til Dalsfjorden marine verneområde. Vi viser i den sammenheng til teamsmøte 21.juni 2023, der tema blant annet var kartfesting av eksisterende ankringsområder i Dalsfjorden.

Kystverket ser frem til god dialog og ønsker å bidra til kunnskapsgrunnlaget. Vi vil nedenfor informere mer spesifikt om skipstrafikken i Dalsfjorden og bruk av ankringsområdene.

### Ankringsområder

Ankring er en naturlig del av ferdelsen på sjøen, og i utgangspunktet kan et fartøy ankre (fortøyes) der det blir vurdert som forsvarlig. Det er kaptein på fartøyet som velger sin plass å ankre ut fra informasjon om vind, vær, dybder og bunnbeskaffenhet, og ankringssymboler i sjøkartene.

Det er flere typer ankringsområder. *Ankringsområder i sin alminnelighet* vises oftest i sjøkart med ett ankersymbol. Dette signaliserer at forholdene (dybde, sediment) er egnet til oppankring av mindre fartøy. Kartverket har i dag registrert ca. 4500 ankersymbol i sjøkart langs norskekysten. *Ankringsområder for sjøtransporten* er områder som er brukes av nyttetrafikken, og da særlig lospliktige trafikk (fartøy over 70 meters lengde).

Ankringsområder for sjøtransporten vises i sjøkart med flere typer symbol alt etter bruk. Vi viser til *Symboler og forkortelser* i norske sjøkart side 48-49, link:


[file:///C:/Users/3400/Downloads/Symboler%20og%20forkortelser%20i%20norske%20sj%C3%B8kart%20\(3\).pdf](file:///C:/Users/3400/Downloads/Symboler%20og%20forkortelser%20i%20norske%20sj%C3%B8kart%20(3).pdf)

Kystverket har per i dag 111 *ankringsområder for sjøtransporten*, disse områdene ble kartfestet for over 20 år siden. Kystverket har satt i gang ett arbeid med å kvalitetssikre disse områdene og kartlegge andre områder som faktisk blir brukt til ankring av nyttetrafikken i dag. Flere av dagens ankringsområder kan ikke lengre nytes til ankring på grunn av sjøkabler og ledninger. Nyttetrafikken trenger sjøbunnområder som er egnet til ankring av større fartøy, dvs. dybde under 100 meter, sediment som kan holde anker og sjøbunn uten kabler og ledninger.


Ankringsområdene er viktige for sjøsikkerheten. Fartøy trenger områder der de kan søke shelter (ly for vær og vind), venteområder (for værvindu, ventetid for avtalt anløp ol.). Ankring kan også være aktuelt for fartøy som f.eks. venter på kaiplass, eller i forbindelse med manøvrering inn til kai.

Uten ankringsområder må fartøy ligge på *dynamisk posisjonering* (DP), som er en metode for å holde fartøyet i samme posisjon uten bruk av anker, men ved hjelp av fartøyets egne propeller. Dette vil medføre større utslipp til omgivelsene enn ved ankring. For fartøy som ikke har DP vil bruk av anker være eneste mulighet til å holde fartøyet i ro.


Kystverket har ved kvalitetssikring av viktige ankringsområder inkludert to arealer i Dalsfjorden, Fossevik og Røvika. Med økende maritim turistvirksomhet og cruisetrafikk er det viktig å ha tilgang på gode ankringsområder. Både Fossevik og Røvika er godt egnede steder for dette særlig knyttet til turistattraksjonen Laukelandsfossen. Det har ikke vært mye av denne trafikken i fjorden, men det forventes en økning. Annen trafikk vil også kunne ha behov for gode ankringsområder og disse to vurderes som de beste egnede for større fartøy i Dalsfjorden. Kystverket vil derfor sterkt anmode om at det ikke legges inn forbud mot ankring for disse to områdene.



Fossevik:




Røvika:



Vi vil også påpeke at fartøy kan ha behov for å ankre også ellers i fjorden og at ankringsforbud innebærer en uheldig begrensning som må veies opp mot nytten dette har for ivaretakelse av naturmangfoldet.


Det er Kartverkets sjødivisjon som har ansvar for sjøkartene. Når Kystverket har kvalitetssikret bruken av ankringsområdene vil vi melde dette inn til Kartverket. Kartverket tar en farlig vurdering om hva og hvordan dette skal symboliseres i sjøkartene.



### Nyttetrafikk i Dalsfjorden


Statistikk fra kystdatahuset.no viser AIS-sporing av fartøy for en satt tidsperiode. (AIS står for automatisk identifikasjonssystem). Illustrasjonene nedenfor viser trafikk over ei passeringsslinje, her er passeringsslinjen (rød strek) satt ved broen over Dalsfjorden.

Fartøy med AIS (over 24 meters lengde) i tidsperioden 2019-2022:



### Passering etter lengdegruppe:

Passeringer etter lengdegruppe




Dalsfjorden er moderat trafikkert av fartøy over 24 meter, med lengste lengde på fartøy på 119 meter. Dalsfjordbrua har en seilingshøyde på 34 meter, og begrenser skipstrafikken i forhold til størrelsen på fartøyene.

### Seilingsmønster til de største fartøyene:



## Passering etter lengdegruppe:



## Oppsummering

Kystverket ønsker fortrinnsvis å beholde både Fossevik og Røvika som ankringsområdene, da begge er godt egnet for ankring. Det forventes en økende trafikk i Dalsfjorden, særlig knyttet til turistattraksjonen Laukelandsfossen. Annen trafikk vil også kunne ha behov for gode ankringsområder og disse to vurderes som de beste egnede for større fartøy i Dalsfjorden.

Ankringsområder for sjøtransporten som er avmerket i sjøkart fungerer som en form for «markedsføring» overfor sjøfarende, og det er rimelig å anta at gode og avmerkede ankringsområder vil redusere omfanget av mer tilfeldig ankring, og at dette derfor kan ha en positiv effekt for marint bunnmiljø i Dalsfjorden.

Kystverket vil derfor sterkt anmode om at det ikke legges inn forbud mot ankring for disse to områdene.

Med hilsen

Jan Morten Hansen  
avdelingsleder

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:  
Maria Knagenhjelm